**Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

# Møteinnkalling

| Utval: | Kontrollutvalet i Samnanger kommune |
|---|---|
| Møtestad: | Fjernmøte - teams |
| Dato: | 19.05.2020 |
| Tid: | 14:00 |

For å avgrense spreiing av Covid-19 har Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) vedteke ei førebels forskrift om gjennomføring av fjernmøte i kommunar og fylkeskommunar: https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2020-03-13-277

På bakgrunn av dette skal møtet i kontrollutvalet i Samnanger kommune 19.05.2020 gjennomførast som videomøte ved bruk av Teams.

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Einar Ulla tlf. 971 90 734 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Einar Kåre Ulla møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Arild Røen

kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

## Sakliste

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off |
|---|---|---|---|
| | **Godkjenningssaker** | | |
| GK 6/20 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| GK 7/20 | Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.04.20 | 2019/94 | |
| | **Politiske saker** | | |
| PS 15/20 | Årsrekneskap 2019 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet | 2019/105 | |
| PS 16/20 | Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 - Prosessmøte 2 | 2019/96 | |
| PS 17/20 | Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 - Prosessmøte 2 | 2019/97 | |
| PS 18/20 | Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval | 2019/98 | |
| PS 19/20 | Eventuelt | 2020/79 | |
| | **Referatsaker** | | |
| RS 7/20 | 20/4322 Melding om vedtak - Val av revisor for Samnanger kommune | 2020/78 | |
| RS 8/20 | 20/4323 Melding om vedtak - Årsmelding for kontrollutvalet 2019 | 2020/128 | |
| RS 9/20 | 20/4324 Melding om vedtak - Varsel om arbeidstilhøva i Samnanger kommune | 2020/110 | |
| RS 10/20 | FKT - medlemsinformasjon mai 2020 | 2019/28 | |

## Godkjenningssaker

## GK 6/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Samnanger kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**
Saksframlegg

**Saknr:** 2019/94-5
**Saksbehandlar:** Einar Kåre Ulla

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Samnanger kommune | 7/20 | 19.05.2020 |

# Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.04.20

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.04.20 er vedlagt saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

" Skriv inn bakgrunn, saksopplysningar, historikk mv"

Vedtakskompetanse

"Skriv inn kva utval som har avgjerdsmynde med heimel"

Vurderingar og verknader

"Skriv eventuelt utfyllande om punkta over og andre tema og verknader her"

Konklusjon

"Skriv inn konklusjon"

Kontrollutvalet i Samnanger kommune

# Møteprotokoll

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Kontrollutvalet i Samnanger kommune |
| **Møtestad:** | Fjernmøte - telefonmøte |
| **Dato:** | 14.04.2020 |
| **Tid:** | 14:00 - 15:15 |

**Følgjande faste medlemer møtte:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Arild Røen | Leiar | H |
| Terje Hoseth Næss | Nestleiar | KRF |
| Silvana Amaral Da Silva | Medlem | BL |
| Svein Verner Røseth | Medlem | FRP |
| Anne Tandstad | Medlem | SP |

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|

**Følgjande varamedlemer møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Audun Johannes Yndestad | Anne Tandstad | FRP |

**Merknad**

Anne Tandstad vart vurdert som inhabil i sak 11/20 etter Forvl §6, 2. ledd. Første vararepresentant Anette Espelid kunne ikkje møte, og dermed vart 2.vararepresentant Audun Johannes Yndestad kalla inn.

**Andre som møtte**

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Knut Harald Frøland | Ordførar |
| Birte Bjørkelo | Forvaltningsrevisor, Deloitte (sak 11/20 |
| Kari Gåsemyr | Forvaltningsrevisor, Deloitte (sak 11/20) |
| Einar Ulla | Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune |

Arild Røen
utvalsleiar

Einar Kåre Ulla
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

# Sakliste

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off |
|---|---|---|---|
| | **Godkjenningssaker** | | |
| GK 4/20 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| GK 5/20 | Godkjenning av møteprotokollar få møta i kontrollutvalet 06.03.2020 og 12.03.2020 | 2019/94 | |
| | **Politiske saker** | | |
| PS 11/20 | Varsel om arbeidstilhøva i Samnanger kommune - status i arbeidet med undersøkingar omkring varselet | 2020/110 | |
| PS 12/20 | Årsmelding kontrollutvalet 2019 | 2020/128 | |
| PS 13/20 | Val av revisor for Samnanger kommune - tilråding frå kontrollutvalet | 2020/78 | |
| | **Referatsaker** | | |
| RS 4/20 | FKT - Informasjon om midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner 2020 | 2019/28 | |
| RS 5/20 | Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinformasjon mars 2020 | 2019/28 | |
| RS 6/20 | Kontrollrapport 2019 frå Skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune<br>Politiske saker | 2019/101 | |
| **PS 14/20** | **Eventuelt** | **2020/79** | |

Godkjenningssaker

GK 4/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

**Handsaming i møte**

Møteinnkalling vart sendt ut 03.04.20 via e-post. Innkallinga er også lagt ut på kommunen si heimeside Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste

**Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

GK 5/20 Godkjenning av møteprotokollar få møta i kontrollutvalet 06.03.2020 og 12.03.2020

**Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

**Handsaming i møte**

Det kom ingen merknadar til møteprotokoll frå møta i kontrollutvalet 06.03.20 og 12.03.20.

**Vedtak**

Møteprotokollar frå møta i kontrollutvalet 06.03.2020 og 12.03.2020 vart samrøystes vedtekne.

Politiske saker

PS 11/20 Varsel om arbeidstilhøva i Samnanger kommune - status i arbeidet med undersøkingar omkring varselet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek statusrapporten frå Deloitte til orientering.

**Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

**Handsaming i møte**

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 11-5, då det med stort sannsyn ville kome fram personalmessige opplysningar i møtet som er unntatt offentleg jf. Offl. § 13 jf forvl. § 13.

Deloitte orienterte deretter kontrollutvalet om status i arbeidet med dei undersøkingar som er gjort greie for i prosjektplanen (Vedlagt offentleg versjon). Kontrollutvalet fekk i møtet høve til å stille spørsmål til revisor vedr. framdrift, innhald i undersøkingane etc. Revisor vil halde kontrollutvalet orientert om framdrifta i prosjektet ved kommunikasjon mot leiar og sekretær.

Det vart under behandlinga i saka diskutert behov for tilleggsløyving til kontrollutvalet for å få gjennomført denne undersøkinga. Dette vil bli fremja for kommunestyret i møte 30. april.

Vedtaket i saka var samrøystes.

**Vedtak**

1. Kontrollutvalet tek statusrapporten frå Deloitte til orientering.

2. Kontrollutvalet ber kommunestyret om ei tilleggsløyving på kr. 200.000 for å få dekka kostnadane ved revisjon av varselet.

PS 12/20 Årsmelding kontrollutvalet 2019

**Forslag til innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet 2019.

**Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

**Handsaming i møte**

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera naturleg at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak, slik det og har vore gjort dei siste åra. Leiar i utvalet peikte på at eit namn mangla i utkastet til årsmelding som var utsendt. Dette er no ordna slik at Silvana Amaral Da Silva er nemnt i årsrapporten som medlem av utvalet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteken.

**Innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet 2019.

PS 13/20 Val av revisor for Samnanger kommune - tilråding frå kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret i Samnanger kommune vel………….som revisor frå 01.07.2020 til 30.06.2024

**Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

**Handsaming i møte**

Sekretariatet presenterte i møte 14.04.2020 munnleg forslag til val av revisor for Samnanger kommune for perioden 01.07.2020 – 30.06.2024 med grunngjeving i høve til dei tre tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteken

**Innstilling**

Kommunestyret i Samnanger kommune vel BDO AS som revisor frå 01.07.2020 til 30.06.2024

Referatsaker

RS 4/20 FKT - Informasjon om midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner 2020

**Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

**Handsaming i møte**

Vedtaket i saka var samrøystes.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 5/20 Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinformasjon mars 2020

**Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

**Handsaming i møte**

Vedtaket i saka var samrøystes.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 6/20 Kontrollrapport 2019 frå Skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune

**Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

**Handsaming i møte**

Vedtaket i saka var samrøystes.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.

Politiske saker

PS 14/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

**Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

**Handsaming i møte**

Det var ingen saker til behandling under eventuelt.

**Vedtak**

Ingen vedtak vart gjort.

**Politiske saker**

**PS 15/20 Årsrekneskap 2019 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet**

Samnanger kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**
Saksframlegg

**Saknr:** 2019/105-4
**Saksbehandlar:** Einar Kåre Ulla

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Samnanger kommune | 15/20 | 19.05.2020 |

# Årsrekneskap 2019 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap 2019
2. Kontrollutvalet ber rådmannen kome i møte i utvalet 28.09.2020 for å gjera greie for kva som er/vil bli gjort i høve tilrådingane som kjem fram i revisjonsrapport 2019 nr. 10 frå Deloitte

Samandrag

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Rådmannen si årsmelding skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er deretter formannskapet som innstiller overfor kommunestyret, i sak om årsrekneskapen. Kommunestyret skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova § 48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" § 10. Merk: Årsrekneskap og årsmelding for 2019 er revidert etter kommunelov av 1992.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap 2019
2 Årsmelding og årsrekneskap 2019 for Samnanger kommune
3 Revisjonsmelding Samnanger kommune 2019
4 Revisjonsrapport Samnanger kommune 2019

## Saksutgreiing

## Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Rådmannen si årsmelding skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er deretter formannskapet som innstiller overfor kommunestyret, i sak om rekneskapen. Kommunestyret skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" §10.

## Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse i denne saka. Dette følgjer av kommunelova § 48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" § 10.

## Vurderingar og verknader

Årsrekneskapen er lagt fram av rådmannen, og inneheld driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar og noteopplysningar.

Kommunen sin revisor, Deloitte, har lagt fram revisjonsmelding datert 20.04.20. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 163 997 506 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 20 105. Revisjonsmeldinga er å sjå på som "ei rein" revisjonsmelding når det gjeld konklusjonar om framstilling av den finansielle stillinga og for resultat, registrering og dokumentasjon av årsrekneskapen.

Deloitte har og lagt fram revisjonsrapport nr. 10, saman med revisjonsmeldinga. Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i kommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve tilrådingar til kommunen på forhold som bør og kan betrast. Kontrollutvalet bør i sin uttale oppmoda om å prioritere å sette fokus på dei forholda som er kommentert i revisjonsrapporten.

Revisor har følgjande kommentarar og tilrådingar i revisjonsrapporten:

> *Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentere enkelte tilhøve nedanfor. Desse vil ikkje ha konsekvens for revisjonsmeldinga vår.*
>
> ***Rutinar avstemming løn mot pensjonssystem***
> *Vår gjennomgang av avstemming mellom løns- og pensjonssystemet viser at kommunen ikkje har tilfredsstillande rutinar knytt til avstemming av informasjon i lønssystemet Agresso mot data i pensjonssystemet til KLP. Kommunen har ikkje gjennomført avstemming av informasjon i lønssystemet mot medlemsdata i pensjonssystemet per 31.12.2019. Det er også manglande oppfølging av tidlegare avvik avdekka i kontrollen, då vi kan sjå at det er dei same avvika i medlemskontrollen som er gjennomført 30.09.2019 og 06.12.2019.*
>
> ***Reiserekningar***
> *Vår gjennomgang av reiserekningar avdekka ei reiserekning med manglande original dokumentasjon for den aktuelle reisa. Vidare er det avdekka ei reiserekning utan påført formål. Dette er ikkje tilfredsstillande med omsyn til krava i skattebetalingsforskrifta § 5-6-12. Vi tilrår at kommunen gjennomgår rutinane sine og syter for at reiserekningar som vert bokført oppfyller krava i skattebetalingsforskrifta.*
>
> ***Fullmakter bank***
> *Gjennomgang av bankrutinar og bankoppgåver viser at det føreligg einefullmakter for betaling i bank. Vi er klar over at dobbel signering i bank vil vere ei utfordring i praksis, men vi tilrår kommunen å implementere slik rutine for å auke arbeidsdelinga. Vi viser og til rapport nr. 8 der same forhold vart omtala.*
>
> ***Rutinar oppfølging av uteståande kundefordringar***
> *I kundereskontro ligg det fleire gamle fordringar. Kundefordringar utgjer MNOK 3,4 per 31.12.2019, av desse er MNOK 0,3 forfalne i 2018 eller tidlegare. Manglande oppfølging*

*av kundefordringar kan medføre tapt inntekt. Vi tilrår kommunen å arbeide med jamleg oppfølging og purring av utestående kundefordringar. Vi ser at dette ikkje har blitt prioritert i 2019 på grunn av andre arbeidsoppgåver.*

Av rekneskapen for 2019 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er negativt med kr. 665 069 dvs. netto resultatgrad på -0,29 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 1,4 % i 2019. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet justert ned til 1,75%.

For Samnanger kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2015 ( - 0,4 %), 2016 ( + 1,97 %), 2017 (+2,66 %), 2018 (+1,38%) og 2019 (-0,29%). sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2019 ligg godt under tilrådinga frå TBU, og under landsgjennomsnittet. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekka. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.




Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 - 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn tilsvarande 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Samnanger kommune har ei lånegjeld tilsvarande 103,1 % av sum driftsinntekter. Samnanger kommune har såleis ei ganske høg lånegjeld sett i forhold til driftsinntektene. Lånegjelda var svært høg i høve til Riksrevisjonen sine tilrådingar i 2015, med 107,7%. Åra etter klarte kommunen å redusere gjelda gradvis, men i 2019 steig den frå 91,7% i 2018 til 103,1%.

Disposisjonsfondet (posten disposisjonsfond i balanserekneskapet) steig i 2019 til 4,2% av driftsinntektene mot 3,3% i 2018 og 2,58% i 2017. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%. Disposisjonsfondet ligg dermed litt under tilrådinga frå Riksrevisjonen, sjølv om det er styrka i 2019 samanlikna med åra før.

Rådmann skriv følgjande i årsmelding for 2019:

*Året 2019 vart eit utfordrande økonomisk år for Samnanger kommune. Kommunen leverte eit overskot på om lag 2,1 millionar kroner, inkludert avsetningar til disposisjonsfondet. Me klarte ikkje å levera heilt på drifta, og nedtrekka som me fann ved gjennomgang på einingane klarte me av ulike grunnar ikkje å effektuera. I tillegg så fekk me ein ekstra*

*kostnad på pensjon på beredskapsgodtgjersle til legane, som måtte etterbetalast heilt tilbake til 2016.*

2019 har vore eit år der me har implementert mange ulike verktøy og såleis tatt eit stort steg framover på digitalisering av mange prosessar.

*Alle desse verktøya har vore strengt nødvendige for at me skal kunna jobba meir effektivt i åra som kjem, og for at me skal kunna vera framsynte som er ein av verdiane våre. I tillegg så vil nye verktøy gje oss betre internkontroll på det me gjer i verksemda.*

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen og revisjonsmeldinga og revisjonsrapport frå revisor.

Rådmann, saman med sektorleiarane og økonomisjef har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2019. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5, som lyder:

*«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.»*

I den framlagde årsmeldinga finn ein at det i det alt vesentlege er gjort greie for desse tilhøva som er peika på i lova, men at ein ikkje kan sjå at diskriminering er omtalt noko særleg.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- netto driftsresultat
- kommunen si lånegjeld
- disposisjonsfondet
- uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapport

Konklusjon

Sekretariatet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2019 er negativt.

Kommunen har ei lånegjeld tilsvarande 103,1% av sum driftsinntekter. Samnanger kommune har såleis ei ganske høg lånegjeld sett i forhold til driftsinntektene..

Disposisjonsfondet til Samnanger kommune 2019 ligg litt under tilrådinga frå Riksrevisjonen, sjølv om det er styrka i 2019 samanlikna med åra før.

Årsmeldinga for 2019 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.

**Til Samnanger kommune v/ kommunestyret**

**ÅRSREKNESKAP 2019 FOR SAMNANGER KOMMUNE, UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.**

Kontrollutvalet har i møte 19.05.2020, behandla Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2019.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svara på spørsmål.

Av rekneskapen for 2019 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er negativ med kr. 665 069, dvs. netto resultatgrad på -0,29 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 1,9 % i 2019. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn tilsvarande 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Samnanger kommune har ei lånegjeld tilsvarande 103,1 % av sum driftsinntekter. Samnanger kommune har såleis ei ganske høg lånegjeld sett i forhold til driftsinntektene. Lånegjelda var svært høg i høve til Riksrevisjonen sine tilrådingar i 2015, med 107,7%. Åra etter klarte kommunen å redusere gjelda gradvis, men i 2019 steig den frå 91,7% i 2018 til 103,1%.

Disposisjonsfondet steig i 2019 til 4,2% av driftsinntektene mot 3,3% i 2018 og 2,58% i 2017. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%. Disposisjonsfondet ligg dermed litt under tilrådinga frå Riksrevisjonen, sjølv om det er styrka i 2019 samanlikna med åra før.

Rådmann skriv følgjande i årsmelding for 2019:

> *Året 2019 vart eit utfordrande økonomisk år for Samnanger kommune. Kommunen leverte eit overskot på om lag 2,1 millionar kroner, inkludert avsetningar til disposisjonsfondet. Me klarte ikkje å levera heilt på drifta, og nedtrekka som me fann ved gjennomgang på einingane klarte me av ulike grunnar ikkje å effektuera. I tillegg så fekk me ein ekstra kostnad på pensjon på beredskapsgodtgjersle til legane, som måtte etterbetalast heilt tilbake til 2016.*
>
> *2019 har vore eit år der me har implementert mange ulike verktøy og såleis tatt eit stort steg framover på digitalisering av mange prosessar.*
>
> *Alle desse verktøya har vore strengt nødvendige for at me skal kunna jobba meir effektivt i åra som kjem, og for at me skal kunna vera framsynte som er ein av verdiane våre. I tillegg så vil nye verktøy gje oss betre internkontroll på det me gjer i verksemda*

Kontrollutvalet har merka seg at det er levert ei såkalla «rein» revisjonsmelding. Opplysningane i revisjonsrapport nr. 10 er ikkje så alvorlege at dei medfører atterhald eller presisering i revisjons – meldinga. Dette kjem mellom anna fram i revisjonsrapport nr. 10: *«Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen.*

*Vi vil likevel kommentere enkelte tilhøve nedanfor. Desse vil ikkje ha konsekvens for revisjons-meldinga vår.»* Kontrollutvalet vil rå til at kommunen prioriterar å setje fokus på forbetringsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 10 frå Deloitte.

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5 der det m.a. går fram at «å sikre betryggende kontroll», «etikk», «likestilling» og «diskriminering» skal omtalast.

I den framlagde årsmeldinga finn ein at det i det alt vesentlege er gjort greie for desse tilhøva som er peika på i lova, men at ein ikkje kan sjå at diskriminering er omtalt noko særleg.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, og årsmelding frå administrasjonen, samt revisjonsmelding og revisjonsrapport frå revisor. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

**Oppsummering og tilrådingar frå kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2019 er negativt.
- Kontrollutvalet merkar seg og at nivået på lånegjeld i 2019 er svært høgt, og at disposisjonsfondet er under tilrådd nivå.
- Kontrollutvalet vil presisera at tilrådingar frå revisor i revisjonsrapport nr. 10 må følgjast opp.
- Årsmeldinga for 2019 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

Ut over det som er nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 20.04.2020 og revisjonsrapport nr. 10, datert 15.04.2020, har kontrollutvalet ikkje merknader til Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2019.

Kontrollutvalet i Samnanger kommune 19. mai 2020.

Arild Røen
-Kontrollutvalsleiar-

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til : Samnanger kommune, formannskapet.

# Årsmelding 2019




*Foto: Catrin Langeland*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

# Innhald


| | |
|---|---|
| Rådmannen har ordet | side 3 |
| Driftsrekneskapen 2019 | side 9 |
| Vedlegg: Rekneskap 2019 | side 28 |
| Einingane sine årsmeldingar | side 33 |
| Sørvissenteret | side 33 |
| Teknisk forvaltning | side 37 |
| Teknisk drift | side 40 |
| Kultur | side 43 |
| Sjukeheim | side 48 |
| Heimetenesta | side 53 |
| Funksjonshemma | side 59 |
| NAV | side 63 |
| Helse | side 65 |
| Barnehage | side 68 |
| Samnanger barneskule | side 71 |
| Samnanger ungdomsskule | side 73 |
| Investeringar 2019 | side 77 |

**RÅDMANNEN**

**HAR**

**ORDET**

***KVALITET***

***TILLIT***

***FRAMSYNT***

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

## Rådmannen har ordet

Året 2019 vart eit utfordrane økonomisk år for Samnanger kommune. Kommunen leverte eit overskot på om lag 2,1 millionar kroner, inkludert avsetningar til disposisjonsfondet. Me klarte ikkje å levera heilt på drifta, og nedtrekka som me fann ved gjennomgang på einingane klarte me av ulike grunnar ikkje å effektuera. I tillegg så fekk me ein ekstra kostnad på pensjon på beredskapsgodtgjersle til legane, som måtte etterbetalast heilt tilbake til 2016.

2019 har vore eit år der me har implementert mange ulike verktøy og såleis tatt eit stort steg framover på digitalisering av mange prosessar. Mellom anna har me dei siste to åra implementert (eller me held på med implemetering av) følgjande verktøy/system:

**Økonomi**
Visma Økonomi
Kostrahjelp

**HR (lønn og personal)**
tidBANK
Visma ressursstyring *
Visma HR
Agresso timeregistrering
Motivati

**Skule**
Visma Flyt skule

**Rådmann**
Framsikt rapportering
Nytt intranett
Avvikssystem
e-signering
Acos-møteportal
Oppgradering websak
HK Data

**Barnehage**
Ny Vigilo

**Samfunnsutvikling**
Framsikt analyse

**) Innlesing av timelister frå Visma ressursstyring*

Alle desse verktøya har vore strengt nødvendige for at me skal kunna jobba meir effektivt i åra som kjem, og for at me skal kunna vera framsynte som er ein av verdiane våre. I tillegg så vil nye verktøy gje oss betre internkontroll på det me gjer i verksemda.



*Foto: Catrin Langeland*

I tillegg har me i 2019 hatt forvaltningsrevisjon på spesialundervising, der Deloitte har revidert rutinane og retningslinene våre opp mot kva me faktisk gjer. Her har me fått tilbakemeldingar på område me kan forbetra oss på. Rapporten frå Deloitte har vore innom kontrollutvalet og skal opp i kommunestyret i mars 2020 for behandling. Me har allereie begynt å arbeida med rutinar og prosessar på dette området, PPT og rådgjevar oppvekst gjer ein fantastisk flott jobb her. Hausten 2019 gjekk i stor grad med til budsjettarbeid og planlegging av satsingsområda i 2020. Me har dessverre ikkje klart i alle einingane å få til dei innsparingane me la inn i budsjettet for 2019.

Sjukefråværet me hadde fått ned i 2018 har me ikkje klart å halda på same nivå i 2019. Det er ulike grunnar til dette, og ein viktig faktor er at me har hatt svært mange pågåande prosjekt.

| TOTALT SJUKEFRÅVÆR PR. ÅR | | | |
|---|---|---|---|
| | Under 16 dagar | Over 16 dagar | Totalt sjukefråvær |
| 2017 | 1,73 % | 5,93 % | **7,65 %** |
| 2018 | 1,34 % | 5,34 % | **6,68 %** |
| 2019 | 2,30 % | 5,22 % | **7,52 %** |

| Fråvær pr. eining | Under 16 dagar | | | Over 16 dagar | | | Totalt fråvær | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2017 | 2018 | 2019 | 2017 | 2018 | 2019 | 2017 | 2018 | **2019** |
| Administrasjonen | 0,83 % | 1,71 % | 1,29 % | 0,04 % | 2,64 % | 5,01 % | 0,87 % | 4,35 % | 6,30 % |
| Barneskulen | 1,44 % | 1,25 % | 1,76 % | 7,14 % | 6,00 % | 4,55 % | 8,58 % | 7,26 % | 6,30 % |
| Ungdomsskulen | 1,78 % | 0,77 % | 0,97 % | 1,44 % | 5,50 % | 5,77 % | 3,22 % | 6,27 % | 6,73 % |
| Barnehagane | 1,92 % | 1,83 % | 3,21 % | 11,86 % | 10,58 % | 6,99 % | 13,78 % | 12,41 % | 10,20 % |
| Sjukeheimen | 1,82 % | 1,15 % | 2,58 % | 7,25 % | 4,30 % | 5,52 % | 9,07 % | 5,45 % | 8,10 % |
| Heimetenesta | 2,56 % | 1,74 % | 3,59 % | 8,12 % | 9,04 % | 8,03 % | 10,68 % | 10,78 % | 11,62 % |
| Funksjonshemma | 1,29 % | 1,05 % | 1,60 % | 1,97 % | 0,55 % | 6,17 % | 3,26 % | 1,59 % | 7,77 % |
| Helse | 2,08 % | 0,68 % | 2,46 % | 3,79 % | 3,67 % | 8,03 % | 5,87 % | 4,35 % | 10,48 % |
| NAV | 3,15 % | 0,00 % | 4,22 % | 5,24 % | 1,13 % | 2,14 % | 8,39 % | 1,13 % | 6,36 % |
| Teknisk forvaltning | 3,16 % | 1,80 % | 3,03 % | 5,53 % | 2,98 % | 17,09 % | 8,69 % | 4,78 % | 20,12 % |
| Teknisk drift | 0,85 % | 1,10 % | 1,57 % | 2,64 % | 2,30 % | 3,36 % | 3,49 % | 3,40 % | 4,93 % |
| Kultur | 1,14 % | 0,41 % | 0,71 % | 0,66 % | 0,00 % | 1,89 % | 1,80 % | 0,41 % | 2,59 % |

Det er svært positivt at langtidsfråværet i 2019 har gått litt ned. Derimot har kortidsfråværet dessverre gått opp. I 2020 må me jobba ytterlegare med å få ned fraværet og nærværet opp. Einingsleiarane må ta ytterlegare tak i dette i einingane/avdelingane sine.




**Likestilling**
Det er stor overvekt av kvinner blant dei tilsette i Samnanger. Med nokre få unnatak gjeld dette for alle einingane. Kommunen har ikkje konkrete målsettingar eller tiltaks-/handlingsplan knytt til å få ein jamnare kjønnsbalanse i einingane.

Kommunen har ikkje arbeidd systematisk med å kartleggja eventuelle skilnader mellom kvinner og menn med omsyn til løn eller andre arbeidsvilkår. Det er likevel klart at omfanget av deltidsarbeid er vesentleg større blant kvinner enn menn i kommunen. Dette gjeld truleg òg omfanget av uønska deltid.

**Bedriftshelseteneste**
Samnanger kommune kjøpte i 2019 bedriftshelsetenester frå Bedriftshelse1, på same måte som dei føregåande åra. Den samla kostnaden i 2019 var om lag 150 000 kroner. Kjøp av bedriftshelsetenester omfattar mellom anna helsekontrollar for grupper av tilsette, målingar/kartleggingar, bistand i enkeltsaker og deltaking på møte i arbeidsmiljøutvalet.

**Lokale lønnsforhandlingar**
Det vart i 201 9 berre gjennomført lokale lønnsforhandlingar for tilsette som er løna etter kapittel 3 og 5 i hovudtariffavtalen. Det vart ingen brot i forhandlingane.

Det vart i 2019 ikkje gjennomført lokale lønsforhandlingar for tilsette som er løna etter kapittel 4 i hovudtariffavtalen. Årsaka er at dei sentrale tariffpartane ikkje sette av midlar til dette i hovudtariffoppgjeret.

**Fellesarrangement for tilsette - bruk av velferdsmidlar**
Det var brukt ca 150 000 kroner til velferdstiltak for tilsette i 2019. Alle ansatte vart invitert til Samningakraft 2019, dette vart eit flott arrangement som me har fått svært gode tilbakemeldingar på.



**Internkontroll og etikk**
Det går fram i § 14-7 (d) i kommunelova at «*årsberetningene skal redegjøre for tiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard*».

Kapittel 2 i personalvedtektene for Samnanger kommune omhandlar etiske prinsipp både for tilsette og folkevalde.

I tillegg til dei etiske prinsippa har Samnanger kommune òg retningslinjer og rutinar for ein del område, for å sikra god kontroll og redusera risikoen for regelbrot/korrupsjon. Døme på slike rutinar er:

- Alle ledige stillingar skal lysast ut anten eksternt eller internt.
- Det skal vera to underskrifter når rekningar for innkjøp av varer og tenester skal betalast (attestasjon og tilvising). Det same gjeld for godkjenning av timelister, reiserekningar m.m.
- Reglar for kva gåver dei tilsette kan ta imot/akseptera.

Når det gjeld innkjøp, vert nok lov og forskrift om offentlege innkjøp i ein del tilfelle opplevd som krevjande og tungvint å etterleva. Dette gjeld mellom anna fordi lova i ein del høve gjer innkjøpa dyrare og at ein kjem i situasjonar der ein ikkje har fleksibilitet til å finna fram til dei beste løysingane. I nokre tilfelle kan reglane også føra til at det tek svært lang tid å få kjøpt inn varer og tenester.

Samnanger kommune ønskjer å ha høg etisk standard også på mellommenneskelege relasjonar. Dette gjeld både mellom tilsette og brukarane, mellom tilsette og politikarar, mellom kollegaer og også mellom brukarane (til dømes elevar). Mobbing er også eit spørsmål om etikk. Leiarane har eit særleg ansvar for at dette vert etterlevd.

**Økonomikontoret**
Økonomikontoret hadde 1,9 årsverk i 2019, fordelt på tre tilsette (økonomisjef 100%, konsulent 75% og konsulent 15%). Dette var same bemanning som i 2018.

Det var planlagt å styrka økonomikontoret med ei ekstra stilling (controller/rådgjevar) hausten 2018, men dette vart ikkje gjennomført. Den ledige stillingsheimelen vart brukt til å oppretta stilling som rådgjevar (jurist) ved rådmannskontoret i 2019. Arbeidspresset her er svært stort og me er veldig sårbar ved sjukdom.

Økonomikontoret har frå hausten 2016 mellombels overteke lønns- og personalkontoret sitt ansvar for sjukefråværsregistrering og innkrevjing av sjukepengerefusjonar m.m. frå NAV. Dette er ei relativt stor tilleggsoppgåve, som økonomikontoret har hatt ansvaret for fram til hausten 2019. No er dette tilbakeført til lønn og personal.

**Sørvissenteret**
Den faste bemanninga ved sørvissenteret er 2,85 årsverk. Me ser at mengden av saker er aukande.

Sørvissenteret heldt i 2019 fram arbeidet med å henta inn arkiv/arkivmateriale frå einingane, og rydda og systematisera dette. Dette er eit svært omfattande arbeid, som vil måtte fortsetja i fleire år framover. Arbeidet omfattar alle fagsystem og alle sak-/arkivsystem i alle einingar og avdelingar i kommunen.
Dette utgjer omlag 400 hyllemeter papirbasert arkivmateriale. I tillegg vart det arbeida med å få overført elektroniske arkivdump frå avslutta fagsystem til Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH). Det vart i 2019 gjennomført tilsyn frå Arkivverket. Me fekk mykje skryt for arbeidet som har blitt gjort/blir gjort på sørvicesenteret, sjølv om me fekk nokre avvik som me må lukka. Arbeidet med lukking av desse avvika vil verta ferdigstilt i løpet av våren 2020.



**Lønns- og personalkontoret**
Bemanninga ved kontoret har vore 2 faste årsverk, og dette har vist seg å vera for lite. Det er stor arbeidsmengd, mykje manuelt arbeid og mange arbeisoppgåver det ikkje er mogleg å utsetta. Lønn, refusjonar, sjukefråværsopfølging, tilsettingar og rapporteringar må gjerast kvar månad, og krev mykje tid og ressursar.
Frå 1. juni 2019 fekk kontoret tilført ei 100 % stilling som lønnskonsulent. Dette har letta mykje av arbeid rundt lønn.

KLP-prosjektet «*Nøkkelen? Eg og du*» har vist gode resultat og prosjektgruppa har jobba godt saman. På siste samling i Oslo i september fekk prosjektet mykje skryt for framgang og resultat. Dette tek me med oss vidare inn i sluttfasen av prosjektet.

I byrjinga av året fekk lønns- og personalkontoret sett i gang elektronisk registrering og godkjenning av timelister for skuletilsette. Timelistene går direkte over i lønnssystemet og sparar lønns- og personalkontoret for mykje manuelt arbeid.

Lønns- og personalkontoret har i løpet av sommaren bytta ut tidregistreringsprogrammet som tilsette ved kommunehuset har brukt. Det nye systemet, tidBANK, vart tatt i bruk av alle tilsette på kommunehuset 1. mai 2019. Dette systemet gir betre oversikt for tilsette og leiarar og er meir brukarvennleg enn tidlegare system.

Det noverande lønnssystemet har over lengre tid skapt frustrasjon for tilsette som jobbar med lønn. Det er mellom anna på bakgrunn av dette bestemt at kommunen skal bytte lønns- og økonomisystem i 2020. Planlegginga av dette var godt i gang i 2019 og første lønnsutbetaling i nytt system blir i mai 2020.

**Av viktige hendingar i 2019 kan me nemna spesielt**:

- Skottabakken vert bygd, ferdigstilling mars 2020.
- Vedtak om ny gransking av seks barn knytta til tre ulike barnevernsaker.
- Implementering av ikt-drifta til IKT Nordhordland.
- Moglegheitsstudie veg Hagabotnane.
- Samningaveka og Samningakraft musikkfestival gjennomført med stor suksess.
- Kommunestyreval og nytt kommunestyre.



Det er viktig for rådmannen å retta **ein uendeleg stor takk til kvar og ein tilsett i kommunen** for den formidable jobben dei alle har vore med på i 2019.

Me har ein liten administrasjon som berre tel ca tolv personar når me rundar 2020, som står på kvar einaste dag frå tidleg til ofte langt på kveld for å gjera vårt ytterste for at me skal leggja til rette for at innbyggjarane, som er våre kundar, skal få gode tenester. Tusen takk til kvar og ein av dykk. Tilbakemeldingane frå innbyggjarane våre er stort sett veldig gode. Me har på det jamne gode tenester i alle einingar, men me legg oss ikkje bakpå av den grunn, og leitar kontinuerleg etter område me kan verte ytterlegare betre på.



*Foto: Inge Aasgaard*

FAKTA OM DRIFTS-REKNESKAPEN

**Overskot:**
Kr 20 105,04

**Netto driftsresultat:**
Kr 665 068,97

**Disposisjonsfond:**
Kr 9 718 860,95

**Netto overskot i % av brutto driftsinntekter:**
-0,29 %
(budsjettmål 1,66 %)

**Driftsinntekter:**
231,13 mnok

**Driftsutgifter:**
233,56 mnok

**Lånegjeld:**
253,16 mnok

# Driftsrekneskapen

Kommunen hadde i 2019 eit mindreforbruk på kr 20 105,04. Det er netto sett av kr 2 098 837 til disposisjonsfondet i 2019.

Samanlikna med opphavleg budsjett kan me oppsummert seia at overskotet skuldast:

(Eit tal i + er lågare inntekter eller auka utgifter, dvs. minus er bra)

| | |
|---|---|
| Skatt, ramme og inntektsutjamning | - 1,08 mnok |
| Eigedomsskatt | -0,10 mnok |
| Premieavvik | + 2,28 mnok |
| Einingane | + 2,28 mnok |
| Netto avsett til disp.fond inkl. resultat 2018 | -2,56 mnok |
| Konsesjonskraft | - 0,63 mnok |
| Renter og avdrag inkl. fordelte renter | -1,02 mnok |
| Havbruksfondet | + 0,38 mnok |
| Tilskot til flyktningar (IMDI) | + 0,42 mnok |

| Skatt og rammeinntekt | Skatt | Ramme | Sum |
|---|---|---|---|
| Opphavleg budsjett | -70 862 | -85 532 | -153 394 |
| Revidert budsjett | -67 462 | -88 492 | -155 954 |
| Rekneskap | -67 380 | -90 097 | -157 477 |
| Avvik mot opphavleg budsjett | 3 482 | -4 565 | -1 083 |
| Avvik mot revidert budsjett | 82 | -1 605 | -1 523 |

*Tal i heile tusen. Eit tal i + er lågare inntekt*

Kommunane i Noreg har samla hatt ein vekst i skatteinntektene på 4,8 % frå 2018. Bakgrunnen for høgare skatteinngang for kommunane er større vekst i sysselsetjinga og at utbytte til personlege skatteytarar er på eit høgt nivå òg for skatteåret 2019.

I Samnanger var veksten i skatteinntektene lågare enn snittet for landet og var på 2,9 %. I budsjettet for 2019 var det lagt til grunn ein skattevekst som for landsgjennomsnittet og samanlikna med opphavleg budsjett fekk kommunen eit avvik på 3,4 mnok.

Fordi veksten på landsbasis var betre enn for Samnanger kommune, er det meste kompensert som inntektsutjamning. Kommunen fekk 4,6 mnok meir enn i opphavleg budsjett. Kommunen sin skatteinngang, som inkluderer naturressursskatten,

er på 85,6 % av landsgjennomsnittet. Inkludert inntektsutjamninga er kommunen på 94,6 % av landsgjennomsnittet. Tilsvarande tal for 2018 er 86,6 % og 94,7 %.

Rammetilskotet (utanom inntektsutjamning) var i 2019 på 83,06 mnok. Dette er auke på 1,51 mnok. Auken frå 2018 er på 1,84 %. Deflator (pris- og kostnadsvekst) i statsbudsjettet for 2019 var på 2,8 %, justert opp til 3,1 % i revidert nasjonalbudsjett.

Samanlikna med 2018 fekk kommunen 4,36 mnok meir i inntekter frå ramme og skatt. Dvs. ein auke på 2,85 %. I 2018 var auken på 1,5 mnok. I tillegg fekk kommunen òg eit særskilt tilskot til barnevernsgransking og ekstraordinært vedlikehald Liavegen med til saman 1,4 mnok.

## Finansielle nøkkeltal

Det er tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsresultat i rekneskapen på minimum 1,75 % Årsaka til det anbefalte kravet er at kommunane skal kunna setja av midlar for å møta mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Dette er eit nøkkeltal Fylkesmannen er oppteken av.




Samnanger har i 2019 eit netto driftsresultat på minus 0,29 % av brutto driftsinntekter. Det var budsjettert med eit nettodriftsresultat på 1,66 %.

Kommunen har ein del bundne fond som er med og finansierer utgifter, spesielt innanfor sjølvkost. I tillegg vert det sett av til bunde fond dersom det vert gitt tilskot i løpet av året, men der utgifta først kjem året etter. Dersom me korrigerer for avsett og bruk av bunde fond, vil me få eit meir rett bilete av rekneskapen. Korrigert netto driftsresultat i % av korrigert brutto driftsinntekter vert 0,84 % for 2019, 1,42 % i 2018.

Premieavviket har vore ein del av kommunerekneskapen sidan 2002 og har bidratt positivt til rekneskapsresultatet kvart år i varierande grad. Dette er ei rein rekneskapsteknisk føring, og dersom me vel å korrigere for premieavviket i tillegg til å korrigere for bunde fond, vil nøkkeltalet endra seg frå positivt 0,84 % til negativt 0,67 %.

**Einingane**

Tabellen under viser revidert budsjett og rekneskap pr. ansvar summert pr eining. Eit tal i pluss er eit meirforbruk (underskot). Avvik er vist i kroner og % i forhold til revidert budsjett.

Totalt har einingane, rådmannskontoret inkl. barnevern og næring (konsesjonskraft) eit meirforbruk på 0,77 mnok i forhold til revidert budsjett. Dersom me ikkje tek med inntekt frå konsesjonskraft er meirforbruket på 1,4 mnok. Då er innsparing på barnevern 0,28 mnok med i summen.

På slutten av året vart det avdekka at det ikkje er betalt pensjon på vaktgodtgjering for legevakt (beredskapsvakt) på dagtid på vekedagar. Det kom ei regelendring i 2016 og pensjon inkl. arbeidsgjevaravgift er kostnadsrekna til kr 440 000 for perioden 2016 - 2019.

| Driftsrekneskap netto pr ansvar/ eining | Rekneskap 2019 | Rev.budsjett 2019 | Meirforbruk + | Avvik |
|---|---|---|---|---|
| Rådmannskontoret | 7 507 | 7 439 | | |
| Næringsføremål | -5 535 | -4 901 | | |
| Barnevern | 4 998 | 5 278 | | |
| Rådgjevar | 10 663 | 11 883 | | |
| Sum rådmann | 17 633 | 19 699 | -2 065 | -10,48 % |
| Politisk nivå og revisjon | 2 794 | 2 865 | -72 | -2,51 % |
| Samfunn og utvikling, adm. | 261 | 213 | | |
| Teknisk forvaltning | 8 633 | 8 503 | | |
| Teknisk drift | 13 025 | 11 675 | | |
| Eining for samfunnsutvikling | 21 919 | 20 392 | 1 527 | 7,49 % |
| Eining for helse | 11 710 | 11 328 | 382 | 3,38 % |
| Pleie og omsorg, adm. | 81 | 70 | | |
| Tenester for funksjonshemma | 10 415 | 9 748 | | |
| Sjukeheim | 22 500 | 21 717 | | |
| Heimetenester | 14 617 | 14 692 | | |
| Eining pleie og omsorg | 47 612 | 46 228 | 1 384 | 2,99 % |
| Barnehageeininga | 16 038 | 15 985 | 53 | 0,33 % |
| Samnanger barneskule | 21 830 | 21 919 | -89 | -0,41 % |
| Samnanger ungdomsskule | 10 512 | 10 723 | -212 | -1,97 % |
| Servicesenteret | 2 839 | 2 905 | | |
| Kultur | 6 848 | 6 907 | | |
| Nav og flyktningekontor | 5 237 | 5 247 | | |
| Eining for innbyggjarservice | 14 924 | 15 059 | -135 | -0,90 % |
| Sum einingar | 164 970 | 164 197 | 773 | 0,47 % |

*(meirforbruk +/ mindreforbruk -)(tala i 1.000 kr )*

I forhold til opphavleg budsjett har einingane brukt ca. 2,2 mnok meir enn budsjettert. Inntekt frå konsesjonskraft er halden utanfor. Totalt har einingane fått styrka budsjettet med 1,98 mnok i løpet av 2019. Noko av styrkinga er knytt til at einingar ikkje har klart det pålagte kuttet som var vedtatt, andre er knytt til uføresette utfordringar som har gitt kostnadsauke eller redusert inntekt. Det vart innført innkjøpsstopp hausten 2019 som varte ut året.

Oversikt over budsjettjustering i løpet av 2019, lønsaukejustering er ikkje med her.

| Eining / ansvar | Budsjettjustering (+ auka ramme) |
|---|---:|
| Rådmann | -1 100 000 |
| Politisk nivå og revisjon | 231 000 |
| Eining for samfunnsutvikling | -210 000 |
| Eining for helse | 0 |
| Eining pleie og omsorg | 670 000 |
| Barnehageeininga | 1 250 000 |
| Samnanger barneskule | 1 340 000 |
| Samnanger ungdomsskule | -150 000 |
| Eining for innbyggjarservice | -50 000 |
| Sum budsjettjustering | 1 981 000 |

Sjå elles einingane sine årsmeldingar for meir informasjon.

| Fordeling av brutto utgifter 2019 | |
|---|---|
| **Eining/teneste** | **Prosent av totale brutto utgifter** |
| Rådmann, administrasjon inkl. næring* og politisk nivå og revisjon | 12,98 % (11,58 %) |
| Barnevern | 3,17 % (2,66 %) |
| Samfunnsutvikling | 16,60 % (17,33 %) |
| Helseeininga | 5,56 % (5,84 %) |
| Pleie og omsorg | 25,77 % (27,00 %) |
| Barnehage og skule | 24,86 % (25,15 %) |
| Innbyggjarservice | 8,29 % (8,83 %) |
| Finans, lån, avdrag, skatt, ramme mm | 2,77 % (1,61 %) |

*Tal for 2018 i parentes * konsesjonskraft vert frå 2019 ikkje lenger ført netto inntekt.*

**Driftsutgifter**
Korleis kommunen brukar pengane:




Den største delen av dei kommunale utgiftene er løn og sosiale utgifter, og dette utgjer heile 68,51 %. I 2018 utgjorde det 68,98 %. I dette talet ligg og inntekt/utgift knytt til premieavvik og fond. Korrigert for premieavvik utgjer løn og sosiale utgifter 69,03 % i 2019.

Kjøp av vikartenester vert ført som varer/tenester i eigen produksjon. Det hender at kommunen ikkje får tilsett i vikarstillingar og må leiga inn frå vikarbyrå i staden. Dette vert spesielt brukt til å dekka opp behovet for ferievikarar. I 2019 er det kjøpt inn vikartenester for totalt 0,98 mnok. I 2018 var summen på 1,64 mnok. Bruk av innleigd vikar er i 2019 innanfor pleie og omsorg.

Oversikta under viser lønsutgifter inkl. sosiale utgifter korrigert for premieavvik og premiefond. Kjøp av vikarutgifter er tatt med og sjukerefusjon går til frådrag.

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Løn- og vikarutgifter | 140 958 | 139 604 | 142 533 | 146 220 | 154 734 | 156 535 |
| Sjukepengar | -4 961 | -5 368 | -5 452 | -7 190 | -8 456 | -7 429 |
| Netto løn | 135 997 | 134 236 | 137 081 | 139 030 | 146 278 | 149 106 |
| % auke | 3,13 % | -1,29 % | 2,12 % | 1,42 % | 5,21 % | 1,93 % |

*(tal i 1 000 kr)*

Kommunen hadde i 2019 ein auke i netto løn på 1,93 %. Lønsoppgjeret i 2019 var eit mellomoppgjer og KS har berekna lønsveksten i kommunal sektor i 2019 til 4,1 % for alle tilsette.

Kommunen har mottatt sjukerefusjon på 7, 43 mnok. Dette er 1,03 mnok mindre enn i 2018. Sjukefråværet er i 2019 på 7,52 % mot 6,68 % i 2018, 5,22 % av sjukefråveret er knytt til langtidsfråvær. Samanlikna med 2018 har korttidsfråværet auka, medan langttidsfråværet er redusert. Dette gir naturleg nok utslag på mottatt sjukerefusjon. I 2019 har det vore fokus på vidareutdanning både innan helse og oppvekst, og fleire tilsette har no fagbrev, spesielt i barnehage Det har vore stort fokus på sjukefråvær i barnehage og tiltak knytt til ergonomi og

førebygging av slitasjeskader. Dette har gitt effekt og sjukefråværet i eininga er redusert frå 12,41 % i 2018 til 10,2 % i 2019.
Arbeidet og fokuset på sjukefråver må oppretthaldast for at det skal gi resultat.

Driftsutgiftene i Samnanger kommune auka med 7,1 mnok samanlikna med 2018. Korrigert for kostnadsvekst på 3,1 % (deflator i revidert Statsbudsjett), er veksten på 0,5 mnok.

Det meste av auken er knytt til løn og sosiale utgifter (+ 4,99 mnok) . Her må me både ta omsyn til auka vikarutgifter (og sjukerefusjon) og til netto premieavvik som i 2019 er redusert med 2,5 mnok frå 2018. (netto premieavvik er ei inntekt). Korrigert for netto premieavvik var auken på 2,5 mnok.

**Brutto driftsutgifter - Samnanger og samanlikning med andre**
Tabellen under viser korleis Samnanger kommune har prioritert dei forskjellige områda over tid og samanliknar 2019 med kostragruppe 3 (KG 3) og kostragruppe 1 (KG 1).
"Helse og omsorg" omfattar tenestene i pleie og omsorg og helsetenestene.

Oversikta viser prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter til dei ulike områda, målt i høve til totale brutto driftsutgifter.

| | Samnanger | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | KG 3 2019 | KG 1 2019 |
| Adm. og styring | 8,2 | 8,1 | 7,8 | 8,3 | 8,4 | 8,7 | 8,8 | 8,8 | 8,1 |
| Barnehage | 12,4 | 11,8 | 11,5 | 11,1 | 11,0 | 11,2 | 11,3 | 8,4 | 10,8 |
| Skule | 20,4 | 20,5 | 20,9 | 20,6 | 20,0 | 19,9 | 19,4 | 17,1 | 20,8 |
| Helse og omsorg | 36,0 | 36,5 | 35,6 | 34,1 | 33,9 | 33,8 | 32,9 | 33,3 | 34,7 |
| Sosialtenesta samla | 2,4 | 2,2 | 2,1 | 2,5 | 3,7 | 3,6 | 3,0 | 3,2 | 3,4 |
| Barnevern | 3,7 | 3,5 | 3,4 | 4,7* | 2,8 | 2,7 | 2,8 | 2,7 | 3,4 |
| Kultur | 2,3 | 2,2 | 2,4 | 2,4 | 2,3 | 2,7 | 3,0 | 3,7 | 3,2 |
| Kyrkja | 1,4 | 1,4 | 1,4 | 1,4 | 1,4 | 1,5 | 1,5 | 1,0 | 1,0 |
| Næring | 0,8 | 0,6 | 0,6 | 0,9 | 1,4 | 0,7 | 2,0 | 3,3 | 2,1 |
| Samferdsle (veg) | 1,8 | 1,6 | 1,9 | 1,6 | 1,9 | 2,1 | 1,7 | 2,5 | 1,6 |
| Brann | 1,9 | 1,7 | 1,9 | 1,8 | 1,8 | 2,0 | 2,1 | 1,5 | 1,4 |

**Inkludert skuldig til Bufetat 3,5 mnok..*

Kommunane sine ulike prioriteringar kan vera som resultat av bevisste val av kva som skal prioriterast, men det kan òg vera som eit resultat av utfordringar eller effektivitet/mangel på effektivitet.

Frå 2014 vart Samnanger flytta over i KG 3, som gjeld små kommunar som har middels bundne kostnader, men med høge frie disponible inntekter pr. innbyggjar. Kommunen si tidlegare kostragruppe (KG 2) har middels frie disponible inntekter pr. innbyggjar. KG 1 har utgifter som i KG 2 og 3, men med låge inntekter. I SSB si oversikt for 2019 ligg kommunen framleis i KG 3, men i nokre av oversiktene kan det sjå ut til at kommunen er flytta over i KG 2. Me har valt å legge til grunn KG 3 som i 2018.

Det er naturleg at KG 1 har høg prosentvis fordeling og prioritering på område som barnehage, skule og helse og omsorg. Dette er kjerneverksemda i ein kommune og med låge frie disponible inntekter vil dei i stor grad bli brukt på desse områda. Det som er verdt å merka seg er at Samnanger kommune bruker ein større del av driftsutgiftene på barnehage enn både i KG 3 og KG 1. Samanlikna med KG 3 har kommunen prioritert barnehage, skule, barnevern (gransking), kyrkja og brann opp, medan for eksempel helse og omsorg er prioritert ned. Når det gjeld sosialtenesta har eininga (Nav) vore med på eit prosjekt som har gitt positive resultat. Utviklinga der mindre del av brutto utgifter går til sosialtenesta er både forventa og positivt. Samferdsel, som består av utgifter brukt på veg, kai og parkområde, har i 2019 lågare del av bruttoutgifter. Noko av dette heng saman med at det i 2019 har vore fleire større renoveringsprosjekt på veg som er ført i investering, noko som gjer at ressursane er brukt der og ikkje i drift.

**Driftsinntekter:**




Kommunen får 65,76 % (64,67 %) av inntektene frå rammetilskot og skatt. Eigedomsskatt utgjer 5,4 % (5,4 %) av inntektene og salsinntekter, som inkluderer konsesjonskraft, utgjer 13,3 % (12 %). (Tal for 2018 i parentes).

Kommunen sine inntekter har auka med 2,8 mnok frå 2018 til 2019. Dette er ein auke på 1,21 %. Korrigert for kostnadsvekst på 3,1 % (deflator) er det reelt sett ein reduksjon på 4,3 mnok.

Rammetilskot, skatt og inntektsutjamning har auka med 4,3 mnok, justert for kostnadsvekst er inntekta om lag som i 2018.

Salsinntekter har auka med 3,2 mnok. Dette er i hovudsak knytt til korleis sal og kjøpskostnad konsesjonskraft no vert ført. Til og med 2018 vart konsesjonskraft ført som netto inntekt. Endring i korleis inntekt no vert ført gir ei auka inntekt på 3,2 mnok til tross for at netto inntekt er om lag som i 2018. Andre inntekter har i snitt gitt lågare inntekt enn prisauken, for eksempel var prisane på gebyr knytt til vatn uendra i 2019 og gebyret for slam vart redusert.

Refusjon og tilskot er redusert med 1,8 mnok. Hovudforklaringa er lågare sjukerefusjon i 2019 enn i 2018. Tilskot til vaksenopplæring, vidareutdanning for lærarar og andre tilskot innanfor kultur vert ført her. Øyremerka tilskot som ikkje er nytta ved utgangen av 2019 er sett av på fond.

Andre overføringar som inkluderer tilskot frå Havbruksfondet er redusert med 3,1 mnok samanlikna med 2018. Kommunen har fått særskilt tilskot frå Fylkesmannen til gransking barnevern og til Liavegen med til saman 1,4 mnok. Tilskot frå Havbruksfondet er redusert med 2,08 mnok. Tilskot frå IMDI (Integrerings- og mangfoldighetsdirektoratet) er redusert med 2,12 mnok. Tilskotet vert trappa ned over ein periode på 5 år, i tillegg er det fleire av flyktningane som har flytta frå Samnanger.

**Frie inntekter**




Frie inntekter er inntekter som kommunane disponerer sjølv utan andre bindingar enn gjeldande lover og forskrifter. Inkludert her er skatt på inntekt og formue og rammetilskot. Eigedomsskatt er ikkje med.
Grafen viser utvikling i dei frie inntektene i kroner pr innbyggjar dei siste 5 åra samanlikna med KG 3 og KG 1. Samnanger er plassert i KG 3, som i snitt har kr 69 096 pr innbyggjar. Samnanger har i 2019 kr 63 371 pr innbyggjar. Dette er kr 5 725 mindre pr innbyggjar samanlikna med KG 3, i 2018 var differansen på kr 2 124.

Dersom me ser på frie inntekter inkludert eigedomsskatt, i % av brutto driftsinntekter, ser me at Samnanger har lågare andel andre inntekter, dvs. at kommunen i større grad enn kostragruppe 3 og 1 har inntekta frå ramme, skatt og eigedomsskatt. Andre driftsinntekter kan for eksempel vera statlege tilskot, sals- og leigeinntekter m.m. 9,5 % av inntektene er i 2019 andre driftsinntekter, medan KG 3 og 1 har henholdsvis 14 % og 13,4 %. Dette til tross for at for eksempel inntekt frå sal av konsesjonskraft utgjer 3,8 % av driftsinntektene i Samnanger mot 3,5 % i KG 3.

Oversikt over frie inntekter inkludert eigedomsskatt:

| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Samnanger** | 73,0 | 74,2 | 75,5 | 78,8 | 76,5 | 73,3 | 72,3 | 73,4 |
| **KG 3** | 65,5 | 64,9 | 66,3 | 65,1 | 64,2 | 63,8 | 61,8 | 62,8 |
| **KG 1** | 68,6 | 70,6 | 71,2 | 69,9 | 67,3 | 64,8 | 64,7 | 69,7 |

## Premiavvik og pensjonsfond

Premieavviket påverkar kommunen sitt resultat og dermed også rammevilkåra til kommunen. Premieavviket vert ført som pensjon, både som inntekt og utgift. Eit positivt premieavvik vert bokført som inntekt i år 0 og som utgift dei neste 7 åra som akkumulert premieavvik (tidlegare 15 og 10 år). Når me brukar av premiefond, vert årets premieavvik redusert med tilnærma same sum. Differansen mellom årets premieavvik og akkumulert premieavvik påverkar kommunen sitt resultat saman med bruk av premiefond.




Det vert eit positivt premieavvik (inntekt) dersom premieinnbetaling er større enn årets aktuarberekna netto pensjonskostnad. Premieinnbetalinga tek utgangspunkt i dagens situasjon med dagens medlemsbestand og dagens pensjonsgrunnlag. Den aktuarberekna netto pensjonskostnaden er ein rekneskapsstorleik som vert berekna ut frå økonomiske føresetnader om framtida (m.a. lønsvekst og pensjonsregulering).

Ved overgangen til KLP i 2014 vart det bestemt at me skal bruka av premiefond fortløpande til å betala faktura med. I 2019 vart det brukt 2,4 mnok av fondet. Når me brukar av fondet påverkar det årets premieavvik. Det er ikkje premiefond i SPK. For KLP og SPK vart premieavviket positivt med 3,2 mnok inkl. arbeidsgjevaravgift. Når me ser premiefond og premieavvik under eitt, har kommunen i 2019 ei ”inntekt” på 3,5 mnok (6,1 mnok  i 2018). Dette er om lag 1,2 mnok lågare enn i revidert budsjett.

## Finansplassering

Kommunen har pr 31.12.2019 kr 273 609,46 plassert i Pluss pengemarknadsfond. Verdien av fondet har auka med kr 4 479,57 i 2019, som er ein auke på 1,66 %.

### Finansutgifter - lånegjeld og renter




*2016: byggjelån 20 mnok betalt tilbake.*

Kommunen si lånegjeld har auka vesentleg dei siste åra. Grafen viser utviklinga der lånegjelda har auka frå 152 mnok i 2013 til 253 mnok i 2019. Av dette er 3,9 mnok startlån pr 31.12.2019 (4,2 mnok i 2018). Lånegjelda er inkludert unytta lånemidlar som pr. 31.12.2019 var på 11,7 mnok. Av dette er 2,3 mill. kroner unytta startlån. Unytta lånemidlar er lån som er tatt opp, men som pr 31.12 ikkje er nytta til finansiering. Kommunen må betala renter og evt. avdrag på unytta midlar. Dei unytta lånemidlane er i stor grad knytt til forseinking i prosjekt. Det er i 2019 tatt opp lån på til saman 30,48 mnok, av dette er det eit byggjelån på 10,48 mnok som skal betalst tilbake i 2020.

Grafen under viser netto lånegjeld pr. innbyggjar. Det vert samanlikna med kostragruppe 3 (KG 3) der Samnanger er plassert og med kostragruppe 1 (KG 1). KG 3 er 48 små kommunar med middels bundne kostnader og høge frie disponible inntekter. KG 1 (35 kommunar) er tilsvarande KG 3, men med låge frie disponible inntekter.

I denne oppstillinga er det tatt omsyn til ubrukte lånemidlar og lån som er vidareformidla (startlån). Kommunen har investert mykje dei siste åra og netto lånegjeld pr. innbyggjar har auka frå kr 43 465 i 2012 til kr 95 850 i 2019. Då er byggjelån på 10,49 mnok med. I 2018 var netto lånegjeld pr innbyggjar på kr 84 940. Tilbakebetaling av byggjelån på 20 mnok forklarer reduksjonen frå 2015 til 2016.



I ei slik oversikt der den eine variabelen er tal innbyggjarar, vil for eksempel lånegjeld pr innbyggjar auka dersom tal innbyggjarar vert redusert og lånegjeld er uendra. Tal innbyggjarar var ved utgangen av 2019 på 2485. Dette er opp 20 personar frå 2018. Netto lånegjeld har frå 2018 til 2019 auka med 28,81 mnok inkludert byggjelån.

Samnanger kommune har tre typar lån. Startlån vert tatt opp i Husbanken og skal lånast vidare til innbyggjarar som byggjer eller kjøper seg hus. Utgiftene til desse låna skal betalast av låntakar, men sidan det er ei viss tidsforskyving mellom når kommunen tar opp lånet og når det vert lånt ut vidare, vert delar av renter og avdrag på startlån ei driftsutgift for kommunen. Alternativt kan kommunen låna midlane ut til ein litt høgare rentesats og på den måten få dekka tap og omkostningar. Dette er ei ordning Samnanger kommune ikkje har nytta seg av. Kommunen tek òg risiko ved tap. Det er sett av kr 209 908 til eventuelt tap på startlån. Startlåna vert frå og med 2016 administrerte av Lindorff as.

Kommunen tek òg opp lån til sjølvkostområdet vatn og avløp (VA). Brukarar av desse tenestene skal betala kostnaden med å produsera for eksempel drikkevatn, men betaler ikkje direkte rente- og avdragsutgifter. Brukar sine utgifter er uavhengig av korleis nyinvesteringar vert finansierte.
For kommunen vil nedbetalingstid kontra avskrivingstid og rentedifferanse mellom lånerente og kalkulatorisk rente, kunna gje driftsutgifter utover sjølvkost. Den kalkulatoriske renta var på 2,3 % for 2019, lånerenta var ved utgangen av 2019 mellom 1,83 % og 2,47 %. 66 % av lånegjelda har fast rente pr 31.12.2019.

Grafen til høgre viser renter og avdrag som er ført i driftsrekneskapen. Startlån og byggjelånsrente/avdrag i investering er ikkje med. Det grafen viser er at det er avdragsutgiftene som har auka mest. Renta på lån har dei siste åra vore låg og gjer at kommunen sine renteutgifter ikkje har auka med meir enn 0,8 mnok frå 2013, til tross for at lånegjelda har auka med 101 mnok i same periode.
Avdragsutgiftene har auka frå 5 mnok i 2013 til 7,9 mnok i 2019. I 2019 vart det vedtatt å betala mindre avdrag enn det nedbetalingsplanen viste og avdraga vart redusert med 0,89 mnok. (0,5 mnok i 2018)
Pr 31.12.2019 er det 22 mnok der kommunen ikkje har starta å betala avdrag. Byggjelånet er ikkje med her.




Kommunen har til tross for vedtak om avdragsreduksjon, betalt 0,12 mnok over kravet om minimumsavdrag. Kommunen betaler lågare avdrag enn det fylkesmannen anbefaler om at avdragsutgifter på lån skal utgjera minimum 3,5 % av gjeld pr 31.12. I 2019 ligg Samnanger på 3,18 % (3,7 % i 2018), dvs. 0,79 mnok under kravet. Dette kravet tek ikkje omsyn til byggeperiode på prosjekt og/eller byggjelån.

Kommunen sin stramme økonomiske situasjon er årsaka til at det vart vedtatt å betala mindre i avdrag både i 2014 , 2015, 2016, 2018 og 2018. I 2017 vart det betalt avdrag som planlagt.

66 % av låna er tatt opp med bunden rente. Det betyr at 34 % av lånegjelda, dvs. 86,09 mnok, er sårbar for rentesvingingar. Kommunen har to måtar å redusera risikoen på. Den eine er å binda renta på større del av lånemassen. Dette vart gjort på større del av lånemassen i 2019. Rentesituasjonen var litt spesiell våren og sommaren 2019 og tilbodet om fastrente låg på nivå med forventa flytande rente. Kommunen valde derfor å auka rentebindingsdelen frå 30 % til 66 %. Dette vil gje større forutsigbarheit.

Sjå note 13 i rekneskapen for meir informasjon om rente på lån.

Kommunen får rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken på fleire område. I 2019 har kommunen fått kompensasjon til skule, omsorgsbustader og til lån til sokner\u00e5det. Totalt har kommunen mottatt kr 420 260 . Av dette gjeld kr 86 504 omsorgsbustader på Tysse, og desse pengane er vidareformidla til Samnanger eigedom.



## Inntekter frå kraftproduksjon

### Konsesjonskraft




Samnanger kommune sel 22 321,1 MWh/år. I 2019 selde kommunen krafta gjennom ei prissikringsavtale med Kinect Energy Spot as. Prisane i 2019 var jamt over høge og netto inntekt er på 5,6 mnok. Netto budsjett er på 4,9 mnok.

### Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftverk og er heimla i skatteloven §18-2. Den vert pålagt det einskilde kraftverket og vert utrekna på grunnlag av gjennomsnittleg produsert kraft dei siste sju åra, og den vil normalt ikkje variera mykje frå år til år.
Naturressursskatten utgjer 1,1 øre/kWh til kommunen og 0,2 øre/kWh til fylkeskommunen. Denne

satsen har stått uendra sidan 1997. LVK (Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar) arbeider for å få satsen indeksjustert. Naturressursskatten medfører ikkje noko auka skattebelastning for kraftføretaket, men sikrar at kommunen får ein meir stabil skatteinngang. Naturressursskatt inngår i staten si inntektsutjamning. Denne samordninga fører til at naturressursskatten vert fordelt på alle kommunane i landet inklusive eigarkommunane.
Frå 2018 vart fordeling av naturressursskatten endra og det er ikkje fordeling av etterskotspliktige til kommunen. Resultatet for Samnanger er at naturressursskatten på papiret auka med ca. 1 mnok, men inntekt frå skatt er redusert tilsvarande. I 2019 fekk kommunen 5,49 mnok i naturressursskatt (5,4 mnok i 2018 og 4,43 mnok i 2017).

**Konsesjonsavgift**
I ein kvar konsesjon for erverv av fallrettigheitar eller regulering av vassdrag vert konsesjonæren pålagt å betala dei kommunane det gjeld konsesjonsavgift. Konsesjonsavgift er delvis meint å gje kommunane ein del av verdien som vert skapt ved utbygging og/eller regulering, og delvis meint å vera ein kompensasjon for dei skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje vert erstatta på annan måte. Konsesjonsavgiftene kan på mange måtar samanliknast med miljøavgifter på andre samfunnsområde. Miljøulempene ved vasskraftutbygging er av lokal karakter og konsesjonsavgift vert betalt til kommunane som har miljøulempene.

Konsesjonsavgifta er basert på ei berekning av kraftverket sin teoretiske produksjonskapasitet, som vert fastsett ut frå fallhøgde og vassføring gjennom kraftverket. Summen er fast og vert indeksregulert kvart 5. år. I 2019 fekk Samnanger kommune kr 1 107 123 og summen er indeksjustert frå kr 979 457. Midlane er sett av på næringsfondet i samsvar med lokale vedtekter som er godkjent av fylkesmannen. Vedtektene må òg vera i samsvar med reglane om offentleg støtte jf. EØS-avtala. Konsesjonsavgift vert pålagt utbyggjar når konsesjon for utbygging er gjeve etter vassdragsreguleringsloven. Småkraftverk får ikkje slike pålegg.

Samla oversikt over inntekter knytt til kraftproduksjon og produksjonsrelatert nettanlegg:
*(tal i heile tusen):*

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Konsesjonskraft | 4 225 | 3 908 | 1 524 | 2 375 | 3 228 | 5 512 | 5 575 |
| Konsesjonsavgift | 898 | 979 | 979 | 979 | 979 | 979 | 1 107 |
| Naturressursskatt* | 4 370 | 4 388 | 4 275 | 4 382 | 4 426 | 5 429 | 5 490 |
| Eigedomsskatt knytt til kraftproduksjon (og produksjonsrelatert nettanlegg**) | 8 748 | 8 532 | 7 133 | 5 726 | 4 028 | 3 216 | 3 264 |
| **Sum inntekter** | **18 242** | **17 808** | **13 911** | **13 463** | **12 661** | **15 136** | **15 436** |

*inngår i inntektsutjamninga mellom kommunane ** tom 2018.

## Eigedomsskatt
I Samnanger kommune er det skrive ut eigedomsskatt på alle eigedomar i 2019. Den generelle satsen er på 7 promille og sats som gjeld bustadhus, fritidsbygg m.m. er på 2,4 promille. Botnfrådrag pr bustadeining er på kr 100 000.

Kommunen fekk i 2019 inn 13,1 mnok (12,3) i eigedomsskatt, av dette kjem 7,9 mnok (7,2) frå næring, 5,17 mnok (5,1) frå eigedomsskatt på hus og hytter. 2018-tal i parentes.

Eigedomsskatt er ei frivillig, kommunal skatteordning og inngår ikkje i inntektssystemet til kommunane, dvs. inntekta vert ikkje utjamna mellom kommunane.
Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar m.m. vert fastsett etter takst, medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av Sentralskattekontoret for Storbedrifter (SFS) kvart år. BKK har dei siste åra hatt større vedlikehaldsarbeid ved produksjonsanlegga i Samnanger. Dette har ført til at grunnlag for eigedomsskatt har vorte kraftig redusert og vil halda seg lågt i fleire år framover.



I tillegg til at grunnlaget er vorte redusert som følgje av vedlikehaldsarbeid, har prisane på kraft dei siste åra vore låge. Dette snudde i 2018 og prisen var òg høg i 2019. Prisen så langt i 2020 har vore unormalt låg. Prisane påverkar verdien av anlegget fordi det er dei siste 5 års rullerande spotmarknadsprisar som vert lagt til grunn. I 2017 fekk kommunen òg melding om at NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) hadde avdekka feil i fordelingsnøklane for BKK produksjon as sine produksjonsanlegg i Samnanger. Tidlegare var fordelinga for dei fleste anlegga 100 % til Samnanger. No skal ein del av inntekta gå til Kvam herad. Saman med Kvam har me fått kvalitetssjekka dette av advokatselskapet Lund & co, som ikkje finn at det er gjort noko feil. Skatteetaten har korrigert fordelingsnøklane for 2017 og me har fått melding om at dei ikkje på eige initiativ kjem til å gå fleire år tilbake. For 2019 betydde denne korrigeringa eit inntektstap på 0,3 mnok, på same nivå som i 2018.

Samla sett er grunnlaget for eigedomsskatt knytt til BKK sin kraftproduksjon i Samnanger meir enn halvert frå 2014. Grunnlaget var då på 1 215 mnok og no i 2019 er grunnlaget på 435 mnok. Dette gjev ein reduksjon i eigedomsskatt på 5,5 mnok frå 2014. I 2019 fekk kommunen ei auka inntekt knytt til endra grunnlag for 2018 på kr 195 248.

Sommaren 2017 vann Statnett ei sak i Høgsterett som gjeld avskrivingsmetode som påverkar verdivurdering av kraftlinjer og anlegg. Konsekvensen er at alle kommunar må taksere desse anlegga på nytt i samsvar med dommen i Høgsterett. Denne dommen vert kalla Statnett II-dommen. I Samnanger er Statnett si klage handsama i sakkunnig nemnd for eigedomsskatt 19.02.2020. Nemnda har lagt den nye planboka (SINTEF -2019) til grunn for ny takst, noko som gir auka eigedomsskatt for 2018 og 2019. I rekneskapen for 2019 er forsiktigheitsprinsippet brukt og det er lagt inn inntekt tilsvarande den lågaste taksten. Statnett har allereie signalisert at dei kjem til å sende klage. Differansen mellom høg og låg takst er på kr 479 000 i eigedomsskatt pr år. Dommen påverkar òg eigedomsskattegrunnlaget for BKK sine nettanlegg og for Kvam kraftverk. Begge desse anlegga får redusert eigedomsskatt frå og med 2018. Desse takstane er korrigert etter initiativ frå kommunen. Redusert skatt for BKK nett vert kr 231 000 pr år.

Kommunen får òg inntekter frå kraftstasjonane til Kraftkameratane, Dyrhovden energi og Kleivane energi.




Grafen til venstre viser eigedomsskatt frå kraftstasjonar i kommunen inkludert produksjonsrelatert nettanlegg som vart taksert i 2016, men som frå 2019 inngår i verdien på kraftanlegga.

LVK arbeider framleis for å forsøka å få fjerna makstaket som påverkar skattegrunnlaget for kraftverk. Makstaket har vorte indeksjustert dei siste åra, men så lenge eigedomsskattelova gjev eit makstak, vil kommunen gå glipp av store inntekter. Det er òg på dette området viktig at det vert arbeidd politisk dersom kommunane sitt krav skal få gjennomslag.

LVK arbeidar og med å få justert ned kapitaliseringsrenta til bruk ved fastsetting av eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk. Renta har stått uendra på 4,5 % i fleire år, til tross for det kraftige fallet i rentemarknaden dei siste åra og til tross for at samtlege andre renter til bruk til kraftskatteformål er blitt redusert. Høg kapitaliseringsrente gjer at eigedomsskattegrunnlaget på kraftverk vert redusert og kommunen får lågare inntekter. Den påverkar ikkje kva skatt kraftverket betalar totalt sett, men høg rente gjer at kommunane får mindre del av skatteinntekta og staten får meir. Samnanger kommune gav saman med mange andre kommunar høyringsuttale i 2017, men det er ikkje noko som så langt viser at det er vilje til endring hos styresmaktene.

Frå og med 2019 vil eigedomsskatt frå særskilt grunnlag bli trappa ned over ein periode på sju år. I 2019 er inntektstapet på kr 36 218. Særskilt grunnlag er for eksempel senderanlegg, breiband og produksjonsrelatert utstyr og liknande som det ikkje lenger skal betalast eigedomsskatt på. Dette vert trappa ned over sju år.

Det er mykje som tyder på at den lokale beskatningsretten (eigedomsskatten) er under press. I 2019 kom det framlegg om store omleggingar av fordeling av mellom anna eigedomsskatteinntekt frå kraftverk m.m., men dette framlegget vart til slutt skrinlagt.

Samnanger hadde i 2019 ein skatteinngang på 85,6 % (86,6 %) av landsgjennomsnittet og 94,6 % (94,7 %) etter inntektsutjamning. Inntekter frå eigedomsskatt er heilt avgjerande for å kunne gje gode tenester. Tal for 2018 i parentes.

# Fond

## Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet er kommunen sin buffer for å kunna møta uføresette utgifter og/eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt. Saldo pr. 31.12.2019 er kr 9 718 860,95 Av dette er det kr 100 000 disponert til arbeid med arealplan jf. KS vedtak 4/13 og kr 300 000 sett av til berekraftsutviklingsfond jf. KS-vedtak 61/2018. For meir detaljert informasjon, sjå note nr 7 i rekneskapen.




Disposisjonsfondet i % av brutto driftsinntekter er på 4,2 %. I KG 3 er det på 9,7 % og i KG 1 på 7,8 %. Disposisjonsfondet i Samnanger må aukast til 22 mnok for å vere på same nivået som i KG3.

## Fond Sima-Samnanger

Samnanger fekk 8,2 mnok i kompensasjon for ulemper påført i samband med bygging av kraftleidning mellom Sima og Samnanger. Det er gjennom Fylkesmannen avklart med departementet at desse midlane er å sjå på som øyremerka midlar som kan nyttast både til drift og investering. Fylkesmannen tilrår at midlane vert brukte til framtidige investeringar. Kommunestyret gjorde i sak 15/12 vedtak om bruk av midlane. Oversikt viser vedtak, bruk av fondet, omdisponering av opphavleg vedtak og nye vedtak/lån av fondet. Det er gjort vedtak om lån av midlar frå fondet på til saman 2,656 mnok. Pr 2018 er alt ført tilbake til fondet.

I 2019 er restmidlar til VVA Bjørkheim, midlar til musikkbinge og udisponerte midlar, til saman kr 345 402, omdisponert til Bjørkheim friluftsområde/badevik.

| | Vedtak KS 15/12 | Omdisponert | Sum 2012-2016 | 2 017 | 2 018 | 2019 | Sum | Rest |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Mottatt fond** | | | | | | | 8 213 509 | |
| **Bruk:** | | | | | | | | |
| **KS 15/12 Asfaltering** | 2 000 000 | | -2 000 000 | | | | *-2 000 000* | **0** |
| **KS 15/12 Musikkbinge** | 500 000 | -341 437 | -158 563 | | 0 | | *-158 563* | **0** |
| **KS 69/14 Omdisponert til veg til Totræna** | | 225 000 | -225 000 | | 0 | | *-225 000* | |
| **KS 15/12 Breiband, omdisponert KS 31/14** | 800 000 | -690 000 | -10 814 | -29 456 | -69 731 | | *-110 000* | **0** |
| **KS 31/14 VVA-Bjørkheim** | | 474 544 | -474 544 | | | | *-474 544* | **0** |
| **KS 15/12 Førebyggande ungdomsarbeid** | 1 500 000 | -597 158 | -323 523 | -90 000 | -31 332 | *-66 318* | *-511 173* | **391 669** |
| **KS 69/14 Motorcrossbane, omdisponert til Totræna kr 145 000** | | 0 | 0 | | | | *0* | **0** |
| **KS 80/16 Tilskot til Totræna** | | 145 000 | -145 000 | | | | *-145 000* | **0** |
| **KS 15/12 Kunstgrasbane** | 1 400 000 | 352 158 | 0 | -1 752 158 | | | *-1 752 158* | **0** |
| **KS 15/12 Veg til idrettsanlegget; endra finansiering til næringsfondet (KS 28/14).** | 2 000 000 | -589 000 | 0 | -80 643 | -296 225 | | *-376 868* | **1 034 132** |
| **KS 28/14 meirforbruk drift 2014** | | 589 000 | -589 000 | | | | *-589 000* | **0** |
| **KS 100/16 bibliotek** | | 100 000 | 0 | -100 000 | | | *-100 000* | **0** |
| **KS 61/18 badevik Bjørkheim** | | 345 402 | | | | | *0* | **345 402** |
| **KS 63/13& 57/14 Innføring eigedomsskatt (lån)*** | | | -1 300 000 | | | | *-1 300 000* | |
| **KS 12/15 17.06.15 Innføring av e-skatt (lån)** | | | -280 000 | | | | *-280 000* | |
| **KS 63/13 KLP EK-tilskot** | | | -1 076 000 | | | | *-1 076 000* | |
| **KS 100/16 tilbakeført til fond 2017** | | | 0 | | | | ***1 500 000*** | |
| **KS 58/17 tilbakeført til fond 2018** | | | | | | | ***1 156 000*** | |
| **Udisponert** | 13 509 | -13 509 | 0 | | | | *0* | **0** |
| **Sum vedtak/ bruk** | **8 213 509** | **0** | **-6 081 988** | **-2 052 256** | **-397 288** | **-66 318** | **-6 375 988** | **1 771 203** |
| **Resterande sum** | | | | | | | **1 771 203** | |

## Næringsfond

Av næringsfondet kan det ytast tilskot til investeringstiltak både til etablerte verksemder og verksemder under etablering. I 2019 kom det fire søknader frå private verksemder på til saman kr 136 000, som alle fekk positivt vedtak. Kr 96 000 er utbetalt i løpet av 2019, i tillegg er det utbetalt kr 60 000 som gjeld søknad i 2018. Søknadane gjaldt tilskot til mellom anna e-avis, utvikling og løypepreparering på Kvamskogen og Samningakraft. Tilskot som ikkje vert nytta i løpet av to år eller av andre grunnar står unytta, går tilbake til fondet. I 2019 er det ført tilbake kr 501 608.

| Bruk av næringsfondet | 2019 |
|---|---|
| Tilskot til private | 156 000 |
| Budsjett/ drift | 572 730 |
| Breiband | 255 000 |
| Fossen bratte | 145 000 |
| Planarbeid | 64 000 |
| **Sum bruk/ utbetalt** | **1 192 730** |

Kommunen brukar òg fondet aktivt til å finansiera eigne tiltak knytt til næringsverksemd. Eksempel på bruk er

arbeid/kartlegging av Fossen bratte, arbeid med samfunnsplan og reguleringsplan. Marknadsføring og kontingent/medlemsavgift i næringsretta organisasjonar vert òg ført her. 40 % stilling som vert brukt mot næringslivet vert finansiert med fondet. Budsjettert bruk var kr 665 000, bruk var på kr 522 729.

Pr 31.12.2019 er det kr 1 837 825 på kommunen sitt næringsfond som ikkje er disponert. Kr 440 705 er disponert, men ikkje utbetalt. Den største summen er kr 226 000 som gjeld arbeid med samfunnsdelplan og reguleringsplan. Arbeidet vart forseinka i 2019 og vil forsetja i 2020.

På kort sikt er det små moglegheiter til å styrka fondet ut over årleg konsesjonsavgift som skal setjast av og evt. tilbakeføring av forskotterte midlar på Lønnebakken. Det siste er avhengig av tomtesalet. Det er selt to tomtar i 2019 til kr 880 000, som er sett av til fondet. Konsesjonsavgifta var i 2019 kr 1 107 123 og vert indeksjustert kvart 5. år, sist no i 2019. Saldo lån av fondet til Lønnebakken er pr 31.12.2019 på 378 264.

**Investeringsfond**

Kommunen har to ubundne investeringsfond på til saman 10,0 mnok og fire bundne investeringsfond, to som er knytt til vatn/avløp på 0,45 mnok, eitt som gjeld Samnangerheimen på 2,15 mnok og eitt som gjeld idrettshall 1,85 mnok. Saldo på investeringsfond pr 31.12.2019 er kr 14 460 276,25.

Informasjonen er henta frå note 7 i rekneskapen:

| **Investeringsfond** | | | |
|---|---|---|---|
| **Konto 253.20.001** | Ubunde investeringsfond | 2 618 915 | |
| **Konto 253.20.002** | Nytt ubunde investeringsfond | 2 177 985 | |
| **Konto 255.20.001** | Investeringsfond Samnangerheimen | 2 668 842 | |
| **Konto 255.20.621** | Fond vatn/ avløp Hagamulen | 300 000 | |
| **Konto 255.20.500** | Fond tilskot idrettshall | 0 | |
| **Konto 255.20.620** | Fond nyanlegg vassverk | 151 129 | |
| **Saldo pr 01.01.2019** | | | **7 916 871** |
| **Tilgang:** | | | |
| **KS 61/18** | Forskottering av Tyssetunellen betalt tilbake | 1 750 000 | |
| **KS 61/18** | Sal prestebustad | 3 648 480 | |
| **KS 61/18** | Kunstgrasbane, tippemidlar | 1 300 000 | |
| **KS 86/19** | Tilskot til idrettshall | 1 847 500 | |
| | | | |
| **art 548*** | **Sum avsett fond** | | **8 545 980** |
| | | | |
| **Avgang:** | | | |
| **KS 9/19 & 86/19** | Visma (nytt økonomi og lønssystem) | -153 850 | |
| **KS 86/19** | IKTN | -130 000 | |
| **KS 86/19** | IKTN skule-pc | -100 000 | |
| **KS 61/16** | Uteområde ungdomsskulen | -90 080 | |
| **KS 32/19** | Hamnahaugen, renovering | -110 000 | |
| **KS 61/18** | Vegnummerering og skilt | -191 740 | |
| **KS 61/18** | Utstyr teknisk drift, veg | -120 000 | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **KS 61/18 & 86/19** | Jarland bru | -12 421 | |
| **KS 50/19** | Innfartsparkering Bjørkheim | -4 900 | |
| **KS 61/18 & 32/19** | KLP eigenkapitaltilksot | -569 568 | |
| **KS 61/18 & 38/18** | Arv Samnangerheimen | -520 015 | |
| | | | |
| **art 948*** | **Sum bruk av fond** | | -2 002 574 |
| | | | |
| **Utgåande balanse pr 31.12.2019 konto 253.20 og 255.20** | | | **14 460 276** |
| | | | |
| **Ubunde kapitalfond** | | | |
| **Konto 253.20.001** | Ubunde investeringsfond | 2 618 915 | |
| **Konto 253.20.002** | Nytt ubunde investeringsfond | 2 177 985 | |
| **Konto 255.20.003** | Investeringsfond Samnangerheimen | 2 668 842 | |
| **Konto 255.20.621** | Fond vatn/ avløp Hagamulen | 300 000 | |
| **Konto 255.20.500** | Fond tilskot idrettshall | 1 847 500 | |
| **Konto 255.20.620** | Fond nyanlegg vassverk | 151 129 | |
| **Saldo pr 01.01.2020** | | | **14 460 276,25** |

I budsjett 2020 er det lagt inn netto bruk av investeringsfond med 6,2 mnok. 2019 var siste året kommunen fekk refundert forskottering til Tyssetunellen.

## Balanserekneskapen

| Tall i 1 kroner | Noter | *Rekneskap 2019* | *Rekneskap 2018* |
|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | |
| **A. ANLEGGSMIDLER** | | | |
| Faste eiendommer og anlegg | 10 | 403 902 102 | 375 310 377 |
| Utstyr, maskiner og transportmidler | 10 | 8 003 637 | 6 384 963 |
| Pensjonsmidler | 4 | 261 673 663 | 244 077 888 |
| Utlån | | 3 237 749 | 3 377 158 |
| Aksjer og andeler | 6b | 7 099 473 | 6 524 905 |
| **Sum anleggsmidler** | | **683 916 624** | **635 675 291** |
| **B. OMLØPSMIDLER** | | | |
| Kortsiktige fordringer | | 18 401 850 | 15 081 740 |
| Aksjer og andeler | 6b | 0 | 0 |
| Sertifikater | | 0 | 0 |
| Obligasjoner | | 0 | 0 |
| Kasse, postgiro, bankinnskudd | | 56 714 982 | 54 621 025 |
| Premieavvik | 4 | 13 963 462 | 13 592 318 |
| **Sum omløpsmidler** | | **89 080 294** | **83 295 083** |
| **Sum eiendeler** | | **772 996 918** | **718 970 374** |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **C. EGENKAPITAL** | | | |
| Disposisjonsfond | *7* | -9 718 861 | -7 620 024 |
| Bundne driftsfond | *7* | -7 915 129 | -9 636 136 |
| Ubundne investeringsfond | *7* | -10 012 820 | -7 765 742 |
| Bundne investeringsfond | *7* | -4 447 456 | -151 129 |
| Endring i regnskapsprinsipp drift (AK) | | 1 790 902 | 1 790 902 |
| Endring i regnskapsprinsipp kapital (AK) | | 0 | 0 |
| Regnskapsmessig mindreforbruk | 2 | -20 105 | -1 260 328 |
| Regnskapsmessig merforbruk | | 0 | 0 |
| Udisponert i investeringsregnskapet | | 0 | 0 |
| Udekket i investeringsregnskapet | | 0 | 0 |
| Kapitalkonto | 9 | -137 423 981 | -141 074 371 |
| **Sum egenkapital** | | **-167 747 450** | **-165 716 828** |
| **D. GJELD** | | | |
| **LANGSIKTIG GJELD** | | | |
| Ihendehaverobligasjonslån | | 0 | 0 |
| Pensjonsforpliktelser | 4 | -305 067 882 | -281 846 114 |
| Sertifikatlån | | 0 | 0 |
| Andre lån | 13 | -253 164 376 | -228 865 605 |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **-558 232 258** | **-510 711 719** |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Kassekredittlån | | 0 | 0 |
| Annen kortsiktig gjeld | | -45 844 713 | -40 665 792 |
| Premieavvik | 4 | -1 172 497 | -1 876 035 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | 13 | **-47 017 210** | **-42 541 827** |
| **Sum egenkapital og gjeld** | | **-772 996 918** | **-718 970 374** |
| **MEMORIAKONTI:** | | | |
| Ubrukte lånemidler | | 11 739 612 | 16 110 795 |
| Andre memoriakonti | | 1 351 826 | 2 180 623 |
| Motkonto for memoriakontiene | | -13 091 438 | -18 291 418 |
| **Sum memoriakonti** | | **0** | **0** |

## Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapen

| Tall i 1 kroner | Regnskap 2019 | Regulert budsjett 2019 | Opprinnelig budsjett 2019 | Regnskap 2018 |
|---|---|---|---|---|
| **FRIE DISPONIBLE INNTEKTER** | | | | |
| Skatt på inntekter og formue | -61 889 367 | -63 192 000 | -66 592 000 | -60 026 677 |
| Ordinart rammetilskot | -90 097 493 | -88 492 000 | -85 532 000 | -87 660 358 |
| Skatt på eigedom | -12 522 197 | -12 411 161 | -12 421 161 | -12 280 219 |
| Andre direkte eller indirekte skattar | -6 597 569 | -5 249 457 | -5 249 457 | -6 407 958 |
| Andre generelle statstilskot | -3 707 597 | -3 557 133 | -3 129 833 | -6 987 529 |
| **Sum frie disponible inntekter** | **-174 814 224** | **-172 901 751** | **-172 924 451** | **-173 362 740** |
| | | | | |
| **FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER** | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | -758 225 | -808 000 | -676 000 | -612 809 |
| Gevinst finansielle instrument | -4 480 | 0 | 0 | -3 369 |
| Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter | 4 229 119 | 4 749 000 | 4 749 000 | 4 280 037 |
| Tap finansielle instrumenter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 8 035 477 | 8 079 500 | 8 269 500 | 8 394 909 |
| **Netto finansinntekter/-utgifter** | **11 501 892** | **12 020 500** | **12 342 500** | **12 058 768** |
| | | | | |
| **AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER** | | | | |
| Til dekking av tidlegareårs rekneskapsmessig meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Til ubundne avsetningar | 4 452 093 | 4 452 093 | 5 295 765 | 2 541 160 |
| Til bundne avsetningar | 1 726 476 | 1 187 801 | 1 247 475 | 3 500 583 |
| Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk | -1 260 328 | -1 260 328 | 0 | -8 922 |
| Bruk av ubundne avsetningar | -1 275 931 | -1 382 000 | 0 | -750 000 |
| Bruk av bundne avsetningar | -4 327 483 | -4 286 894 | -2 953 993 | -3 560 097 |
| **Netto avsetninger** | **-685 174** | **-1 289 328** | **3 589 247** | **1 722 724** |
| | | | | |
| **FORDELING** | | | | |
| Overført til investeringsbudsjettet | 0 | 0 | 0 | 157 960 |
| Til fordeling drift | -163 997 506 | -162 170 579 | -156 992 704 | -159 423 288 |
| Sum fordelt til drift (frå skjema 1b) | 163 977 401 | 162 170 579 | 156 992 704 | 158 162 960 |
| **Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk** | **-20 105** | **0** | **0** | **-1 260 328** |

## Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapen

| Tall i 1 kroner | Regnskap 2019 | Regulert budsjett 2019 | Opprinnelig Budsjett 2019 | Regnskap 2018 |
|---|---|---|---|---|
| **FINANSIERINGSBEHOV** | | | | |
| Investeringar i annleggsmidlar | 48 665 984 | 55 797 341 | 63 703 763 | 12 095 913 |
| Utlån og forskotering | 23 836 893 | 23 837 325 | 23 941 000 | 24 257 137 |
| Avdrag på lån | 151 752 | 267 000 | 267 000 | 210 690 |
| Dekning av tidligere års udekket | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetningar | 9 425 980 | 8 995 455 | 6 697 955 | 7 036 876 |
| **Årets finansieringsbehov** | **82 080 609** | **88 897 121** | **94 609 718** | **43 600 616** |
| | | | | |
| **FINANSIERING** | | | | |
| Bruk av lånemidlar | -36 857 183 | -42 609 786 | -47 507 352 | -7 268 559 |
| Inntekter frå salg av anleggsmidlar | -4 698 750 | -4 250 000 | -3 800 000 | -4 207 078 |
| Tilskot til investeringar | -3 147 500 | -3 147 500 | -1 300 000 | -1 450 000 |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -9 145 525 | -9 145 510 | -11 235 366 | -2 482 166 |
| Mottekne avdrag på utlån og refusjonar | -25 151 752 | -25 267 000 | -26 667 000 | -25 473 183 |
| Andre inntekter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum ekstern finansiering** | **-79 000 710** | **-84 419 796** | **-90 509 718** | **-40 880 986** |
| | | | | |
| Overført frå driftsbudsjettet | 0 | 0 | 0 | -157 960 |
| Bruk av tidligere års udisponert | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av avsetningar | -3 079 899 | -4 477 325 | -4 100 000 | -2 561 670 |
| **Sum finansiering** | **-82 080 609** | **-88 897 121** | **-94 609 718** | **-43 600 616** |
| | | | | |
| **Udekket / Udisponert** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## Økonomisk oversikt - Drift

| Tall i 1 kroner | *Regnskap 2019* | *Regulert budsjett 2019* | *Opprinnelig budsjett 2019* | *Regnskap 2018* |
|---|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER** | | | | |
| Brukarbetaling | -7 895 530 | -7 926 126 | -7 396 000 | -7 722 627 |
| Andre salgs- og leigeinntekter | -22 771 541 | -22 728 925 | -20 177 483 | -19 755 454 |
| Overføringar med krav til motytelsar | -24 755 103 | -22 430 594 | -16 047 665 | -26 555 592 |
| Rammetilskot frå staten | -90 097 493 | -88 492 000 | -85 532 000 | -87 660 358 |
| Andre statlege overf. | -3 707 597 | -3 557 133 | -3 129 833 | -6 987 529 |
| Andre overføringar | -895 414 | -756 716 | -100 616 | -979 846 |
| Skatt på inntekt og formue | -61 889 367 | -63 192 000 | -66 592 000 | -60 026 677 |
| Eigedomsskatt | -12 522 197 | -12 411 161 | -12 421 161 | -12 280 219 |
| Andre direkte og inndirekte skattar | -6 597 569 | -5 249 457 | -5 249 457 | -6 407 958 |
| **Sum driftsinntekter** | **-231 131 812** | **-226 744 112** | **-216 646 215** | **-228 376 259** |
| **DRIFTSUTGIFTER** | | | | |
| Lønsutgifter | 119 956 308 | 117 396 091 | 111 270 096 | 116 568 044 |
| Sosialekostnader | 32 061 033 | 30 624 054 | 30 825 682 | 30 454 149 |
| Kjøp som inngår i kommunal prod. | 29 302 936 | 28 516 003 | 27 808 252 | 30 469 905 |
| Kjøp som erstattar eigen prod. | 24 011 508 | 24 091 682 | 25 750 820 | 24 105 782 |
| Overføringar | 15 847 252 | 16 105 374 | 5 774 882 | 12 281 602 |
| Avskrivingar | 13 264 632 | 13 298 154 | 13 351 945 | 13 293 138 |
| Fordelte utgifter | -884 065 | -720 264 | -715 264 | -730 553 |
| **Sum driftsutgifter** | **233 559 603** | **229 311 094** | **214 066 413** | **226 442 068** |
| **Brutto driftsresultat** | **2 427 791** | **2 566 982** | **-2 579 802** | **-1 934 192** |
| **EKSTERNE FINANSINNTEKTER** | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | -758 225 | -808 000 | -676 000 | -612 809 |
| Gevinst Finansielle instrumentyer (omløpsmidler) | -4 480 | 0 | 0 | -3 369 |
| Mottatte avdrag på lån | -12 072 | 0 | 0 | -19 350 |
| **Sum eksterne finansinntekter** | **-774 776** | **-808 000** | **-676 000** | **-635 529** |
| **EKSTERNE FINANSUTGIFTER** | | | | |
| Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter | 4 229 119 | 4 749 000 | 4 749 000 | 4 280 037 |
| Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdragsutgifter | 8 035 477 | 8 079 500 | 8 269 500 | 8 394 909 |
| Utlån | 12 090 | 0 | 0 | 46 899 |
| **Sum eksterne finansutgifter** | **12 276 686** | **12 828 500** | **13 018 500** | **12 721 845** |
| **Resultat eksterne finanstransaksjoner** | **11 501 910** | **12 020 500** | **12 342 500** | **12 086 317** |
| Motpost avskrivingar | -13 264 632 | -13 298 154 | -13 351 945 | -13 293 138 |
| **Netto driftsresultat** | **665 069** | **1 289 328** | **-3 589 247** | **-3 141 013** |
| **BRUK AV AVSETNINGER** | | | | |
| Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb | -1 260 328 | -1 260 328 | 0 | -8 922 |
| Bruk av disposisjonsfond | -1 275 931 | -1 382 000 | 0 | -750 000 |
| Bruk av bundne fond | -4 327 483 | -4 286 894 | -2 953 993 | -3 560 097 |
| **Sum bruk av avsetninger** | **-6 863 743** | **-6 929 222** | **-2 953 993** | **-4 319 018** |
| **AVSETNINGER** | | | | |
| Overføring til investeringsrekneskap | 0 | 0 | 0 | 157 960 |
| Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetning disposisjonsfond | 4 452 093 | 4 452 093 | 5 295 765 | 2 541 160 |
| Avsetning til bundne driftsfond | 1 726 476 | 1 187 801 | 1 247 475 | 3 500 583 |
| **Sum avsetninger** | **6 178 569** | **5 639 894** | **6 543 240** | **6 199 703** |
| **Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk** | **-20 105** | **0** | **0** | **-1 260 328** |
| Netto driftsresultat i % av driftsinntekter | -0,29 % | -0,57 % | 1,66 % | 1,38 % |

## Økonomisk oversikt - Investering

| Tall i 1 kroner | Rekneskap 2019 | Regulert budsjett 2019 | Opprinnelig budsjett 2019 | Rekneskap 2018 |
|---|---|---|---|---|
| **INNTEKTER** | | | | |
| Salg av driftsmidlar og fast eigedom | -4 698 750 | -4 250 000 | -3 800 000 | -4 207 078 |
| Andre salsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringar med krav til motyting | 0 | 0 | -1 400 000 | -262 493 |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -9 145 525 | -9 145 510 | -11 235 366 | -2 482 166 |
| Statlege overføringar | -1 300 000 | -1 300 000 | -1 300 000 | -1 200 000 |
| Andre overføringar | -1 847 500 | -1 847 500 | 0 | -250 000 |
| Renteinntekter, utbytte og eigaruttak | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum inntekter** | **-16 991 775** | **-16 543 010** | **-17 735 366** | **-8 401 737** |
| | | | | |
| **UTGIFTER** | | | | |
| Lønsutgifter | 722 961 | 567 282 | 517 482 | 338 518 |
| Sosiale utgifter | 255 304 | 196 370 | 179 270 | 96 411 |
| Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon | 37 188 227 | 44 534 211 | 51 117 677 | 8 870 882 |
| Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringar | 9 999 493 | 9 999 478 | 11 389 334 | 2 790 102 |
| Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 0 |
| Fordelte utgifter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum utgifter** | **48 665 984** | **55 797 341** | **63 703 763** | **12 095 913** |
| | | | | |
| **FINANSIERINGSTRANSAKSJONER** | | | | |
| Avdragsutgifter | 151 752 | 267 000 | 267 000 | 210 690 |
| Utlån | 23 262 325 | 23 262 325 | 23 250 000 | 23 625 000 |
| Kjøp av aksjar og andelar | 574 568 | 575 000 | 691 000 | 632 137 |
| Dekking av tidligere års udekket | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsatt til ubundne investeringsfond | 6 698 480 | 6 697 955 | 6 697 955 | 6 696 876 |
| Avsetningar til bundne investeringsfond | 2 727 500 | 2 297 500 | 0 | 340 000 |
| **Sum finansieringstransaksjoner** | **33 414 625** | **33 099 780** | **30 905 955** | **31 504 703** |
| | | | | |
| **Finansieringsbehov** | **65 088 834** | **72 354 111** | **76 874 352** | **35 198 879** |
| | | | | |
| **FINANSIERING** | | | | |
| Bruk av lån | -36 857 183 | -42 609 786 | -47 507 352 | -7 268 559 |
| Mottekne avdrag på utlån | -25 151 752 | -25 267 000 | -25 267 000 | -25 210 690 |
| Salg av aksjar og andelar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringar frå driftsrekneskap | 0 | 0 | 0 | -157 960 |
| Bruk av tidlegare års udisponert | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av disposisjonsfond | -1 077 325 | -1 077 325 | -1 060 000 | 0 |
| Bruk av bunde driftsfond | 0 | 0 | -345 402 | 0 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | -1 482 559 | -2 880 000 | -2 319 598 | -2 254 161 |
| Bruk av bundne investeringsfond | -520 015 | -520 000 | -375 000 | -307 509 |
| **Sum finansiering** | **-65 088 834** | **-72 354 111** | **-76 874 352** | **-35 198 879** |
| | | | | |
| **Udekket / Udisponert** | **0** | **0** | **0** | **0** |



**FAKTA OM AVDELINGA:**

**Avdelingsleiar:**
Marianne Soleng

**Netto driftsutgifter:**
2,83 mnok

**Avvik budsjett:**
0,07 mnok (mindreforbruk)

**Tal tilsette:**
3

**Tal årsverk:**
2,85

**Sjukefråvær:**
1,67%

**Tal brukarar:**
2485 innbyggjarar + kontortilsette i kommunen

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

**Sørvissenteret** (arkiv, sentralt postmottak, ekspedisjon og kundemottak for kommunehuset, innsyn (etter offentleglova og forvaltningslova), politisk sekretariat, gjennomføring av storting-, sametings-, kommunestyre- og fylkestingsval, handsaming av sal- og skjenkeløyver, serveringsløyver, tobakkssaker, val av meddommarar/ skjønnsmenn/ forliksråd, systemansvarleg for ei rekkje system og registre, tett samarbeid med IKT Nordhordland.)

**Brukarar: Utviklingstrekk innanfor avdelinga sine tenester**
Auka arbeidsoppgåver – sørvissenteret vert stadig meir involvert i dei ulike prosjekta i einingane og får stadig nye oppgåver. Dette krev mykje av dei tilsette og tek mykje tid.

Arkivarbeid – stadig meir av arkivarbeidet vert digitalt og dette krev at dei tilsette må tilegna seg mykje meir digital kunnskap enn tidlegare. Digitale verktøy vert kjøpt inn av einingane og sørvissenteret må jamnleg kvalitetssikre metadata.



Auka innsynsbestillingar – antal innsynsbestillingar har auka jamt dei siste åra. Innsynsbestillingane vert stadig meir omfattande og krevjande. Dette krev god kunnskap til lovverket for offentleg verksemd. Tilsette på sørvissenteret har difor i 2019 delteke på mellom anna kurs i offentleglova og forvaltningslova. Bistår også kommunen sin jurist.

Forvaltning av lovverk om alkohol – I 2019 har sørvissenteret hatt nokre krevjande skjenkesaker med nye problemstillingar å ta stilling til. Dette har vore svært tidskrevjande. Det viser seg at det er fleire av nabokommunane som har same utfordringane. Saksbehandlinga i sals- og skjenkesaker krev meir enn før og med eit lovverk i endring er det å halda seg oppdatert og delta på kurs meir viktig enn nokon gong.

Forvaltning av lovverk om tobakk – staten har innført nytt regelverk om sal av tobbakksvarer. Dette er det sørvissenteret som forvaltar. Det vert også krevd inn gebyr frå verksemder som sel slike typer varer.

**Avdelinga sine hovudmål/satsingsområde – måloppnåing**

- Hovudmålet til sørvissenteret er å drifte ei fagleg sterk avdeling som har tillit i organisasjonen og hos publikum.
- Det skal vera god kvalitet i alle ledd.
- Sørvissenteret skal vera nyskapande innan sitt felt.
- Drifta i avdelinga skal bera preg av effektive prosessar.
- Det skal leggjast stor vekt på arbeidsmiljøet i avdelinga.

**Tiltak for å betre arbeidsmiljø og gje lågare sjukefråvær**
Sørvissenteret har i årevis hatt veldig lågt sjukefråvær. Kommunen sitt mål for kontortilsette er sett til 3,5 %, noko som sørvissenteret ikkje har hatt problem med å halda.

Tabellen viser det totale sjukefråværet i avdelinga dei siste tre åra:

| 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|
| 2,42 % | 1,20 % | 1,67 % |

Leiar er oppteken av å halda fråværet lågt, også i åra som kjem. Avdelinga har jobba med å få på plass gode, tilpassa kontorplassar for dei tilsette. Fokus på god sitjestilling og riktig kontorbelysning er nokon av tiltaka me har jobba med i 2019.

Sørvissenteret er også ofte svært involvert i å arrangera sosiale tilstellingar på kommunehuset som påske- og julelunsj.

**Utfordringar:**
Arbeidsmengda og arbeidsoppgåvene har auka svært mykje dei siste åra, sjølv om bemanninga på 2,85 har vore det same.

I 2019 overtok sørvissenteret ansvaret for skanning og føring av dokument i fagsystemet Acos Cosdoc. Dette fagsystemet vert nytta av eining for pleie og omsorg samt av fysioterapi- og psykiatritenesta. Fagsystemet har ca. 6000 nye journalpostar pr. år, noko som utgjer om lag halvparten journalpostar som ein finn i kommunen sitt sak/ arkivsystem AcosWeb.

Dette er svært ressurskrevjande for sørvissenteret. Fagsystemet er ikkje godkjent for fullelektronisk arkivering, og har difor fremdeles tilhøyrande papirarkiv.

Ved overgangen til IKT Norhordland har Samnanger kommune fått ei rekkje nye datasystem og vore med i mange prosjekt. Sørvissenteret har difor arbeida mykje med IKT-oppgåver, spesielt det siste året.

Sørvissenteret forvaltar ei rekkje lover og forskrifter. Ved endringar i regelverk, er det viktig å halda seg oppdatert. Då lovverket gjeld så forskjellige tema kan det vera utfordrane å halda seg like oppdatert på alle «tema».

**Spesielle hendingar i 2019:**
Kommunestyre- og fylkestingsval - Det var sørvissenteret som gjennomførte dette valet i Samnanger kommune. 2 av dei tilsette deltok på opplæringa hos valgdirektoratet i Oslo. Sørvissenteret arbeidde intensivt med valet frå mars til oktober. Alt av forberedelsar og tilrettelegging vart gjort av sørvissenteret. Regelverket rundt gjennomføring av val er strengt, og det er viktig for demokratiet at dette vert gjort på rett måte. Det er svært krevjande for sørvissenteret å halda val i tillegg til at dagleg drift skal oppretthaldast. Bemanninga var den same som vanleg, difor vart det mykje overtid for dei tilsette i denne perioden.



Tilsyn av arkivverket – I mai 2019 hadde Samnanger kommune tilsyn av Arkivverket på arkivarbeidet. Her fekk kommunen nokre avvik som sørvissenteret no arbeider med å få på plass. Arkivplanen vert fullført og gode rutiner for arkivarbeid i einingane vil gjerast skriftleg. Ein handlingsplan for avlevering av elektronisk arkiv vil verta utarbeida saman med Interkommunalt arkiv Hordaland (IKAH).



**Mål 2019:**
Samla papirarkiv - Sørvissenteret hadde som mål å kartleggja og samla meir papirarkiv inn frå einingane.
Dette er eit omfattande arbeid som krev mykje tid og ressursar. Me har allikevel fått gjort eit godt stykke arbeid her, og henta arkivmateriale frå mellom anna skular, barnehagar, helsestasjon og pleie og omsorg.

Kompetanseheving - Eit av måla i avdelinga i 2019 var å heva arkivkompetansen hos dei tilsette. To av dei i avdelinga har starta vidareutdanning i 2019, og vil i september 2020 ha fullført Arkivskolen. Dette gjer til at alle tilsette i avdelinga då har denne utdanninga.



Sørvissenteret har i 2019 jobba med å få på plass ein arkivplan som kan vera eit godt verktøy for arkivarbeid ute i einingane. Dette arbeidet vil verta ferdigstilt i 2020.



*Medlem klimapartner*

**FAKTA OM EININGA**

**Einingsleiar:**
Kenth Opheim

**Netto utgifter:**
8,6 mnok

**Avvik mot rev.budsjett:**
0,13 mnok (meirforbruk)
1,53 %

**Tal tilsette:**
5 (+ 17 brannkonstablar)

**Sjukefråvær:**
20,12 %

**Tal årsverk:**
5 (+ 0,17 brann)

**Tal brukarar:**
2.485 innbyggarar

**Adresse til nettside:**
www.samnanger.no

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

# Eining Teknisk forvaltning

**Ansvarsområde**
Til teknisk forvaltning ligg bygge- og delingssaker, kart og oppmåling, plan, landbruksteneste, miljø og naturforvaltning, feiing, brann og redningsvesen. I tillegg er ei rekkje prosjekt òg lagt til eininga.

**Utviklingstrekk i 2019**
Teknisk forvaltning har eit svært vidt og tverrsektorielt ansvarsområde. Det er fem tilsette og eininga har høg kompetanse. Med over 30 ulike lokalt vedtekne prosjekt i tillegg til lovpålagte planar er det ikkje tilstrekkeleg med ressursar i eininga. Ein del av arbeidet krev spesialkompetanse, som eininga må hente inn frå eksterne. Eininga bør auka sin ingeniørkapasitet for å ta meir prosjektering og overordna planarbeid særskilt innan VVA. Kommuneplanarbeidet bør og delast opp i mindre planområde t.d. eigne kommunedelplaner for akvakultur og kystsona. Dette for å halde kravet om revisjon kvart fjerde år og ein oppdatert kommuneplan med delplanar.

**Eininga sine hovudmål/satsingsområde i 2019**
Satsingsområda i eininga kjem i tillegg til den daglege drifta og er oftast vedteke i budsjettet eller gjennom lokalt vedteke prosjekt. Dette er både små og store prosjekt som ofte går over fleire år:

- Utarbeide Planstrategi for dei neste fire åra – Vedtak februar 2020.
- Utarbeide Overordna Ros-analyse – utført og vedteken 2019.
- Datasenter i Børdalen – oppfølging av reguleringsplan – utført og vedteken 2019.
- Prosjektleiing – nytt busenter Skottabakken- vert avslutta våren/april 2020.
- Følgje opp kontinuerleg forureining og forsøpling – Utført både pålegg og oppryddingsarbeid 2019.
- Anbod for å leggja til rette badevik i Teigevika på Bjørkheim – Anbod i Doffin februar 2020.
- Trafikksikringstiltak; prosjektering av gangveg til Hagabotnane – Avtale med grunneigar er gjennomført og anbod vert sendt ut i februar 2020.
- Skilting – adresseskilt til hytter og underadressering i heile kommen- Utført ca 60% av prosjektet i 2019. Resten vert fullført i 2020.

- Matrikkel – oppdatere kommunenummer i tråd med nytt fylke – 90% fullført.
- ROS-analyse på brannstasjonen etter krav frå Arbeidstilsynet – fullført.
- Reiselivsutvikling ved Fossen bratte – prosjektoppfølging med nytt forprosjekt og parallelt med reguleringsplan VA-gangveg Eikedalen 2019-2020.



*Trafikksikringstiltak - Samnanger ungdomsskule*

**Måloppnåing i 2019 - *Kvalitet, Tillit og Framsynt***

Teknisk forvaltning forvalta i 2019 totalt om lag netto 8,6 mnok inkludert feiing som er eit sjølvkostområde. Totalt for teknisk forvaltning vart resultatet eit meirforbruk på 1,53 %. Eininga fekk i løpet av 2019 styrka budsjettet med kr 150 000, dette var i stor grad knytt til brann og beredskap. Eininga har ikkje fått inn budsjetterte gebyrinntekter. Meirutgiftene er særleg knytt til kostnader til nye kartoppdateringar i samband med samanslåinga til Vestland fylke. Noko av desse utgiftene vil òg koma i løpet av 2020.

| Teknisk forvaltning | 2018-Rekneskap | 2019-B revidert | 2019-Rekneskap | Avvik |
|---|---|---|---|---|
| Teknisk TF | 7 358 | 8 503 | 8 633 | 1,53 % |

Teknisk forvaltning har som mål å levera god kvalitet i sakshandsaminga ved å halde fristar og gje god rettleiing, og legge til rette for ei framsynt samfunnsutvikling. I 2019 hadde teknisk forvaltning eit sjukefråvær på 20,12 %. Dette har dessverre redusert noko av kapasiteten i eininga gjennom heile 2019. Oppgåvene har blitt fordelt på dei tre-fire andre personane på kontoret, noko som viser seg å vera uhaldbart over ein lenger periode. Vi har ikkje greidd å halde fristen for handsamingstida for nokon av sakene. Dette er spesielt på oppmålingssakene, og her har vi dessverre «mista» høvet til å krevja gebyr i ein del saker.

Det har ikkje vore seld tomtar i Øvre Rolvsvåg Industriområde i 2019, og interessa for kjøp av tomter i området er låg. Kommunen har få tomter att i Lønnebakken bustadfelt, men fått selt to tomter. Rolvsvåg bustadfelt har nokre ledige bustadtomter, men interessa er låg sjølv om tomteprisane er svært låge. Med så låg byggeaktivitet vart inntektsbudsjettet for 2019 altfor optimistisk. Ei viktig oppgåve for kommunen i 2020 og framover vert å ta ei aktiv rolle med å påvirke til bustadutbygging og næringsutvikling.

Bedriftshelsetenesta har kartlagt og risikovurdert arbeidsforholda i brannstasjonen. Rapporten viser at forholda for brannmannskapa ikkje er i tråd med gjeldande krav for HMS. Garasjen er heller ikkje i tråd med krav til miljø- og oljeforureining. I 2020 vil vi sjå på konkrete løysingar for ny brannstasjon eller rehabilitering av den gamle, samt innkjøp av branntankbil. Vi har no fått ei tilfredstillande bemanning i brannberedskapen 2019.

**Spesielle hendingar i 2019**

- Samanslåing av fylket til Vestland førte til mykje arbeid, som fekk store konsekvensar for matrikkelarbeidet og framtidig føring av gards- og bruksnummer i Samnanger.
- Berekraftsmåla til FN vart vedteke nasjonalt som føring for lokalt planleggingsarbeid. Berekraftsmål er innarbeidd i Folkehelserapporten og planstrategien kultur og samfunnsutvikling har arbeidd med i 2019.
- Samnanger kommune vart medlem av Klimapartner og kommunen oppretta eit Berekraftfond.
- Samnanger kommune vart medlem av Visit Bjørnefjord – som er ei felles reiselivssatsing for Samnanger i lag med Os og Fusa (Bjørnefjorden) og Tysnes.
- Kommunen etablerte eit samarbeid om utvikling av Kvamskogen i lag med Næringshagen i Hardanger.
- Kommunen etablerte eit samarbeid om løypepreparering med Kvamskogen vel.
- Samnanger vedtok ei vidare satsing på å utvikle Fossen bratte som eit reislivsmål.



*Illustrasjon: ABO , Fossen bratte utsiktspunkt*


*HMS-tiltak - grasklippar*

**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Nils Jonny Skar

**Netto utgifter:**
13,03 mnok

**Brutto utgifter sjølvkost:**
10 mnok

**Avvik mot rev. budsjett:**
1,35 mnok
(Meirforbruk 11,56%)

**Tal tilsette:**
20

**Sjukefråvær:**
4,93%

**Tal årsverk:**
15,80

**Tal brukarar:**
2 485 innbyggarar

**Adresse til nettside:**
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

# Eining Teknisk drift

**Ansvarsområde**
Til eininga ligg drift av vatn- og avløp (sjølvkostområde), drift og vedlikehald av kommunale eigedommar, reinhaldstenesta, veg og kaiområde. I tillegg er ei rekkje større og mindre utbyggings- og vedlikehaldsprosjek òg lagt til eininga.

**Utviklingstrekk i 2019**
Teknisk drift har aukande behov for bistand frå teknisk forvaltning for det som gjeld å registrere og legge inn kommunale VA-leidningar i kart, ingeniør- og prosjekteringskompetanse. Ein årleg og fast sum til vedlikehald er avgjerande for korleis teknisk drift kan planlegge nødvendig oppgradering, halde bygga i tråd med både HMS og universell utforming. Slik det er no, er handlingsrommet svært avgrensa og det vert stort sett berre midlar til heilt nødvendige tiltak og lovpålagde pålegg. Skottabakken busenter kjem i drift våren 2020 og vil medføra auka behov for ressursar til både dagleg driftsoppgåver og reinhald.

**Eininga sine hovudmål/satsingsområde i 2019**
Satsingsområda i eininga kjem i tillegg til den daglege drifta og er oftast vedteke i budsjettet eller gjennom lokalt vedteke prosjekt. Dette er både mindre og krevjande utbyggingsprosjekt som ofte går over fleire år:

- Utføre tiltak i beredskapsplan for kommunalt vatn (ROS) - fullført 2019, og med unnatak av reservekjelde vassverk, som vert fullført i 2020.
- Effektivisering reinhald, registrere i FAMAC og innføre teamarbeid - utført.
- Liavegen - Sikring av utrasa mur delvis under vegen. Sikringa vart utført i 2019.
- Vedlikehald av «gamle» Skottabakken – fullført januar 2020.
- Vedlikehald ein leilegheit Hamnahaugen – oppussa og universelt tilrettelagt ferdig i okt 2019.
- Maling bassengbygget ved Ungdomsskulen.
- Anbod RAS-sikring Nordbygda/Skottabakken – fullført, arbeidet vert gjennomført våren 2020 når Skottabakken busenter er fullført.
- Rammeavtale for VA-oppgåver, vegutbetring mm i teknisk drift/VA-vedlikehald – fullført.
- Reparasjon bru Jarland – 10 % fullført i 2019 (fundament i elva), resten vert utført i 2020.

- Etablere nytt utjamningsbasseng i Nordbygda – ny veg er fullført og høgdebassenget vert bygt ferdig når Skottabakken er ferdigstilt (pga vassbehov for brann). Sjølvkostområdet.
- Sikring av fjellsida over vegen til ungdomsskulen. Fullført 2019 - finansiert med restmidlar frå sikring av Liavegen 2018.
- Rehabilitering av VA-leidningar: I vegen opp mot Skjervo er gamle anboringar fjerna og 4 eigedomar er no tilknytt eigen kran i ny vasskum. Nytt avløpsnett vart lagt samtidig med 2 nye kummar og avslutta med asfaltering av vegen. Utført juni-juli 2019. (sjølvkost).
- Hagabakkane - Utbetring og sikra etter raset i 2018. Finansiert av restmidlar frå vegsikring Liavegen 2018.
- Nordre del av Tveitaflaten er utbetra i 2019, med ny steinmur frå bekken og avslutta med ny kantsikring i betong. Vegen er delvis asfaltert, og det er planlagt vidare asfaltering av Tveitaflaten i 2020.
- Nyutløtrævegen vart kommunal i juni 2019. Vernetenesta føresette utbetring før brøytesesong. Nedre del av vegen vart rassikra og utbetra i tillegg til ulukkessving (HMS-avvik).



- Utbetra parti vart reasfaltert. Arbeidet var ferdig slutten av nov. 2019. Prosjektet vart finansiert med omdisponering av midlar frå teknisk drift sitt vegbudsjett.
- Etablere vatn og avløp Ytre -/Indre-Tysse – under arbeid i 2020-21.
- HC-toalett ved kyrkja – teknisk drift bistår kyrkja i arbeidet - vert ferdig vinteren 2020.

**Måloppnåing i 2019 - Kvalitet, Tillit og Framsynt**
Teknisk drift forvalta i 2019 totalt netto 13,02 mnok. Dette inkluderer og sjølvkostområde som vatn, avløp og slam. På avløp er no opparbeida fond brukt opp og avløp går i 2019 med eit meirforbruk på kr 466 640. Dette belastar driftsbudsjettet til kommunen. Meirforbruket kan førast tilbake i løpet av ein 5-års periode og vil vere avhengig av mindreforbruk i åra som kjem. På vatn er fondet redusert til kr 45 001. Meirforbruket på dette området skuldast utgifter til advokat på kr 83 236 som ikkje inngår i sjølvkostrekneskapen. Sjølvkostområde i Eikedalen VA går begge med eit mindre meirforbruk. Prisane frå 2020 er auka for å kunne dekke inn meirforbruka på sikt.

Totalt sett gjekk teknisk drift med eit meirforbruk på 1,35 mnok i 2019. Av dette ligg 0,59 mnok på sjølvkost. Resterande meirforbruk er i hovudsak knytt til bygg. Overskridinga skuldast hovudsakleg lovpålagde pålegg på tekniske anlegg med frist for utføring på dei fleste bygga våre, og nødvendig utskifting og reperasjon jamt over på alle bygga. Største overskriding er på Samnangerheimen med 200.000 kroner.

| Teknisk drift | 2018-Rekneskap | 2019-B revidert | 2019-Rekneskap | Avvik |
|---|---|---|---|---|
| Teknisk TD | 13 812 | 11 675 | 13 025 | 1 350 |

Totalt vart resultatet eit overforbruk på 11,56 %.

Teknisk drift har eit svært lågt sjukefråvær (4,93%) i 2019. Teknisk drift har som mål å levera tenestene sine med god kvalitet, til rett tid, vera utviklingsorientert og framsynt. Utfordringa er at arbeidsoppgåvene i stor grad avheng av kor mykje midlar dei får tildelt til vedlikehald og utbyggingsprosjekt. Teknisk drift opplever ofte at forventningane i einingane og ute blant innbyggarane er høgare enn det drifta har fått av midlar til rådigheit. Innkjøpsstopp som vart innført tidleg haust 2019 resulterte til at maling, skifting av kledning, opppussing, eller fornye til dømes varmepumper m.m. vart stoppa og sett på vent. Nokon av vedlikehaldsoppdraga var allereie bestilt og måtte fullførast. På reinhald var det gjennomført eit kutt i budsjettet tilnærma ei stilling. Kuttet vart først mogleg å gjennomføra i august med overføring av tilsette til andre oppgåver i andre einingar.

Det var ikkje mogleg å «fryse» budsjettet slik det vart forventa eller stoppe lovpålagde pålegg for utbetring av elektriske anlegg og nødvendige HMS-utbetringar på eit budsjett som var svært stramt frå før.

**Spesielle hendingar:**

- Ny grasklippar vart innkjøpt og har resultert i ei halvering av vedlikehaldet på uteområda. Dette har òg vist seg å vera eit svært vellukka HMS-tiltak for dei tilsette.
- Eininga innvigde gapahuken dei hadde laga i Hagabotnane med pølsefest og personalmøte, og feiring av 60-årsjubilant.



*Utrasa mur under Liavegen*



*Bolta mur - Liavegen*




**FAKTA OM AVDELINGA:**

**Avdelingsleiar:**
Meline Heimdal Haugland

**Netto driftsutgifter:**
6,85 mnok

**Avvik budsjett:**
0,06mnok (mindreforbruk)

**Tal tilsette:**
10 (fast tilsette)

**Tal årsverk:**
5,16

**Sjukefråvær:**
2,59%

**Tal brukarar:**
7449 besøk på biblioteket
76 elevplassar
2 485 innbyggarar

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

# Kultur

**Brukarar: Utviklingstrekk innanfor kultur sine tenester i 2019**
Kulturavdelinga har ansvar for kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv, kulturminne, stadnamn, kulturbasert næring, reiseliv, folkehelse, folkebibliotek, kulturskule og frivilligsentral.

Det har skjedd mykje positivt i kulturavdelinga dei seinare åra. Biblioteket er ein formidlings- og aktivitetsarena som gjer at me kan gjennomføra tiltak som me har ønskt oss lenge. Likevel er me kome til eit punkt kor det er viktig at me får «landa» planlagde prosjekt og følgja opp det som er sett i gong.

Kulturavdelinga har alle innbyggjarar som målgruppe. Me forsøker nå «alle» gjennom å vera tilretteleggar, samarbeidspart, bidragsytar og arrangør. Som arrangør må me prioritera aktivitetar og tilbod som er populære for å fordela ressursane våre på best mogleg vis.

**Barn og unge:** I løpet av 2019 har Ungdomsrådet (UR) fått fleire medlemar og er no fulltalig. Me har eit engasjert ungdomsråd. Det har lenge vore ønskje om ein plass «å henga» for ungdomen. Medlemene i UR har oppretta ei gruppe som jobbar med ungdomsklubb i biblioteket.

Sommarklubben 2019 har vore like stor suskess som i 2018. Dette er eit gratis aktivitetstilbod til barn som ikkje har andre planar i ferien. Bygdekinoen har hatt jamne besøkstal i løpet av året. I desember arrangerte kulturkontoret LAN-party i biblioteket kor 19 ungdomar deltok. Tilbakemeldingane har vore svært positive og fleire av deltakarane ønskjer å ha det oftare.

**Frivilligsentralen:** har hatt mykje variert aktivitet i 2019. Me har prøvd å nå ei brei målgruppe med det som er sett i gong. Aktivitetane til Frivilligsentralen er blitt tatt godt imot av innbyggjarane og har skapt gode møteplassar og nye kjennskap. Ein ny aktivitet i 2019 er «karalaget» som har vist seg å vera ein etterlengta møteplass for menn. Frivilligsentralen er innvilga ein god del i tilskot til ustyrsbanken. Av totalt kr 309 400 er kr 164 400 innvilga av Gjensidigestiftelsen i 2019. Frivilligsentralen er enno fersk og det gjenstår ein jobb med å marknadsføra kva tilbodet kan vera for innbyggjarane. Det vert jobba med ei Frivilligerklæring som me ønskjer å ferdigstilla så snart som råd.

**Biblioteket:** I 2019 var det 126 arrangement/treffpunkt i biblioteket kor det til saman møtte 2035 personar. Totalt kom det 7449 personar innom biblioteket, ei auke på ca. 1200 frå 2018. I tillegg kjem politiske møte og møte ved lag og organisasjonar. Utlånet ligg stabilt samanlikna med i fjor, men det generelle besøket og

aktiviteten i Høgspent'n har auka. Ein grunn til dette er den vellukka samlokaliseringa med frivilligsentralen. I 2019 fekk me sjølvbetjent utlånsautomat som er det første steg på veg mot målet om meirope bibliotek.

**Kulturskulen:** har ingen born på venteliste i 2019. Samnanger kulturskule har ei ramme på 30 undervisningstimar kor 28,5 går til instrumentundervisning og 1,5 går til drama. I tillegg får Samnanger skulemusikklag 8,5 timar til dirigent og 4. trinn 1 time undervisning i skulen. Kulturskulen sel òg 14,2 timar internt og eksternt (spaserstokken, barnehage, skule, korps). Frå skuleåret 18/19 har kulturskulen hatt tilbod om eige fordjupingsprogram (dobbel timeressurs).

På nasjonalt nivå er kulturskulen sine fag primært musikk, dans, teater, visuell kunst og skapande skriving. I Samnanger har me tilbod i faga musikk og drama/teater. Frå og med hausten 2019 har kulturavdelinga samarbeida med Flamenco talento om kurs i moderne dans og flamenco for barn i aldersgruppene 6-8 år og 9-13 år.

**Brukarar: Avdelinga sine hovudmål/satsingsområde i 2019 – måloppnåing**
Kulturavdelinga jobbar ut frå måla om «kultur for alle», «kulturskule for alle» og at Samnanger skal ha aktivitetstilbod til alle innbyggjarar i alle livsfasar. I 2019 har me konsentrert oss om aktivitetar gjennom frivilligsentralen og ser at det har effekt. Ei av oppgåvene til kulturavdelinga er å søkja tilskot til aktivitetar og prosjekt. I 2019 har me motteke kr 553 659 i tilskot.

Kvart år markerer kulturavdelinga kulturminneveka, friluftslivsveka, verdensdagen for psykisk helse og Samningaveko. Tabellen under viser meir av aktiviteten som kulturavdelinga har arrangert eller har bidrege til i 2019:

| **Hendingar** | **Målgruppe** | **Hendingar** |
|---|---|---|
| Fristidsklubben | Menneskje med nedsett funksjonsevne | Kvar veke |
| Tutti-Frutti (musikkøving) | Menneskje med nedsett funksjonsevne | Kvar veke |
| Besøksbarn på Samnangerheimen | Foreldre med små barn og eldre | 2 |
| Småbarnstreff | Foreldre og dei minsta barna | 8 |
| Den kulturelle skulesekken | Barneskule og ungdomsskule | 14 |
| Sommarklubben | Barn | Årleg |
| Vinteraktivitetsdag | Barn | Årleg |
| Aktivitetskveldar i biblioteket | Barn | 18 |
| Eventyrstund i biblioteket | Barn | 14 |
| Arrangement i biblioteket | Barn | 4 |
| UKM-lokalfestival | Ungdom | Årleg |
| UKM-fylkesfestival | Ungdom | Årleg |
| Møte i ungdomsrådet | Ungdom | 6 |
| Ungdomsklubb og neonfest | Ungdom | 3 |
| LAN-party | Ungdom | 1 |
| Arrangement i biblioteket | Ungdom | 1 |
| Ung jobb | Ungdom og oppdragsgjevarar | 2 |
| Arrangement i biblioteket | Vaksne | 11 |
| Bygdakinoen | Alle | 10 |
| Språktreff og kulturell aften | Alle (primært imigrantar) | 6 |
| Sy, strikk og skravl | Alle med interesse i handarbeid eller skravling | 14 |

| **Hendingar** | **Målgruppe** | **Hendingar** |
|---|---|---|
| TV-aksjonen | Alle | Årleg |
| 1-årsfeiring for frivilligsentralen | Alle | 1 |
| Felles fotturar v. frivilligsentralen | Alle | 2 |
| Laurdagsope bibliotek | Alle | 9 |
| Utstilling i biblioteket | Alle | 29 |
| Kulturskulen sommarkonsert | Alle | Årleg |
| Kulturskulen julekonsert | Alle | Årleg |
| Digital borgar | Seniorar (men ope for andre) | 8 |
| Den kulturelle spaserstokken | Seniorar og eldre | 7 |
| Vaktmeistertenester | Heimebuande eldre | 78 |
| «Syng med oss» | Dagsenter og sjukeheim | Kvar veka |
| Aktivitetsven | Menneskje med demens | * |
| Aktivitetstorg | Frivillige lag og organisasjonar | 1 |
| Hordablæsten | Kulturskuleelevar | Årleg |
| Kulturskuleinnslag | Ved arrangement/møter | 10-15 |

** 9 aktivitetsvenar gjennom frivilligsentralen som er aktivitetsvenn ca 2 gongar i mnd for kvar.*



*Sparebanken Vest deler ut midlar til frivillige lag og organisasjonar under Aktivitetstorget 31.08.2020.*

**Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**
I 2019 hadde kulturavdelinga eit sjukefråvær på totalt 2,59 %. Dette er ei auke på 2,18 % frå 2018 då sjukefråværet var 0,41 %. Ettersom me er få personar i avdelinga kan éi langtidsjukemelding gje stort utslag. Når det gjeld eigenmeldt sjukefråvær ligg me på 0,71 %.

Ut frå medarbeidarundersøkinga har kulturavdelinga jobba med *Faktor 7- Relevant kompetanseutvikling* i 2019. Me har vore på synfaring i Samnanger kommune for å auka lokalkunnskapen vår. Me har óg besøkt Furuset bibliotek og aktivitetshus og Stovner bibliotek i Oslo for inspirasjon og tips.

**Miljøtiltak og Energiøkonomisering:**
I biblioteket og frivilligsentralen sorterar me plast. Me passar på at mat som er att frå arrangement o.l. ikkje vert kasta, men kjem andre til gode.

**Spesielle hendingar i 2019:**
*Utdeling av kulturprisen* - Kulturprisen er Samnanger kommune sitt høve til å heidra personar eller lag/organisasjonar som gjer ein særskild fortenestefull innsats for kulturlivet i kommunen, eller for aktivt kulturarbeid over lengre tid. Prisen vert delt ut kvart fjerde år. I 2019 gav formannskapet prisen til Einar Dalseid og Vigleik Tysseland. Kulturprisen vart delt ut under Tyssedagen 1. juni.

*Aktivitetstorg for frivillige lag og organisasjonar* - I august arrangerte me Aktivitetstorget for frivillige lag og organisasjonar for første gong. Det var eit vellukka arrangement kor dei ulike laga fekk vist kva dei held på med. Gjennom planlegging av arrangementet fekk me ein god dialog mellom frivilligsentralen og dei ulike laga i kommunen.

*Samningaveko 1.-9. juni 2019* - Samningaveko vart arrangert for tredje gong i 2019. Frivillige, private, næringslivet og kommunen sytte for at innbyggjarar og tilreisande kunne få seg ei kulturoppleving kvar dag. Samningaveko opna med Tyssedagen på Ytre-Tysse og Samningakraft dagsfestival på Bjørkheim. Roar Brekke sitt stand up-show «All verdens tid» var scenearrangementet som trekte mest tilskodarar til biblioteket i 2019. I løpet av veka vart det gjennomført ca 19 enkeltarrangement.



*Konsert med Vassendgutane under Samningakraft dagsfestival på Bjørkheim. Foto: Inge Aasgaard.*

*Hordablæsten og NM i skulekorps janitsjar* - Satsinga på korps har gjeve oss eit tilbod me kan vera stolt av. I Hordablæsten fekk skulekorpset (hovudkorpset) 1. plass i 3. divisjon, slagverkarane fekk 3. gruppepris, juniorkorpset fekk 1. plass i ensemble og solistpris til jente i hovudkorpset. Mange av musikantane utmerkar seg som svært flinke solistar. Aspirantane var med på seminar og fekk spela på festkonserten for fullsatt Grieg-sal. I NM i juni vann hovudkorpset 1. plass i 3. divisjon for skulekorps janitsjar.

*Ung kultur møtes (UKM)* – Samnanger kommune arrangerer UKM-lokalfestival første helga i februar kvart år. Me er stolte over å kunna gjennomføra eige arrangement lokalt. I UKM 2019 kunne me senda vidare fleire gode innslag, mellom anna eldste dramagruppa som kom til fylkesfestivalen i Os. Dei var så flinke at dei fekk koma til landsfestivalen i Trondheim i juni.

*Jørgen Jeger og Erika Fatland i biblioteket* – Onsdag 9. januar inviterte biblioteket til forfattarmøte med Erika Fatland og boka hennar *Grensen*. Tysdag 26. november kom Jørgen Jæger til biblioteket for å presentera den nye krimboka si *Judaskysset*. Totalt var det rundt 100 personar som fekk med seg forfattarane.



*Språktreff og kulturell aften på Samnangerheimen 13.11.19 med spennande mat frå ulike land, nydelege nasjonaldrakter og flott underhaldning av kulturskulen.*

**Folkehelse**
Kommunen skal fremja folkehelse gjennom dei verkemidla me har på lokal utvikling, planlegging, forvaltning og tenesteyting. Folkehelsearbeid gjeld heile befolkninga og *me skal tenka helse i alt me gjer*. Hovudmålet til Samnanger er «Fleire gode leveår for alle».

**Kva er status på folkehelsa i Samnanger?**
I 2019 har Samnanger kommune utarbeida ein folkehelserapport. Folkehelserapport for Samnanger kommune 2019-2023 omfattar opplysningar om:

- Befolkningssamansetnad
- Oppvekst- og levekårtilhøve
- Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- Skadar og ulykker
- Helserelatert åtferd
- Helsetilstand

Ut frå offentlege statistikkbankar har me samla inn data som skal seie oss noko om status på folkehelsa i Samnanger kommune, samanlikna med landssnittet. Statistikken er deretter brukt som grunnlag for dialogmøte mellom folkehelsekoordinator, planleggjar og dei ulike fagområda i organisasjonen. I dialogmøta har me vurdert og identifisert kva utfordringar kommunen står ovanfor og konsentrert oss om desse. Me viser óg til positive resultat, men i mindre grad.

Folkehelserapporten skal ligga til grunn for kommunen sitt langsiktige folkehelsearbeid. Det skal vera med å danna grunnlag for arbeid med kommunal planstrategi, gje grunnlag for utarbeiding av andre kommunale planar, gje større forståing for årsakssamanhengar, støtta opp under lokale ressursar og fremja eit heilskapleg planarbeid. Når me veit kor utfordingane er veit me óg kor me må setja i gong tiltak.

Sjå www.samnanger.kommune.no for rapport. I Årsmelding 2020 vil kvar avdeling gje ei kort oppdatering på kva tiltak som er jobba med ut frå rapporten.



**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Janne Drevsjø

**Netto driftsutgifter:**
22,5 mnok

**Avvik mot rev.budsjett:**
0,78 mnok (meirforbruk)
6,84 %

**Inntekt sal til andre kommunar:**
1,31 mnok

**Tal fast tilsette:**
49
Tal vikarar:
14

**Sjukefråvær:**
8,10 %

**Tal årsverk:**
29

**Tal brukarar:**

| | |
|---|---|
| Korttidsopphald | 46 |
| Langtidsopphald | 19 |
| Avlasting | 2 |
| Dagopphald | 4 |
| Fast rullerande opph. | 2 |

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

## Eining Samnangerheimen

Samnangerheimen har 25 institusjonsplassar, gjesterom for pårørande, resepsjon, eige produksjonskjøkken, vaskeri, Storstova og treningssal for rehabilitering.

**Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester**

Nærleik til sjukehus og samhandlingsreforma gjer at fleire alvorleg sjuke får behandling og hjelp i eigen kommune. I år som tidlegare oplever me at pasientar vert tidleg ferdigmelde frå sjukehus og mange må få vidare behandling på Samnangerheimen. Samnangerheimen har mange komplekse oppgåver og fleire av pasientane som kjem på kortidsopphald er relativt dårlege og krev mange ressursar. Alvorleg, kompleks demenssjukdom er aukande blant eldre og det er mange utfordingar knytt til denne pasientgruppa.
I heile 2019 har me hatt svært krevjande pasienter på Samnangerheimen og enkelte pasienter med demens har vore utagerande og utøvd vald mot tilsette. Fleire får i dag diagnose demens/Alzheimers og pga. høg levealder har dei i tillegg fleire diagnostiserte somatiske sjukdomar. Det krev ressursar for å gje forsvarleg pleie, tilrettelegge, skape tryggleik, vere tolmodig og løysingsorientert. I tillegg er det svært viktig å ivareta og beskytte tilsette når pasientar er utagerande og utøver psykisk og fysisk vald. Veiledning, samtale og støtte, undervisning og tilrettelegging er ei viktig oppgåve for å ivareta alle. Noko av tiltaka rundt utagerande pasientar er ekstra personell på jobb, bygging av skjerming i ein del av ei avdeling, samarbeid med spesialisthelsetenesta og eit tett samarbeid med lege og pårørande.

01.09.2019 tilsette pleie og omsorg kreftkoordinator i 100 % stilling.

Den kommunale helse- og omsorgtenesta har fått ei stadig større rolle i kreftomsorga og me ser at kreftforekomsta i Samnanger òg aukar, samtidig som det blir fleire som blir friske frå kreft eller lever med kreft som ein kronisk sjukdom. Kreftkoordinator er et lavterskeltilbod og tenesta skal vera lett tilgjengeleg for pasientar og pårørande. Gjennom samarbeid med andre aktørar skal kreftkoordinator bidra til utvikling av gode rutinar og møteplassar som kan gi ei betre kreftomsorg. Kreftkoordinatorrolla har blitt ein viktig del av kreftomsorga, og ordninga har bidratt til ei profesjonalisering av tenestetilbodet, ei bedre kreftomsorg og meir effektiv utnytting av ressusar i Samnanger kommune. Kreftpasientar og pårørande får eit kvalitativt betre omsorgstilbod ved å

koordinera tenester og andre tilbod, å informera, gje råd og veiledning i alle fasar av eit sjukdomsforløp. Kreftkoordinator støttar og bidreg samtidig med for eksempel behovet for avklaring med NAV, skule og arbeidsgjevar, samt andre tilbod til pasientar og pårørande som mange ikkje kjenner til. Kreftkoordinator bidreg òg i etterkant av kreftsjukdom.
I stillinga ligg det òg palliasjon og kreftkoordinator er her ein viktig ressursperson.
Tilbakemelding frå pasientar og pårørande er at dei blir veldig godt ivaretatt og kreftkoordinator har bidrege til auka meistring og å styrka eit godt pasientforløp.
Kreftkoordiantor hadde frå september kontakt med 12 pasientar.
Oppretting av denne stillinga er eit veldig stort løft for Samnanger kommune.

Produksjonskjøkken på Samnangerheimen gjer at pasientar på sjukeheimen og heimebuande får gode næringsrike måltid og me kan enkelt ta tak i pasientar sine ernæringsutfordringar. Me arbeider tverfagleg med andre i kommunen og skapar gode måltid for fleire av innbygjarane.
Hausten 2019 starta me opp med eldrekafe på Samnangerheimen. Dette er eit tilbod til eldre heimebuande i Samnanger som ynskjer å eta middag i lag med andre. Dette er alt frå einsame, eldre som bur aleine eller eldre som har behov for å koma saman i eit fellesskap. Mange nytter seg av  tilbodet og me ser på det som eit vellykka prosjekt. Tiltaket er i eit samarbeid med Samnangerheimen og pensjonistlaget. Pensjonistlaget hentar heimebuande som ynskjer å vera med.

Hjartevarme måltid er eit samarbeid med Samnangerheimen, Vassloppa barnehage og pensjonistlaget. 4 eldre heimebuande får annankvar torsdag koma i barnehagen og eta middag i lag med 4 born frå barnehagen. Middagen blir levert frå Samangerheimen. Eit veldig flott og vellykka tiltak.

**Brukarar: Einiga sine hovudmål / satsingsområde**
Kompetanse er ein føresetnad i alle oppgåver Samnangerheimen skal forsvarleg gje til pasientar, og me har lenge slite med å få kvalifiserte søkjarar til stillingar, spesielt sjukepleiarar. Her måtte me tenkja nytt og i haust planla me ei ny organisering innan pleie og omsorg. Integrerte tenester der tilsette rullerer mellom Samnangerheimen og heimetenesta og arbeid kvar sjette helg førte til at me fekk sju kvalifiserte søkarar til sjukepleiarstillingar. Ny turnus og organisering trer i kraft januar 2020.

Samnanger kommune melde seg inn i Vestlandsprosjektet i 2019. Helsedirektoratet er pådrivar for at alle kommunar skal implementere velferdsteknologiske løysingar innan 2020, og ved å vera med i Vestlandsprosjektet får me mykje god hjelp og støtte til dette arbeidet. Då IKT-tenestene til kommunen vart overført til IKTNH (IKT Nordhordland) fekk Samnanger kommune koma med i IKTNH sin innkjøpsavtale for velferdsteknologi, der Atea vant anbodet. Implementering av velferdsteknologi følger ein utrullingsplan. Det å delta i eit stort prosjekt i lag med 15 andre kommunar er positivt, både for støtte frå prosjektleeiinga, til å bli kjent med andre kommunar og dele tips og kunnskap med kvarandre.

Samarbeid med Samnanger ungdomsskule har me òg hatt gjennom 2019, og  9. og 10. klasse har valfaget «innsats for andre». Me har hatt fire elevar som har kome tre måndagar i månaden og vore med pasientane. Dei bakar, les, går tur, gir manikyr, syng og spelar saman

med enkelte pasientar. Dette er veldig positivt og me ønskjer å fortsetja med det gode samarbeidet framover.

Storstova på Samnangerheimen er mykje brukt, det er fleire tilstellingar gjennom året, og det er mange frivillige som bidreg og kjem til Samnangerheimen. Konsertar, generasjonsmøte med barn, terapi med dyr, sommarfest, kulturell aften, julebord og musikal er nokon av opplevingane pasientar har fått vore med på gjennom kulturskulen, gardsbarnehagen, frivilligsentralen, pårørande, ungdomsskulen, barneskulen med fleire.

Frå november vart Samnangerheimen og heimetenesta lagt under ein einingsleiar.

**Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**

*Årsturnus:*
Kvar enkelt tilsett får vera med å planlegge sin eigen turnus. Einingsleiar prøver å tilrettelegga til det beste for kvar enkelt, men sjølvsagt innanfor forsvarleg drift.
Alle har fått mange ønskje oppfylt og har gode turnusar som er tilpassa den enkelte. Alle fast tilsette har pr. i dag den stillingsprosenten dei ønskjer seg. Dette er eit gode med årsturnus, då dei som ønskjer det kan få stillingsauke gjennom året.

*Kompetanseheving:*
Me ønskjer å gje inspirasjon og karrieremoglegheit som er målretta og som ser den enkelte tilsette. Me treng og ynskjer endå meir fokus, meir kompetanse, system, prosedyrar og målretta arbeid. I utvikling av kompetanse har me:

- To sjukepleiarar på vidareutdanning innan avansert gerontologi.
- Ein sjukepleiar på vidareutdanning innan rus og psykiatri.
- Ein tilsett på desentralisert sjukepleieutdanning.
- Auka opp demenssjukepleiar frå 20 til 30 %.
- Fleire ufaglærte har gått på vaksenopplæring innan helsefag.
- Demensomsorgens ABC der 8 av 13 deltakarar er frå Samnangerheimen. Alle fullførte perm 2 våren 2019. Ny gruppe starta på perm 1 i haust, fem av desse er frå Samnangerheimen.
- Velferdsteknologi ABC der 9 tilsette frå pleie og omsorg har fullført Velferdsteknologiens ABC.

Å byggja kompetanse er viktig for oss, og via læringsnettverk USHT (Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester), har tilsette òg deltatt i prosjekt «Tidlig oppdagelse av forverret tilstand» og pasientsikkerhetsprogram, tavleprosjekt. Pasientane blir dagleg screena og tiltak blir oppretta etter behov.
Me har og implementert News score, som er ein lik prosedyre som alle kommunar og helseforetak bruker, når ein pasient sin tilstand blir forverra. Fokus på intern undervisning.

*Arbeidsmiljø, Medarbeidarar og fokus på sjukefråvær:*
Personalmøte kvar månad.
Kvar torsdag samarbeidsmøte med einingsleiar, fagsjukepleiar og assisterande avdelingssjukepleiar.
Fredagsmøte, der me tar opp utfordringer, rutinar osv.
Felles lunsj kvar fredag i lag med dei tilsette i heimetenesta.
Samarbeidsmøte med tillitsvalde og verneombod annakvar månad.
Digitalt avvikssystem.
Årsturnus.
Kompetanseheving.
Alle tilsette fekk billett til Samningakraft musikkfestival, som vart arrangert på Bjørkheim 1.juni. Veldig flott tiltak.
IA-bedrift og har jamlege samarbeidsmøte med den sjukemelde og NAV, samtidig som leiar har tett dialog med den sjukemelde.
Tilrettelegging ved behov.
Tette samtalar.
Medarbeidarsamtalar.
Gratis influensavaksine til alle tilsette.

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|
| Sjukefråvær i % | 11,41 | 7,38 | 9,0 | 5,45 | 8,10 |

Oppnådde mål på 9 %
Har jamlege samtalar med dei sjukemelde. Det meste av fråværet er ikkje arbeidsrelatert og kan vera vanskeleg for arbeidsgjevar å påverka.

Fokusområde for 2019

| Fokusområde | Mål | Tiltak |
|---|---|---|
| Kompetanseheving/ meistringsklima | Framsnakka og gjera kvarandre gode | Intern undervisning<br>Deling av verdifull kompetanse |

**Miljøtiltak og Energiøkonomisering**

- Har ny sjukeheim.
- Samarbeid med Lions og Hagelaget om sansehagen.
- Har fokus på matsvinn og har kvar fredag restemiddagar.

**Spesielle hendingar**

- Tilsett kreftkoordinator.
- Storstova på Samnangerheimen er mykje brukt og har blitt den samlingsstaden me håpa på. Det er mange tilstellingar og festar for pasientane.
- Flott samarbeid med kulturskulen, ungdomsskulen, barneskulen og Aadland gards- og friluftsbarnehage
- Har samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, men håpar på å kunna styrka dette.
- Julebord for pårørande.
- Nyttårsfeiring med julebukkar og rakettar.
- Samnangerheimen har eiga side på Facebook,der me deler mykje av alt det positive som skjer på sjukeheimen (avklart med pasientar og pårørande/verje).

**Utfordringar**

Ha nok tilsette og kompetanse i samsvar med oppgåver me skal løysa
Sjukefråvær

**Mål 2019**

- Ny organisering og få denne til å fungere for alle.
- Arbeide vidare med prosedyrar og rutinar.
- Kompetanseheving.
- Skaffe inntekter ved sal av institusjonsplass.
- Fokus på, og førebygge sjukemeldingar.
- Betre tverfagleg samarbeid om sjukemeldingar.
- Halde fram med fokus på «det gode måltid».









**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Reidun Abotnes
Frå 1.nov.: Janne Drevsjø

**Netto utgifter:**
14,62 mnok

**Avvik mot rev. budsjett:**
-0,08 mnok ( mindreforbruk)

**Tal tilsette:**
27 fast tilsette
13 vikarar

**Sjukefråvær:**
11,62 %

**Tal årsverk:**
17

**Tal brukarar:**
85 i heimetenesta
26 på dagsenteret

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

# Eining Heimetenester

(heimesjukepleie, praktisk bistand til reinhald, dagsenter, kols- og diabetesteam og utleigebustadar Tysse)

**Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester**
Brukarar som treng hjelp frå heimetenesta auka i antal i 2018, men har lege meir stabilt i 2019. Me har brukarar som treng hjelp fleire gonger i døgeret, medan nokre treng hjelp ein gong i veka, eller annakvar veke med for eksempel utlevering av multidoserull. Det er ein høg gjennomsnittsalder på brukarane. Dei fleste ynskjer å bu heime så lenge det går, medan nokre ynskjer sjukeheimsplass på grunn av einsamheit og det å kunne kjenne seg trygg. Me merkar òg større pågang frå pårørande som ynskjer å ha sine på sjukeheimen, for at dei skal vere trygge på at dei blir ivaretekne og har det bra. Tildeling av sjukeheimsplass skjer etter eigne kriterier, som er nedfelt og vedtatt i forskrift om sjukeheim, og det er dei sjukaste som skal få sjukeheimsplass i dag. Derfor ser me at det blir større etterspørsel etter omsorgsbustader, og då er det ofte sterkt ynskje om å få bustad i nærleiken av sjukeheimen. Omsorgsboligar med bemanning heile døgnet er eit tilbod kommunen bør vurdere i framtida, for å unngå det store presset på sjukeheimsplassane. Det er framleis vanskeleg å leige ut omsorgsbustadar på Tyssekaien, så det må vurderast om denne avtalen skal vidareførast.

- Heimetenesta treng å ha god kompetanse tilgjengeleg, både for å gje god behandling og pleie, men og for å kunne vere med på å førebygge. Eininga ynskjer å kunne hjelpe brukarar med å få døy heime, dersom det er eit ynskje, og då må kompetansen vere tilgjengeleg, for å skape tryggleik og gje støtte i den siste tida, både for den døyande og for dei pårørande. Det er derfor eit stort løft for heile pleie og omsorg at kommunen fekk kreftkoordiantor i 100 % stilling, som òg skal ha fokus på palliasjon, frå september 2019.

- Tverrfagleg samarbeid med ulike profesjonar i kommunen er viktig, for at me skal kunne gje eit godt tilbod til brukarane.

- Reformen *Leve heile livet* kom i 2018, og me deltok på den første konferansen i november det året. Første fase starta i 2019 med informasjon og koordinering av reformarbeidet frå fylkesmannen si side. No vidare blir det å kartlegge, planlegge, beslutte, gjennomføre, implementere og rapportere på ulike tiltak kommunen vil gå for. Reformen varer til 2023.

I Samnanger har me sett ned ei arbeidsgruppe, med deltakarar frå fleire einingar i tillegg til brukerrepresantantar som skal jobbe fram forslag til ulike tiltak for Samnanger.

- Fleire får i dag diagnose demens/Alzheimers. Utfordringa her kan vere å få lov til å hjelpe. Det krev ressursar for å tilrettelegge, prøve på nytt, vere tolmodig og løysingsorientert. Veiledning, samtale og støtte til pårørande er òg ei viktig oppgåve rundt desse brukarane. Det er viktig at pårørande får nytte sine ressursar, men det er òg viktig å få til gode avlastningstilbod til dei demente, slik at pårørande ikkje blir utslitne, men klarar å stå i det over lengre periodar.
  Avlastning til andre som har ein alvorleg sjukdom og treng mykje hjelp, er òg viktig at kommunen får implementert i tilbodet sitt. Dette for at brukarane skal bu heime lengst mogleg, og at pårørande ikkje skal bli utslitne. I 2019 har me hatt dagaktivitetstilbud på dagsenteret, dagplass på sjukeheimen, rullerande korttidsopphald på sjukeheimen, og avlastning i heim. Meir fokus på informasjon og kunnskap til pårørande om demens, blir viktig vidare. Med god kunnskap om sjukdomen, kan det gjerne bli litt lettare å klare å stå i det.

- Heimetenesta synest det er positivt å samarbeide med frivilligsentralen. Aktivitetsvenn for demente kom godt i gong i 2019. Fleire slike kurs må vere eit mål vidare. Frivillig innsats må aukast på fleire område, og frivilligsentralen blir eit viktig knutepunkt i dette arbeidet.
  I tillegg håpar både heimetenesta og mange av dei eldre innbyggjarane/brukarane våre at det skal vere mogleg å kunne ringe og få hjelp til diverse småting som for eksempel snømåking, plenklipping, skifte lyspærer og liknande gjennom frivilligsentralen.

- Samnanger kommune har interkommunalt samarbeid med Os og Fusa (Bjørnafjorden) om Kols- og Diabetesteam. Dette fungerer godt og tal brukarar aukar. Dei har kontortid i Samnanger annakvar fredag, kolssjukepleiar i lik veke og diabetessjukepleiar i ulik veke.

Tabellen nedanfor viser tal brukarar av heimetenester:

| | **2015** | **2016** | **2017** | **2018** | **2019** |
|---|---|---|---|---|---|
| Samla | 78 | 81 | 86 | 96 | 85 |
| Reinhald | 14 | 13 | 11 | 15 | 11 |
| Heimesjukepleie | 42 | 44 | 56 | 58 | 45 |
| Begge delar | 22 | 24 | 19 | 23 | 29 |
| Matombringing | | 24 | 26 | 24 | 27 |
| Tryggleiksalarm | | 32 | 40 | 40 | 43 |
| Dagsenter | 22 | 32 | 33 | 27 | 26 |

**Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområde – måloppnåing**
Einingsleiar for heimetenesta og sakshandsamar deltok i prosjekt om innføring av digihelse – meininga var oppstart i mai, men på grunn av tekniske utfordringar vart prosjektet forsinka, så innføringa skjer ved årsskiftet.

Forebyggande heimebesøk vart starta opp. Første besøket utført i november. Dette er eit lavterskeltibod, der alle som fyller 81 år i inneverande år får tilbod om besøk. No i starten tilbyr me besøk til alle frå 81 - 100 år. Det er dei som ikkje har tenester i pleie og omsorg som får tilbudet. Eit positivt tiltak, der dei kan takke ja eller nei til besøk.

Samnanger kommune melde seg inn i Vestlandsprosjektet i 2019. Helsedirektoratet er pådrivarar for at alle kommunar skal implementere velferdsteknologiske løysingar innan 2020, og ved å vere med i Vestlandsprosjektet får me mykje god hjelp og støtte til dette arbeidet. Og då IKT tenestene til kommunen vart overført til IKTNH (IKT Nordhordland), fekk Samnanger bli med i innkjøpsavtalen deira på velferdsteknologi, der Atea vant anbodet. Implementering av velferdsteknologi følgjer ein utrullingsplan, og Samnanger har fått opplæring og kjøpt inn medisindispenserer. Neste prosjekt blir elåsar. Frå før har me digitale tryggleiksalarmar.
I tillegg vart det oppretta ei 50 % stilling som prosjektleiar i velferdsteknologi, for å få dette prosjektet i hamn. Det å delta i eit stort prosjekt i lag med 20 andre kommunar er positivt, både for støtte frå prosjektleiinga, til å bli kjent med andre kommunar og dele tips og kunnskap med kvarandre.

Nettbretta er framleis ikkje i drift. Me ventar på oppdatert app, etter anbefaling frå leverandøren. Dette har tatt lenger tid enn me vart førespegla. Opplæring vart derfor utsett til 2020.

Heimetenesta deltok i eit nytt læringsnettverk via USHT (Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester), denne gongen handla det om «Tidlig oppdagelse av forverret tilstand». I etterkant av dette nettverket fekk heimetenesta fem akuttsekkar, som dei tilsette kan ha med seg ut i felten. Sekkane inneheldt blodtrykksapparat, blodsukkerapparat, termometer, pulsoxymeter, bandasjar, saks, lommelykt, hanskar og skjema for vurdering av tilstand: News score. I tillegg har heimetenesta jobba vidare med forbetringstavleprosjektet, der fokuset framleis er på ernæring og tannhelse. Målet er å førebyggje i staden for å behandle. Eininga fortset med å ha fokus på pasientsikkerheit, då me ser at det er nyttig, men det krev ressursar for å lage gode planar for brukarane våre. Eininga tilbyr framleis legemiddelgjennomgang til alle brukarar me har medisinansvar for, dette vart implementert etter det første læringsnettverket me deltok i.

I oktober 2018 fekk eininga fagsjukepleiar i 50 % stilling, denne vart auka til 92 % i september 2019. Fagsjukepleiar skal blant anna lage prosedyrar, ha undervisning og veiledning til tilsette, ha oversikt over brukarane og tenestene dei mottar, og lage arbeidslister.

Dagsenteret er eit flott tilbod, og dei heldt til i fine lokale i Storstova på Samnangerheimen. Mange eldre er einsame i dag, og aktivitetstilbod er viktige. Dagsenteret er ope tre dagar i

veka og stengt fire veker om sommaren. Songstund kvar måndag er svært populært, i tillegg er det trim med fysioterapeut alle opningsdagane. Til jul arrangerer dagsenteret julebord, der alle brukarane blir invitert med, og får ei fin førjulsstund i lag. Då har me litt underhaldning, god julemat og utlodding.
Frivillige hjelparar deltek på dagsenteret og er med på å gjere dette til eit godt tilbod.

**Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**
Eininga har medarbeidarsamtale og faste personalmøte.
Alle fast tilsette i heimetenesta fekk ytterjakker til bruk på jobb.
Tysdags og- torsdagsmøte. Ein halv time kvar gong, med fokus på forbetringstavla, brukarar og elles rom for dei tilsette til å ta opp ting, og diskutere i lag.
Felles lunsj kvar fredag i lag med dei tilsette på Samnangerheimen.
Samarbeidsmøte med tillitsvalde og verneombod annakvar månad.
Digitalt avvikssystem, gjer det lettare for tilsette å skrive avvik, og der dei får svar fortare. I tillegg til at det er eit godt verktøy for leiar, som kan ta ut statistikkar og bruke det i forbetringsarbeid.
Har årsturnus som gjer at dei tilsette kan planleggje lenger fram, samt at dei i større grad kan få ein tilpassa turnus.
5 av 13 deltakarar på Demensomsorgens ABC er frå heimetenesta. Alle fullførte perm 2 våren 2019. Ny gruppe starta på perm 1 i haust, to av dei frå heimetenesta.
I tillegg har 9 stk frå pleie og omsorg fullført Velferdsteknologiens ABC.
Alle kommunalt tilsette fekk billett til Samningakraft musikkfestival som vart arrangert på Bjørkheim 1. juni.

Etter sommaren fekk heimetenesta eit nytt kontor – det er større og gjer at kvardagen til dei tilsette fungerer betre. I denne anledning vart det innført stille rapport, for at dei tilsette skal koma seg raskare ut i felten om morgonen, slik at arbeidsdagen deira kan bli betre. Større kontorplass har gjort frustrasjonen blant dei tilsette mykje mindre, så dette har vore svært positivt. Samtidig fekk eininga òg fleire arbeidsstasjonar med PC.

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|
| Sjukefråvær i % | 11,13 | 14,43 | 10,89 | 10,79 | 11,62 |

(mål 9,0 %)

Eininga har framleis eit høgt sjukefråvær. Leiar har jamlege samtalar med dei sjukemelde. Det meste av fråværet er ikkje arbeidsrelatert og vanskeleg for arbeidsgjevar å påverka. Har hatt ein del tilrettelegging i 2019, for å prøve å minske sjukemelding. Tilrettelegging krev innsats, både frå leiar og den tilsette, og det fører ofte med seg nokre ekstra kostnader.

**Miljøtiltak og energiøkonomisering**
I mai / juni 2017 fekk heimetenesta tre el-bilar. I mai 2018 kom den fjerde el-bilen. Bilane er gode og fungerer greitt. Det er heldigvis få dagar med snø og is i løpet av året, som fører til problem med å komme seg fram utan firehjulstrekk. I 2019 kom det treboksar over

ladestasjonane. Det var teknisk drift som laga desse. Treboksane har gjort at ladeleidningane blir betre ivaretatt, og me har ikkje fått fleire øydelagd.
Generelt har det vore mindre skade på arbeidsbilane i 2019 – så å halde stort fokus på dette må prioriterast vidare.

**Utfordringar:**

- Høgt sjukefråvær.
- Finne tid og ressursar til å utvikle eininga og delta i prosjekt.
- Treng fortsatt skilt/merking på parkeringsplassen til heimesjukepleiebilane, for å unngå at andre parkerer der.
- Ynskje om carport til bilane, for å spare tid på måking/tining om vinteren.
- Ha nok tilsette med rett kompetanse.
- Ha stor nok vikartilgang.

**Mål 2020 :**

- Sjukefråvær under 9%.
- Implementere elås – slik at eininga slepp å ha husnøklar til brukarane, men kan låsa opp via app på telefon.
- Minst mogleg skadar på bilane.
- Laga plan for bruk av velferdsteknologi.
- Innføring av digihelse.
- Starte med tiltak rundt *Leve heile livet*-reforma.
- Innføre integrerte tenester – tilsette jobbar både inne på Samnangerheimen og ute i heimetenesta.
- Meir aktiv bruk av forbetringstavla.
- Få hukommelsesteamet opp og gå igjen.
- Utarbeide plan for tenestetildeling.



*Pynta til julebord på dagsenteret*

Samnanger er ein av 20 kommunar som deltek i **«Vestlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi»**.
Her er heimesida deira der du kan lese meir :
https://vestlandsprosjektet.no/

**Facebook-sida til prosjektet:**
www.facebook.com/vestlandsprosjektet/



*Bilde av ressurspersoner frå alle deltakande kommunar – frå Samnanger deltek Tone Merete Drevsjø og Siv Merete Lønnebakken Holdhus.*



**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Reidun Abotnes
Fagleiar: Beate Holmefjord

**Netto utgifter:**
10,42 mnok

**Avvik budsjett :**
0,68 mnok (meirforbruk)
6,84 %

**Tal tilsette:**
21 fast tilsette
7 vikarar
14 oppdragstakarar

**Tal årsverk:**
13

**Sjukefråvær: 7,77 %**

**Tal brukarar:**
22

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

# Eining Funksjonshemma

(bufellesskap, arbeid, dagtilbod, aktivisering, avlasting, besøksheim og støttekontakt m.m.)

Bufellesskapet har 7 bebuarar og rundt 15 andre heimebuande med tenester og oppfølging. Brukargruppa spenner frå barnehageborn til eldre/vaksne med ulike sosiale, fysiske og psykiske funksjonshemmingar. Tenestene spenner frå omfattande til mindre tiltak.

For å drifte eining for funksjonshemma, har ein landa på ei fordeling av oppgåvene.
Reidun Abotnes er einingsleiar for heimetenesta, og har blant anna personalansvaret for tilsette som er tilknytt eining for funksjonshemma.
Beate Holmefjord er fagansvarleg for funksjonshemma. Ho deler opp stillinga si der ho er ein del i bufellesskapet og jobbar opp mot brukarar, og ein del av stillinga er knytt til administrative oppgåver og kontakt med heimebuande brukarar og deira pårørande.

**Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester**
Brukarar kan ha rett til koordinator og individuell plan – samt oppfølging i ansvarsgrupper. Dette aukar moglegheitene for å ivareta tverrfagleg samarbeid på ein god måte.
Det har i aukande grad, nasjonalt og internasjonalt, vorte sett større fokus på psykiske lidingar blant utviklingshemma dei siste åra, dette er også noko ein ser lokalt og medfører at hjelp og tilrettelegging i større grad er eit tverrfagleg tema. Eininga samarbeider tett med andre faginstansar, både lokalt og med spesialisthelsetenesta for å kunne gje hjelp tilpassa den enkelte.

**Eininga sine hovudmål / satsingsområde / måloppnåing**
I desember 2018 vart det endeleg vedtatt at det skal byggast nytt senter for funksjonshemma. Oppstarten kom i gang seint i 2018. Rivinga og grunnarbeidet starta for alvor opp januar i 2019. Utover i 2019 har bygget blitt reist, og både brukarar og tilsette gleder seg til innflytting, som er planlagt til slutten av mars 2020.

I 2019 har ein halde fram å jobba med god planlegging av nytt senter, for å få det brukartilpassa og til ein god arbeidsplass.

I mellombels drift, har ein saman funne gode rutinar for å

drifte bufellesskapet på ein god og forsvarleg måte som er til det beste for kvar enkelt brukar, og dette er målet for det nye bufellesskapet òg.

**Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**
Medarbeidersamtale årleg.
Eininga har årsturnus og fleirtalet av dei tilsette ved Skottabakken bufellesskap har i fleire år arbeidd langvakter. Dette har hatt eit positivt utfall på nærværstatistikken og trivselen til dei tilsette, og det har vore eit stort gode for bebuarane i bufellesskapet.
Sjukefråværet har gått opp i 2019, men eininga har halde seg under målet på 9 %. Sjølv om eininga har vore i mellombels drift, så er det meste av fråværet ikkje arbeidsrelatert og vanskeleg for arbeidsgjevar å påverka.

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|
| Sjukefråvær i % | 9,12 | 7,04 | 3,34 | 1,59 | 7,77 |

(mål 9,0%)

Det er eit mål for eininga med flest mogleg tilsette i store stillingar, og det er fokus på å ha god kompetanse tilgjengeleg til ei kvar tid.
Ein har klart å gjennomføre jamlege personalmøte etter at ein kom i mellomels drift på Haga. Grunnen til det er god tilgjengelegheit på møterom.
Ein har hatt moglegheit til å gjennomføre gode måltid med brukarar og tilsette, med moglegheit til å invitere pårørande. Dette har vore positivt for eit godt miljø. I desember arrangerte eininga god middag, der ein inviterte brukarar med sine pårørande i storstova på Samnangerheimen. Dette var ei positiv oppleving.
Det er låg andel menn tilsett i eininga, dette er det fokus på i tilsetjingar både ut frå eit likestillingsperspektiv, men mest med bakgrunn i brukarane sine behov. Det er likevel til ei kvar tid den best kvalifiserte som vert tilsett.
Digitalt avvikssystem, gjer det lettare for tilsette å skrive avvik, og der dei får svar fortare. I tillegg til at det er eit godt verktøy for leiar, som kan ta ut statistikkar og bruke det i forbetringsarbeid.

**Miljøtiltak og energiøkonomisering**
Ein stor del av køyringa i eininga føregår med el-kraft, bufellesskapet leasar hybridbil.
Det er og fokus på miljøtiltak og energiøkonomisering ved det nye senteret.

**Spesielle hendingar i 2019**
Hausten 2019 starta seks tilsette på *Mitt Livs ABC* i regi av USHT (Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester).
I tillegg har tre tilsette deltatt og fullført Velferdsteknologiens ABC.
Nokre av brukarane har fått fleire turar til bassenget i Eikelandsosen. Dette er bra tilrettelagt for vår gruppe og eit flott tilbod. Seks tilsette har livredningskurs.
Alle brukarane fekk billettar til Samningakraft musikkfestival 1. juni, og deltok der. Det var ei god oppleving som brukarane sette stor pris på.
Alle tilsette fekk òg billettar til denne festivalen.

Ein har vore på ulike dagsturar og deltatt på ulike aktivitetar i sommar, noko som er ei kjekk oppleving for alle.

**Utfordringar :**

- Mellombels drift. Bebuarar bur på rom i ei sjukeheimsavdeling inntil nytt senter står ferdig. Dette gjer at det kan vera mykje folk i fellesarealet, og ein del lyd til tider. Dette er utfordrande for nokon av brukarane.
- Dårlege fasilitetar for tilsette. Tilsette har begrensa tilgang til garderobar. Det er ikkje kontor eller «frie» område der dei kan overlappe. Det er stort fokus på å overhalde teieplikta i bufellesskapet då alt av rapportering, både skriftleg og munnleg, føregår i fellesareal.
- Det er ei utfordring å finne støttekontakt til dei som søkjer om det.
- Finne tid og ressursar til å utvikle eininga og delta i prosjekt.
- Ha rett kompetanse til ei kvar tid.
- Ha stor nok vikartilgang.

**Mål 2020:**

- Få til ein god innflyttingsprosess til nytt senter og ein god overgang til nytt bygg.
- Ha pårørandemøte i forkant av flyttinga, slik at dei får god informasjon.
- Arrangere innflyttingsfest.
- Lage gode prosedyrar for det nye senteret.
- Halde sjukefråværet nede.
- Ha fokus på å heva fagkompetansen i eininga.
- Gjennomføre samarbeidsmøte tilknytt brukarar som bur i bufellesskap.
- Innføre digital IP.
- Behalde og rekruttere fagpersonale.
- Rekruttere støttekontaktar til dei som søkjer.
- Innføre Digihelse i eininga.
- Starte prosessen med å tenke nytt i form av tilrettelagde arbeidsoppgåver ein kan gjere saman på det nye bufellesskapet. Kanskje starte dagsenter og vere vertskap for andre òg?



*Bading i bassenget i Eikelandsosen.*




**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Magne Djuvik

**Netto utgifter:**
5,24 mnok

**Avvik mot rev.budsjett:**
-0,01 mnok (mindreforbruk)

**Tal tilsette:**
6

**Tal årsverk:**
3,40

**Sjukefråvær**:
1,13%

**Tal brukarar:**
114

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

## NAV - NAV kommune og flyktningkontor

Samnanger kommune har følgjande ordningar lagt til NAV-kontoret: økonomisk sosialhjelp, økonomisk rådgjeving, forvaltningskonto, kvalifiseringsprogram, bustadar til vanskelegstilte, Husbanken sine ordningar (startlån, bustøtte og utbetringstilskott), søknad om parkeringsløyve for funksjonshemma. Flyktningetenesta ligg og til NAV kontoret.

**Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester**
Nye reglar og ein streng praksis har ført til at fleire har mist Arbeidsavklaringspengane sine. For dei fleste sitt vedkomande er då Økonomisk sosialhjelp inntektskjelda. Totalt har eininga eit mindreforbruk i 2019.

NAV Samnanger fekk i 2018 tildelt midlar til eit prosjekt som kan vara inntil tre år. Prosjektet starta opp 1. januar 2019 og midlane løyvd i 2018 vart overført til 2019. Formålet med prosjektet er tettare oppfølging og raskare avklaring av den enkelte brukar. Dette er eit viktig arbeid både for at den enkelte skal få ei raskare avklaring og raskare koma ut i arbeidslivet. I tillegg å redusera samfunnet sine utgifter til økonomisk sosialhjelp og andre trygdeytingar. Når ein startar opp med nytt tiltak tek det litt tid før ein kan sjå resultat. Resultata av dette prosjektet var først synleg i andre halvår 2019.
I løpet av 2019 har 27 personar vore innom prosjektet. 31.12.2019 var det 14 aktive. Dei 13 som fullført har gått til arbeid, skule, arbeidsmarknadstiltak osb.
Gjennom dette prosjektet har Samnanger hatt ei anna og meir positiv utvikling enn mange andre kommunar.

Det har vore fokus på barn som veks opp i familiar med låg inntekt i 2019. Kulturkontoret laga til sommarleir for mellom anna denne gruppa i 2019. I samarbeid med NAV vart det tildelt plassar på arrangementet. Samnanger kommune er ein av få kommunar som ikkje tek omsyn til barnetrygd når økonomisk sosialhjelp vert tildelt. Det er eit godt tiltak i arbeidet med å gje litt betre økonomi for denne gruppa.

Av dei flyktningane som Samnanger kommune tok imot i 2016, og som seinare fekk familiegjenforeningar/barn, så er det pr 31.12.2019, 13 som er busett i kommunen. Dei fleste av desse er i aktivitet. NAV har også i 2019 bidrege i språkkafeén som er ein suksess.

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

| | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|
| Tal mottakarar av sosialhjelp | 50 | 52 | 50 |
| i alderen 18 – 24 år | 18 | 11 | 11 |
| Snitt stønadslengd mnd | 4,0 | 5,1 | 4,9 |
| i alderen 18 – 24 år | 3,1 | 5,5 | 3,4 |
| Mottakarar med stønad meir enn 6 mnd | 9 | 18 | 15 |
| Mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde | 24 | 29 | 30 |

Tala ovanfor syner at det ikkje er så store endringar når det gjeld tal personar som tek i mot økonomisk sosialhjelp. Det er imidlertid ein betydeleg reduksjon på kor lenge folk vert gåande på økonomisk sosialhjelp. Det er utviklinga i prosjektet andre halvår som er den viktigaste grunnen til at me ser slike tal.

Satsane for sosialhjelp er rådgjevande statlege satsar.

| Søknad om økonomisk sosialhjelp | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|
| Søknad økonomisk sosialhjelp | 245 | 290 | 363 |
| Søknad om startlån | 4 | 7 | 7 |
| Søknad om bustøtte | 30 | 17 | 30 |
| Søknad om utbetringstilskot | 2 | 1 | 2 |
| Søknad om parkeringsløyve | 11 | 12 | 7 |
| | | | |
| Søknad redusert foreldrebet. i barnehage | | 15 | 18 |

**Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområde – måloppnåing**
**Måla for eininga i 2019 var:**
Gjennomføra prosjektet på ein god måte og synleggjera resultata.
Redusera stønadslengda.
Halde fram med å gje god bistand / hjelp til dei som treng det.

**Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**
Eininga har eit høgt sjukefråvær i 2019, 6,36 % Storparten av sjukefråværet er fråvær under 16 dagar. I ei lita eining som NAV kan ei sjukemelding gje store utslag på sjukemeldingsprosenten. Dei fire siste åra har eininga hatt to år med ein alt for høg sjukemeldingsprosent, medan det dei to andre åra har vore eit akseptabelt fråvær.

| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|
| Sjukefråvær i % | 3,8 % | 8,3 % | 1,22 % | 6,36 % |



**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Harald Ramm Salbu

**Netto utgifter:**
11,71 mnok

**Avvik mot rev.budsjett:**
0,38 mnok (meirforbruk)
3,38 %

**Tal tilsette:**
12
(eksl sjukeheimslege)

**Sjukefråvær:**
10,48 %

**Tal årsverk:**
8,25
(ekls sjukeheimslege og priv. legepraksis)

**Tal brukarar:**
2 485 innbyggarar

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

# Eining Helse

(fysioterapi, kommunepsykolog, psykiatriteneste, jordmor, helsesjukepleiar, legeteneste, kommunale ØH senger, legevakt og first responder).

**Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester**
Samhandling mellom dei forskjellige kommunale einingane samt mellom 1. og 2. linetenesta er ein av kvalitetane som arbeidet i eining for helse er fundamentert på. God intern samhandling i vår eiga eining, og godt felles fokus på kven og korleis vi tener målgruppa vår er også ein del av vårt fundament. Og det fundamentet arbeidar me ut frå og ynskjer å vidareutvikle.

Vidare ynskjer helseeininga å være ein tenesteytar som har pasienten i fokus, og både ser og gjev helsehjelp i eit heilskapleg perspektiv, basert på god helsemedisinsk kvalitet i alle fasar av livet.

Stadige nye nasjonale føringar for helsestasjonsarbeidet og legetenesta spesielt gjer at vi no aktivt arbeider for å vere på høgde med kva kvalitet vi leverer innanfor både førebyggande og kurativt arbeid.

**Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområder/måloppnåing**
2019 var eit år der ein ønska å utvikle tenestetilbodet innanfor psykiatritenesta. På grunn av langvarig sjukefråvær har vi ikkje kunne arbeida med dette slik som planlagt.

2019 var det andre året der vi hadde tilsett kommunepsykolog, for å styrkja fokuset spesielt mot barn og unge si psykiske helse.

Kommunefysioterapeuten har halde fram med fellestrim på Samnangerheimen tre gongar pr. veke, treningsgruppe for pasientar med KOLS og bassengtrening for personar med ulike lidingar.

Jordmor har hatt som mål å få til tidlegast mogleg heimebesøk etter fødsel, så langt stillingsressursen tillèt det. Men på grunn av langvarig sjukemelding har vi måtte avvente innsatsen her.

I 2016 blei avtalen om kommunal akutt døgnplass ved Diakonissehjemmets Sykehus Haraldsplass sett i verk.

Erfaringa med desse har vore gode. Men også i 2019 har det vore ei utfordring i å få etablert hyppigare bruk av denne tenesta.

Etablering av skriftlege prosedyrar ved legekontoret er ein pågåande prosess, og vart vidareført i 2019.

Etter innføring av nytt naudnett i 2015 har ein også i 2019 hatt utfordring med noko forseinka varsling av First responder. Dette skuldast nye sentrale føringar for varsling. Også i 2019 har ein arbeidd opp mot aktuelle aktørar for å oppnå raskare varsling.

Den landsomfattande krisa i fastlegeordninga med sviktande rekruttering til faget har allereie gitt utfordringar for mange kommunar. Dette vil også gjere seg gjeldande i Samnanger om me ikkje har god strategi og rammer for å halde på den stabiliteten i fastlegegruppa vi har etablert gjennom dei siste åra.

**Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**
Eininga sine halvårlege samlingar for sosialt samvær/tur/julelunsj samt adhoc-samlingar på Helsetunet er viktige for å trygge relasjonar og gje oppleving av å vere ein viktig arbeidstakar.
I mai hadde vi ein vellukka fagdag med fokus på psykiatri, relasjonsbygging og teambuilding. Vi ynskjer å fortsette med halvårlege halv- eller heildagssamlingar for fagleg påfyll/teambuilding.

Det er regelmessige samtalar mellom einingsleiar og den enkelte tilsette, inkludert medarbeidarsamtalar.

Det vert gjennomført månadlege møte i allmennlegeutvalet i Samnanger. Personalmøte for legekontoret har vore gjennomført 8-10 gonger pr år.

Det er regelmessige samlingar for befal på First responder, samt for heile First respondermannskapet. Det er fleire årlege kurs og øvingar for å oppretthalde kompetansen. Ein del av dette fell inn under Brann.

**Spesielle hendingar i 2019**
Forum for tverrfagleg samarbeid for barn og unge var eit viktig forum også i 2019. Begge helsesjukepleiarane er med her. Vi var med å arrangerte Verdsdag for psykisk helse i oktober 2019.

2019 har vore prega av fleire langvarige sjukemeldingar innan jordmorteneste og psykiatriteneste.

Helsesøster Vivi Lill J. Bech blei i 2019 erstatta av ny helsesjukepleiar, Maria Stokka. Kommunepsykologen sa opp stillinga si sommaren 2019. I desember lukkast det oss å tilsetje ny kommunepsykolog, med planlagt startdato 01.04.2020.

Helsestasjon for ungdom har lege nede sidan helsesjukepleiar Vivi Beck slutta i 2018. Den fekk sin renessanse ultimo 2019 under leiing av den nye helsesjukepleiaren.

Einingsleiar for helse sa opp stillinga si med verknad frå 01.02.2020.

Nokre viktige faglege fora
Psykiatritenesta deltek i månadlege samarbeids- og fagmøte på Solli DPS.
Jordmor deltek i samarbeidsmøte med spesialisthelsetenesta og diverse regionale fagmøte.
Leiande helsesjukepleiar deltek i regionale fagforum.
Kommuneoverlegen deltek på smitteverndagane ved Folkehelseinstituttet,
på Fylkesmannen si årlege samling for kommuneoverlegar, i underutval for akuttmedisinske tenester i Bergensregionen, samt i regionalt forum for kommuneoverlegar i regionen.

Utfordringar i 2019 og 2020

- Langvarige sjukemeldingar. Fleire tilsettingar av både vikar og fast tilsett.
- Sjå at nye finn sin plass og er med og utviklar tenesta.
- Nytta ØH-sengene på Diakonissehjemmets sjukehus Haraldsplass optimalt.
- Vere proaktiv innanfor førebyggjande tiltak knytt til barn og unge.
- Stabilisere helsesjukepleiartenesta, og reetablere helsestasjon for ungdom i tilpassa form.





**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Anne J. Fredriksen

**Netto utgifter:**
16,04 mnok

**Avvik mot rev.budsjett:**
0,05 mnok (meirforbruk)

**Tal tilsette i 2019:**
37

**Tal årsverk i 2019**
27,5 grunnbemanning
2.69 ekstrabemanning
2 lærlingar

**Sjukefråvær:**
10,20%

**Tal barn i 2019:**
92

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

# Barnehage





**Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester i 2019**

- Ny bemannings- og pedagognorm er gjeldande frå 01.08 2019. Kommunane fekk eitt år på å innfri krav i lovverket. Det har vore mykje omtale om at begge normene ikkje er fullfinansiert, og at dei ikkje gjeld for heile barnehagedagen. Det er viktig å merka seg at dette er ein minimumsnorm. Nokre kommunar har valt å styrke bemanninga ytterlegare.
- I 2019 har me merka ein auke av vedtak i § 19 g Barn med nedsett funksjonsevne. Fleire barn med utfordringar har trong for tett oppfølging for å gjere seg nytte av det ordinære barnehagetilbodet. Barnehagane får høgare lønnskostnad på styrka tiltak.



*Dråpeslottet barnehage sitt bidrag til pepperkakebyen på Samnangerheimen.*

**Brukarar: Eininga sine hovudmål/ satsingsområde i 2019**
Me jobbar innan kommunen sine verdiar - *KVALITET – TILLIT – FRAMSYNT* - og held fram med arbeidet i 2020

*Barnehagane skal vera framsynte med høg kvalitet*

- Me skal vere ein lærande organisasjon med kontinuerleg refleksjon over eigen praksis.
- Me skal lage ein handlingsplan for godt psykososialt barnehagemiljø.

I 2019 har det vore ei høyring:
Forslag til endring i barnehagelova i reglar om barnehagemiljø.
Det kjem forslag til nytt lovverk i løpet av våren 2020

*Barnehagane skal vera ein attraktiv arbeidsplass.*

- Me skal tilby kompetanseheving, og læring på arbeidsplassen.
- Me skal delta aktivt i prosjekt for nærværsarbeid: NØKKELEN- EG OG DU.
- Me skal jobba aktivt med kommunikasjon på alle nivå i organisasjonen.

*Barnehagane skal levere tenester med god kvalitet med fokus på tillit*

- God rutinar for samarbeid med føresette.
- God informasjon og kommunikasjon med brukarane.
  Samnanger får nytt digitalt opptaks- og adminstrasjonssytem (Vigilo OAS) gjennom samarbeid med IKT Nordhordland. Me har fått opplæring i systemet hausten 2019.
- Gode rutinar og plan for overgang barnehage-skule og fokus på tverrfagleg samarbeid.




*Barnehagane og skulen i Samnanger har felles visjon, men i barnehagen er leik og læring nært knytta saman.*

**Investering/nye tiltak**
Fleire tiltak på leikeplassen på Dråpeslottet barnehage har blitt ferdigstilte. Vassloppa barnehage har fått nytt sykkelskur, med plass til at barna parkerer syklane i skuret sjølv.



*Fellestur for alle førskulebarn i kommunen er ein del av overgangsplan frå barnehage til skule*

**Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø**
Sjukefråværet har gått ned frå 11,20 % i 2018 til 10.20 % i 2019.
Me jobbar framleis aktivt med nærværsprosjektet:
*NØKKELEN – EG OG DU - varer fram til sommaren 2020).*

Fokus er på nærværsarbeid der me valde å jobbe med desse fire målområda:

- Kompetanseheving
- Trivsel og arbeidsglede
- Kommunikasjon og tilbakemeldingskultur
- Ergonomi/fysisk miljø

*Kompetanseheving i 2019*

- To av assistentane i Vassloppa tok teoridelen i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Ein har gjennomført fagprøven. Den andre ventar på tidspunkt for gjennomføring av fagprøven.
- Ein av vikarane tok fagprøven i barne- og ungdomsarbeid våren 2019.
- Tre av pedagogane i Dråpeslottet tok vidareutdanning i pedagogisk leiing og læringsmiljø. Eksamen 2019.



*Alle fekk prøve samehue. Det var spennande*

**Spesielle hendingar 2019**

- Januar: Planleggingdag: kurs i godt arbeidsmiljø (KLP prosjektet)
- 6. februar: Samefolkets dag. Begge barnehagane markerer dagen.
- Vår/sommar: Tre fellesturar for alle førskulebarn i kommunen (eit ledd i overgangplan for barnehage - skule).
- Juni: Ekstremsportveka i Vassloppa barnehage.

- Oktober: Verdensdagen for psykisk helse, der me arrangerte ei temaveke med spesiell fokus på psykisk helse: *tema Gi tid (om eit rausare samfunn).*
  Begge barnehagane har hatt fokus på vennskap og inkludering gjennom heile året/ spesiell innsats når det kjem nye barn.
- Oktober/november i samband med Forutprosjekt. Vassloppa barnehage. Me lærer om barn i andre land og sluttar opplegget med ein foreldrekaffi der me sel kaffi, kaker og bollar. Føresette kan kjøpe små ting som barna har laga og betale det dei ønskjer med Vipps.
- Påskefrukost/påske-foreldrekaffi. Me inviterer føresette til ei hyggeleg stund saman med barna i barnehagen.
- Luciafrukost. Føresette er inviterte til kaffi og lussekatter på morgonen på Luciadagen. Dei eldste barna går i luciaprosesjon og deler ut lussekatter.
- Hjartevarme måltider: Eit samarbeid mellom pensjonistlaget og Vassloppa barnehage. Ei lita gruppe frå pensjonistlaget og dei eldste barna i barnehagen møtest fast til eit triveleg måltid og hyggeleg lag i barnehagen. Møte mellom generasjonar.

**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Vigdis Vikne

**Netto utgifter:**
21,83 mnok

**Avvik mot rev.budsjet:**
-0,09 mnok (mindreforbruk)

**Tal tilsette:**
40

**Sjukefråvær:**
Totalt 6,30%

**Tal årsverk:**
30

**Tal elevar:**
203

**Tal elevar sfo:**
46

Adresse til nettside:
www.minskole.no/samnanger

# Samnanger barneskule
(skule og sfo)

### Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester i 2019
I tilnærma heile 2019 har det vore vesentleg redusert kapasitet i leiinga. Dette skuldast m.a. langtidssjukemelding. Redusert bemanning har naturleg nok ført til etterslep i organisasjonen i høve oppfølging av personalet, økonomiske nedtrekk, utviklingsarbeid samt oppfølging av resultata frå Faktor 10, (frå desember 2018). Hovudinnsatsen har vore retta mot den daglege drifta.

### Måloppnåing
Dei nasjonale måleindikatorane for kvalitet syner jamt over bra resultat for barneskulen. Dei siste fem åra fordeler seg slik:

| | S | H | N | S | H | N | S | H | N |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **År** | **Engelsk** | | | **Lesing** | | | **Rekning** | | |
| 2015-2016 | **47** | 49 | 50 | **47** | 49 | 50 | **47** | 50 | 50 |
| 2016-2017 | **50** | 49 | 50 | **52** | 49 | 50 | **51** | 50 | 50 |
| 2077-2018 | **56** | 50 | 50 | **51** | 49 | 50 | **56** | 50 | 50 |
| 2018-2019 | **50** | 50 | 50 | **45** | 49 | 50 | **49** | 50 | 50 |
| 2019-2020 | **47** | 50 | 50 | **48** | 49 | 50 | **49** | 50 | 50 |

S (Samnanger) H (Hordaland) N (nasjonalt)

I kommunar med få elevar på trinnet, og som i vårt tilfelle berre har ein barneskule, vil det vera naturleg at resultata kan variera frå år til år. Så kan ein sjølvsagt sjå om resultata over tid peikar i ei retning. Det gjer det ikkje hos oss. Hausten 2019 låg me under landssnittet, medan me hadde betre resultat enn året før.

### Satsingsområde
Samnanger barneskule ønskjer å vera ein skule i utvikling der me reflekterar over eigen praksis. Sidan 2015 har me arbeidd målretta med medvit kring lekser og alternative måtar å organisera dei tradisjonelle leksene. Me har prøvd ut ulike måtar å gje lekser på og no prøver me ut å ikkje ha pålagt heimearbeid, altså å vera ein leksefri skule. Målet vårt er eit så godt læringsutbyte som mogeleg for alle elevane våre.

Arbeidet med Fagfornyinga og ny overordna del starta hausten 2019. Me er godt i gang og kollegiet vårt jobbar godt saman i eit profesjonelt læringsfellesskap. Utdanningsdirektoratet sin kompetansepakke dannar grunnlaget for denne prosessen. Me har også hatt fleire lærarar som har teke relevant vidareutdanning i høve nye kompetansekrav for lærarar.

Sfo har eit innhaldsrikt og variert tilbod med gode rutinar og dyktige medarbeidarar. Me er ekstra stolte over at me klarar å tilby borna varm mat kvar onsdag. Då er det stor aktivitet på «nye skulekjøkkenet» der utdanna kokk har ansvaret for matlaginga. Dei tryllar fram dei beste rettar, til 38 born, med eit budsjett på kr. 200,- pr. veke! Overskotsmelka frå skulen blir m.a. nytta her. Denne matstunda er gull verdt for borna og fellesskapet på sfo.

**Spesielle hendingar 2019:**
Her er det fleire positive aktivitetar eller samlingar som kan nemnast. Vestland Fylke har m.a. tilskot til aktivitetar som bidrar til å tryggje trafikk og trafikantar. Målet med ordninga er å styrkje det førebyggjande og trafikkretta arbeidet med trafikktryggleik. Arbeidet skjer lokalt og regionalt. I samarbeid med kulturavdelinga, har Samnanger barneskule tre år på rad fått innvilga tilskot til dette. Samnanger barneskule har også meldt seg på opplæringsprogrammet «Alle barn sykler» som er i regi av Norges Cykleforbund. Dette er eit svært bra opplegg, og heile 5. trinn er i aktivitet. Målet for prosjektet er å skapa tryggleik for born på sykkel. Alle skal kunna sykla og inkluderast, born skal bli meir aktive og skaffa seg gode vanar gjennom å gå eller sykla.

Andre hendingar har vore foredrag med Barnevakten for føresette ved barneskulen og ungdomsskulen i Samnanger kommune. Tema: Korleis kan me som foreldre/føresette engasjera oss i den digitale verda til barna/ungdomen, og korleis kan barna lære å ta smarte val på nett, mobil og spel? Barnevakten er ein ideell foreldreorganisasjon som arbeider for at barn og unge skal kunna bruke ulike medier på ein trygg og bevisst måte. Gjennom denne temakvelden fekk tilhøyrarane oppdatert fakta om mediebruk blant unge i dag, men og korleis ein kan handtere vanskelege utfordringar. I tillegg var det og fokus på glede og positiv bruk av den digitale verda.



*Utsikt frå skulekjøkkenet på Samnanger barneskule.*

**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar/rektor:**
Kurt Helge Pedersen

**Netto utgifter:**
10,51 mnok

**Avvik mot rev.budsjett:**
-0,2 mnok (mindreforbruk)

**Tal tilsette:**
18

**Tal årsverk:**
Vår 12,77/Haust 12,95

**Sjukefråvær:**
6,73 %

**Tal elevar i 2019:**
Vår 71/ Haust 79

Adresse til nettside:
https://www.minskole.no/
Samnangerungdomsskule

# Samnanger ungdomsskule

**Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester i 2019**
*Ein god stad å vera – ein god stad å læra*, er det overordna slagordet for oss. Me jobber kvar dag for å gjera kvaliteten best mogeleg både når det gjeld trivsel og læring for elevane. Samnanger ungdomsskule har fokusert mykje på å styrke ungdom si psykiske helse. Me starta i 2019 med MOT, som er eit anerkjent program for å gi dei unge reiskap til å styrke si psykiske helse og takle motgang og utfordringar. Programmet fokuserer òg mykje på å styrke toleranse, forståing og samhald.

Samnanger ungdomsskule driv etter gjeldande lovverk. Me legg vekt på inkludering, noko som òg er i tråd med strategiplanen for oppvekst og kultur. Samarbeidet heim - skule fungerer godt. Elevane gjev uttrykk for at dei stort sett trivst.

Pedagogane starta hausten 2017 opp med «*Vurdering for læring*» (VFL) med rettleiing frå Høgskulen Innlandet på Lillehammer. Det er i tråd med gjeldande strategiplan. Fagfornyinga som skal innførast hausten 2020 vektlegg vurdering for læring som skal fokusera på vurdering som fremjar læring og ikkje berre kartlegging av status. Dette nettbaserte kurset, som nyttar metoden «lærande møte», vart sluttført i 2019.

Skulen skårar framleis jamt over høgt på dei ulike sentrale indikatorane som elevundersøkinga, SSB-undersøkinga og i grunnskulepoeng. Resultata på dei nasjonale prøvane viser litt framgang samanlikna med i fjor. Sidan prøvane i lesing og rekning vert gjort både på 8. og 9.trinn, kan me måle utviklinga over to år, og utviklinga er postitiv for mange elevar. Intensive lesekurs kan vera ei årsak til positiv framgang. Dette vil me halde fram med i 2020. I tillegg vil me legge til rette for intensive mattekurs for grupper av elevar.

Elevrådet har aktive og dyktige medlemmar som tek ansvar i skulekvardagen. Dei har òg vore aktive med i etterarbeidet med Ungdata-undersøkinga. 7. november vart det arrangert eit tverrfagleg møte med presentasjon av resultata frå Samnanger. Her tok elevrådet gode initiativ for å koma med trivselsfremjande tiltak for ungdommen i kommunen.

2019 er det siste året me får tilskot som pilotskule i programmering. Midlane har blitt brukt til kurs og innkjøp av utstyr til programmering. I fagfornyinga, som skal innførast hausten 2020, er programmering vektlagt meir enn tidlegare. Så me er med andre ord godt i gang på dette feltet.

**Eininga sine hovudmål og satsingsområde i 2019 – måloppnåing**
Eit av hovudtema i Strategiplanen er *Identitet* som legg vekt på det å skapa godt læringsmiljø og trygge robuste ungdommar. Innanfor dette feltet er det fleire tiltak som er gjort eller følgt opp vidare i 2019. Nokre eksempel er deltaking i MOT, utvikling av utemiljøet og psykisk helsedagar.

*Lesing i alle fag.* Kursing på dette feltet har alle pedagogane gjennomført for nokre år sidan. Oppfølginga har vore god på mange felt, og intensive lesekurs har me gode erfaringar med. Me vil vidareutvikle satsing på auka leseaktivitet neste år med eit tettare samarbeid med biblioteket. Dette vil me kalle Leseløftet og få det inn på ny strategiplan. Det blir særleg viktig å stimulere til meir lesing hos gutar. Dei kjem dårlegare ut enn jenter på statistikk som viser leseaktivitet og mengde hos ungdom i Noreg.

Me fekk digitale tavler i tre klasserom i 2019. Bruken av digitale tavler har gitt nye og framtidsretta endringar i undervisningspraksisen vår.

*Tilpassa opplæring:* Dei siste åra har me endra ein del praksis med organisering av spesialpedagogikk i tråd med nasjonale føringar. Dersom Deloitte-rapporten peiker på ein del endringar som må gjerast, vil dette følgjast opp vidare neste år.

*Planoversikt over retningslinjer og rutinar:* Ei rekke tiltak er gjort for å systematisere planar og auke samarbeid mellom barneskule og ungdomsskule, men det er ein del som står att for å ha ein raud tråd gjennom heile grunnskulen. Skulane samarbeidde òg om felles mal for ny heimeside som vart starta på slutten av 2019.
Samnanger ungdomsskule sitt slagord gjeld i høgste grad òg for dei vaksne som jobbar på skulen. Me er ein lærande organisasjon, og me skal heile tida utvikle oss vidare. God trivsel blant dei tilsette fremjar òg resultata og kan dessutan vera med på å halde fråværet lågt.

**Grunnskulepoeng Samnanger ungdomsskule (SAUS) og Hordaland (H) Nasjonalt (N)**

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|
| Gjennomsnittlege grunnskulepoeng | 41,2 SUS<br>41,4 H<br>40,8 N | 43,9 SUS<br>41,6 H<br>41,2 N | 45,6 SUS<br>41,8 H<br>41,4 N | 43 SUS<br>42,3 H<br>41, 8 N | 42,8 SUS<br>42,1 H<br>42,0 N |

**Nasjonale prøver Samnanger ungdomsskule (SUS) og Hordaland (H) Nasjonalt (N)**

| 2017-2019 | SUS-17 | H-17 | N-17 | SUS-18 | H-18 | N-18 | SUS-19 | H-19 | N-19 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Lesing 8 tr | 50 | 49 | 50 | 47 | 49 | 50 | 49 | 49 | 50 |
| Lesing 9 tr | 57 | 53 | 54 | 45 | 53 | 53 | 54 | 53 | 54 |
| Engelsk 8 tr | 51 | 50 | 50 | 48 | 50 | 50 | 51 | 50 | 50 |
| Rekning 8 tr | 51 | 50 | 50 | 48 | 49 | 50 | 50 | 49 | 50 |
| Rekning 9 tr | 54 | 54 | 54 | 55 | 54 | 54 | 53 | 53 | 54 |

Resultata syner at me nådde målet om å vera over snittet i Hordaland i grunnskulepoeng. Det same gjeld for resultata på dei nasjonale prøvene i engelsk og rekning på 8.trinn og lesing på 9.trinn. Lesing på 8.trinn og rekning på 9.trinn er likt med resultata i Hordaland.

**Eksamen:** I 2019 kom elevane opp i skriftleg eksamen i norsk og munnleg eksamen i engelsk og matematikk. Resultata samsvarte bra med standpunktkarakterane.

**Kompetanseheving:** Ein lærar tek vidareutdanning i naturfag, og ein annan lærar tek vidareurdanning i matematikk som går over to år. Ho vert med det kvalifisert som lærarspesialist.

**Det psykososiale skulemiljøet:** *Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring* (§9A-2 i opplæringslova). Me arbeider kvar dag for å nå dette målet og set inn tiltak som lovverket krev gjennom Aktivitetsplikten. I tillegg set me i gang forebyggjande tiltak og fellesopplevingar for å styrke skulemiljøet. Tett samarbeid mellom kontaktlærar, sosiallærar, leiing, skulehelsetenesta, PPT og andre fagmiljø er svært viktig og fungerer godt. I haust vart det arrangert felles temakveld for føresette frå både Samnanger barneskule og Samnanger ungdomsskule med Barnevakten som foredragshaldar. Tema var: Korleis kan me som føresette engasjere oss i den digitale verda til barna/ungdomen, og korleis kan barna lære å ta smarte val på nett, mobil og spel? Me har òg hatt vitjing av politiet i høve til førebyggjande arbeid når det gjeld misbruk som t.d. digitale media og konsekvensen av dette. Psyksisk helsedag vart òg arrangert i år i tråd med planane våre.

**Økonomien**: Skulen har halde seg innanfor gjeldande budsjettramme, og me har vore nøktern. Me har gjort ein del innkjøp i forhold til utemiljøet med øyremerka midlar, og dessutan har me gjort ein del innkjøp til valfaget i programmering som vil komme fleire til nytte med fagfornyinga. Ein del nødvendig innkjøp har ikkje blitt gjort, på grunn av stram økonomi og innkjøpsstopp. (fornying av pultar, oppussing av kantina, stolar og fleire digitale tavler mm). Dette vert naudsynt å få gjort i 2020. Det same gjeld utbetring av varme og ventilasjon i ein del rom.

**Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**
Det har vore gjennomført brukarundersøking hausten 2019. Denne undersøkinga og medarbeidarsamtalene viser høg trivsel. Dei tilsette samarbeider godt i ulike team og i samla fellesskap.
Me har størst fokus på samla kompetanseheving innanfor fagfornyinga i år og neste år. Dei tilsette er engasjerte, men det er viktig å ikkje gape over for mange andre prosjekt som kanskje ikkje blir fullførte og som igjen kan føre til mindre motivasjon, trivsel og kvalitet.
Me har i fleire år hatt jule- og sommaravslutning og nokre ganger felles kulturopplevingar for dei tilsette på fritida. Kanskje kan denne aktiviteten utvidast for å styrke samhaldet oss imellom.

Ungdomsskulen har eit sjukefråvær på 6,73 %. Einingsleiar opplever eit godt samarbeid med bedriftshelsetenesta, helsetenesta i kommunen og andre instansar når det er naudsynt. I 2019 har me hatt lengre sjukemeldingar, og me har prøvd å legge til rette for eit inkluderande arbeidsmiljø.

**Miljøtiltak og energiøkonomisering**
Handtering av papir og søppel fungerer jamt godt. Skulen er ein arena for opplæring, og målet er å få betre rutinar for sorteringar. Dette er satsingsfelt «Grøn skule» i 2020. Skulen har hausten 2019 sendt inn søknad om sertifisering som Grøn skule FEE (https://grontflagg.fee.no/) ved å setja i gang konkrete tiltak. Me fekk godkjend søknaden, og på nyåret 2020 set me i gang med konkrete tiltak for å betre avfallsorteringa.
Samnanger ungdomsskule vil engasjere seg meir med å jobbe med tema rundt berekraftig miljø i åra framover. Det vert nye satsingsfelt kvart år. Dette er òg i tråd med fagfornyinga.
Energisparande tiltak med betre ventilasjon vil kunna redusere straumforbruket. No er det mykje utlufting ved å opne vindauga og tap av varme.

**Spesielle hendingar i 2019**
Skulen vart MOT-skule i 2019 der to lærarar har fått opplæring før oppstart av programmet for å gi dei unge reiskap til å styrke si psykiske helse og takle motgang og utfordringar og fremja samhald.

Skulen har meldt seg på Juniorforskarprosjekt der ein lærar og to elevar vil få opplæring før ein startar med gjennomføringa av elevstyrte forskningsprosjekt i 2020.



Utemiljøet har blitt utvikla vidare med blant anna bordtennisbord og volleyballbane i løpet av hausten 2019. (Foto: Hege T. Jonathanson)

Me har i år sett i gang ny heimeside som har som mål å gje meir innblikk i kva me gjer på denne skulen og ein stad der ein finn viktig info om skulen.

I tillegg er det ei rekke hendingar som har blitt tradisjon ved skulen. Her er nokre døme: Psykisk helsedag, kafédrift 9.kl, museumsbesøk i Bergen innanfor kunst og historie og lokalhistoriske opplegg på Ospekleiva. Me får òg mange spennande kulturskulebesøk med musikk, teater, litteratur og film kvart år gjennom Den kulturelle skulesekken.

**Utfordringar i året som gjekk**
Me er inne i ein omstillingsfase med implementering av fagfornyinga. Store delar av fellestida vår går til felles kompetanseheving for å verta godt rusta til fagfornyinga hausten 2020.

Utsetjing av forbetringar innanfor varme og ventilasjon ved skulen er ei utfordring for innemiljøet.

Elles møter me på utfordringar kvar dag, men me er svært løysingsorienterte og klarer å finna gode løysingar på mykje.

# Investeringar

I 2019 var det 23 små og større investeringsprosjekt. 15 prosjekt var med i opphavleg budsjett, men nokre av desse er ikkje starta opp. Dette gjeld mellom anna gangsti til Hagabotnane og badevik på Bjørkheim.

Det er i tillegg fleire investeringsprosjekt som ikkje er ferdigstilt i 2019 og som vil fortsette i 2020. Revidert budsjett er justert ned i samsvar med den informasjonen som var tilgjengeleg pr. november 2019. Dette gjeld mellom anna VA Tysse og høgdebasseng Nordbygda, ras- og flaumsikring og bufelleskapet på Skottabakken som står ferdig mars 2020.

Det vert laga byggerekneskap på alle større investeringsprosjekt.

Totalt er det brukt 52,34 mnok i 2019. Dette er 6,7 mnok lågare enn i revidert budsjett.

| | Kostnadsramme | | | Rekneskap | | | Avvik | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Opphavleg | Justert | rev. budsjett 2019 | Sum 2011-2017 | 2018 | 2019 | Mot kostnads-ramme | Mot budsjett 2019 |
| **Bruk av arv, fleire prosjekt** | 921 | 1 099 | 647 | 0 | 384 | 647 | -67 | 0 |
| **Bu og aktivitetssenter bygging** | 43 900 | 43 900 | 42 168 | 0 | 925 | 38 671 | -4 304 | -3 497 |
| **Hamnahaugen renovering** | 0 | 135 | 135 | 0 | 0 | 143 | 8 | 8 |
| **Samnanger ungdomsskule** | 538 | 472 | 249 | 0 | 212 | 252 | -9 | 2 |
| **Prestebustad, selt 2019** | 3 000 | 3 825 | 3 800 | 7 | 27 | 3 800 | 9 | 0 |
| **Tomtar på Lønnebakken** | 0 | 450 | 450 | 0 | 0 | 880 | 430 | 430 |
| **Ung.skulen uteområde** | 125 | 125 | 121 | 0 | 0 | 111 | -14 | -10 |
| **Barnehage, uteområde** | 125 | 124 | 62 | 0 | 121 | 62 | 59 | 0 |
| **Høgdebasseng Nordbygda** | 1 390 | 1 390 | 490 | 0 | 0 | 396 | -994 | -94 |
| **VA Tysse** | 6 100 | 6 100 | 2 000 | 0 | 119 | 1 261 | -4 720 | -739 |
| **Veg, sikring Liavegen** | 2 813 | 2 307 | 291 | 0 | 1 366 | 264 | -678 | -27 |
| **Veg Tveitaflatane** | 2 000 | 574 | 574 | 0 | 0 | 370 | -204 | -204 |
| **veg til Nyutløtræ** | 0 | 1 342 | 1 342 | 0 | 0 | 1 209 | -133 | -133 |
| **Veg til Hagabotnane, sikring** | 0 | 324 | 324 | 0 | 0 | 133 | -192 | -192 |
| **Veg, ungdomsskulen sikring** | 0 | 477 | 477 | 0 | 0 | 477 | 0 | 0 |
| **Parkeringsplass Bjørkheim** | 0 | 1 240 | 1 201 | 0 | 149 | 6 | -1 085 | -1 195 |
| **Vegnummerering og skilting** | 313 | 313 | 297 | 0 | 0 | 239 | -73 | -58 |
| **Veg, sikring bruer** | 563 | 563 | 103 | 0 | 0 | 16 | -547 | -88 |
| **Ras- og flaumsikring** | 5 000 | 5 000 | 2 258 | 0 | 0 | 1 293 | -3 707 | -966 |
| **Utstyr, plog og løftesylinder** | 150 | 177 | 177 | 0 | 0 | 189 | 11 | 11 |
| **Elevmaskiner skule** | 0 | 125 | 125 | 0 | 0 | 125 | 0 | 0 |
| **Skifte løn- og økonomisysten (Visma)** | 0 | 0 | 238 | 0 | 0 | 192 | 192 | -46 |
| **IKTN-samarbeid** | 1 060 | 1 509 | 1 509 | 0 | 0 | 1 606 | 97 | 97 |
| **Sum oversikt** | **67 996** | **71 571** | **59 041** | | **2 918** | **52 340** | **-15 921** | **-6 701** |

*(Tall i 1000, minusteikn betyr innsparing jf. budsjett)*

I tillegg til investeringstiltaka som er med i oversikta her, er det i investeringsrekneskapen òg ført postar knytt til for eksempel tilskot til soknerådet (kr 700 000) , KLP eigenkapitalfond,

utgifter startlån, justeringsrett bibliotek, aksje/lån til Vann Vest AS, forskottering og tippemidlar. Sjå note 12 og 13.
For tiltak og investeringar som ligg under teknisk sitt ansvarsområde så vert det vist til eininga si årsmelding.

Nedanfor er ei kort omtale av andre større investeringprosjekt.

**Bu- og aktivitetssenter – «Skottabakken»**
Kostnadsramma for byggeprosjektet var på 43,9 mnok inkludert renovering av eldre del. Arbeidet med nytt bu- og aktivitetssenterer på Skottabakken starta opp på slutten av 2018 og forventa innflytting er mars 2020, noko som er om lag tre månader seinare enn planlagt. I starten av prosjektet kom det større meirutgifter til grunn- og grøftearbeid. Grunnen var dårleg, i tillegg låg ikkje leidningsnett der det var innteikna og kostnaden til BKK kom på om lag kr 228 000. Totalt vil meirutgiftene inkl BKK bli på om lag 4,5 mnok. Det er i budsjettet lagt inn ein pott til uføresette utgifter, men ikkje nok til å ta heile denne meirkostnaden. Det har i 2019 vore arbeidd med å klare å finne innsparing på andre område, men det har ikkje vore mogeleg å finne dekning for alt. Det er òg viktig at det ikkje blir innsparing på område som vil gje meirutgifter på sikt. Det er framleis knytt noko usikkerheit til kostnad med løysing mot nabo. Totalt ser prosjektet ut til å gå mot eit meirforbruk på om lag 3 mnok.

Tiltaket er medfinansiert med tilskot frå Husbanken til bebuarleilegheitene. Tiltaket dekker i tillegg både bebuarar og heimebuande funskjonshemma sitt behov for fellesareal, samt har kontor og personalfasilitetar for dei tilsette. Tiltaket vil bli finansiert med husleigeinntekter, tilskot frå Husbanken og lånemidlar på til saman 35,4 mnok inkludert byggjelån på 10,49 mnok.



**Bruk av arv på sjukeheimen**
Sjukeheimen arva i 2018 eit hus som vart selt for netto 2,9 mnok. Gevinsten frå salet skal brukast på investeringstiltak knytt til sjukeheimen. Kommunestyret har vedtatt å fordele midlane ut over ein periode på åtte år, men det er opna opp for å hente inn eller overføre mellom to år. I 2019 har sjukeheimen hatt fleire prosjekt som er finansiert med denne gåva. Siste faktura som gjeld ressursstyringssystemet som var på plass i 2018, er ført i 2019, det er kome på plass internett i alle rom, det er òg på plass solskjerming og det har vore naudsynt å bygge skjerming av nokre rom, i tillegg til å få på plass eit alarmsystem. Totalt har sjukeheimen brukt kr 647 058 inkl. moms i 2019.

**IKTNH**
Kommunen si IKT-drift vart overført til IKT Nordhordland (IKTNH) i månadsskiftet mars/april 2019. I samband med flyttinga måtte ein god del PC'ar skiftast ut, for å oppfylla IKTNH sine krav. Mykje nettverksutstyr måtte også skiftast ut og det var nødvendig med ein god del konsulenthjelp frå IKTNH i samband med flyttinga, samt konsulenthjelp frå leverandørar av fagsystem som skulle flyttast frå kommunen sine serverar til IKTNH sine serverar. Det var også litt overtidsarbeid, men mindre enn forventa. I tillegg til det som er ført i investering er det og kr 111 000 som er ført som driftskostnad. Dette gjeld mellom anna kostnad til smart-kort m/tilhøyrande utstyr for å kunne bruka IKTNH si printerløysing.

Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Til kommunestyret i Samnanger kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

## Uttale om årsrekneskapen

*Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Samnanger kommune som viser kr 163.997.506 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 20.105. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

*Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

*Ytterlegare informasjon*

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

*Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

*Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han,

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Registrert i Foretaksregisteret
Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS

åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feile presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

## Utsegn om andre lovmessige krav

*Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 *«Attestasjons-oppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 20. april 2020
Deloitte AS



**Unni-Renate Moe**
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet
Rådmann

Deloitte.

Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Samnanger kommune
Att.: Rådmann Charlotte Hageberg
Tyssevegen 217

5650 TYSSE

**Revisjonsrapport nr. 10**
(journalføres)

15. april 2020

## REVISJONSRAPPORT 2019

### 1 Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2019. Vi vil nytta høve til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet og tilhøve vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som er av interesse for leiinga i kommunen.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar, og for å gje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil sei at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjonen og organisasjonen sine rutinar. Vi kartlegg og vurderer derfor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskaps-rapporteringa.

Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablere og gjennomføre ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lovar og forskrifter og at formueforvaltinga er ordna på ein trygg måte.

### 2 Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstiller dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

### 3 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har vore retta mot å verifisere balansepostane per 31.12.2019, samt at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. Inkludert i vår revisjon har vi kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar som løn, tilskot, avdrag og avskrivingar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentere enkelte tilhøve nedanfor. Desse vil ikkje ha konsekvens for revisjonsmeldinga vår.

### 4 Andre tilhøve

#### *4.1 Rutinar avstemming løn mot pensjonssystem*

Vår gjennomgang av avstemming mellom løns- og pensjonssystemet viser at kommunen ikkje har tilfredsstillande rutinar knytt til avstemming av informasjon i lønssystemet Agresso mot data i

Penneo Dokumentnøkkel: XEQ0T-3L07U-DFDDT-QJHUZ-BFWAJ-2PN5M

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Registrert i Foretaksregisteret
Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS

pensjonssystemet til KLP. Kommunen har ikkje gjennomført avstemming av informasjon i lønssystemet mot medlemsdata i pensjonssystemet per 31.12.2019. Det er også manglande oppfølging av tidlegare avvik avdekka i kontrollen, då vi kan sjå at det er dei same avvika i medlemskontrollen som er gjennomført 30.09.2019 og 06.12.2019.

### *4.2 Reiserekningar*

Vår gjennomgang av reiserekningar avdekka ei reiserekning med manglande original dokumentasjon for den aktuelle reisa. Vidare er det avdekka ei reiserekning utan påført formål. Dette er ikkje tilfredsstillande med omsyn til krava i skattebetalingsforskrifta § 5-6-12. Vi tilrår at kommunen gjennomgår rutinane sine og syter for at reiserekningar som vert bokført oppfyller krava i skattebetalingsforskrifta.

### *4.3 Fullmakter bank*

Gjennomgang av bankrutinar og bankoppgåver viser at det føreligg einefullmakter for betaling i bank. Vi er klar over at dobbel signering i bank vil vere ei utfordring i praksis, men vi tilrår kommunen å implementere slik rutine for å auke arbeidsdelinga. Vi viser og til rapport nr. 8 der same forhold vart omtala.

### *4.4 Rutinar oppfølging av uteståande kundefordringar*

I kundereskontro ligg det fleire gamle fordringar. Kundefordringar utgjer MNOK 3,4 per 31.12.2019, av desse er MNOK 0,3 forfalne i 2018 eller tidlegare. Manglande oppfølging av kundefordringar kan medføre tapt inntekt. Vi tilrår kommunen å arbeide med jamleg oppfølging og purring av uteståande kundefordringar. Vi ser at dette ikkje har blitt prioritert i 2019 på grunn av andre arbeidsoppgåver.

## 5 Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Vi takkar for godt samarbeid.

Med venleg helsing
Deloitte AS

**Unni-Renate Moe**
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet

Penneo Dokumentnøkkel: XEQ0T-3L07U-DFDDT-QJHUZ-BFWAJ-2PN5M

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

**Unni-Renate Moe**
**Statsautorisert revisor**
*Serienummer: 9578-5995-4-99839*
*IP: 217.173.xxx.xxx*
*2020-04-15 16:27:03Z*

bankID

Penneo Dokumentnøkkel: XEQ0T-3L07U-DFDDT-QJHUZ-BFWAJ-2PN5M

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

**Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?**
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - **https://penneo.com/validate**

Samnanger kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**
Saksframlegg

**Saknr:** 2019/96-5
**Saksbehandlar:** Einar Kåre Ulla

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Samnanger kommune | 16/20 | 19.05.2020 |

# Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 - Prosessmøte 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal kontrollutvalet behandle i møte 28.09.2020 og sakstilfanget vert å sende sekretariatet innan 07.09.2020.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å gjera greie for neste trinn i kontrollutvalet sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) som skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon for denne perioden. Kontrollutvalet skal i møtet gjennomføre si endelege prioritering til plan for forvaltningsrevisjon. Innstilling i høve plan for forvaltningsrevisjon skal så handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

| | |
|---|---|
| Hogne Haktorson | Einar Kåre Ulla |
| Kontrollsjef | seniorrådgjevar |

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Risiko- og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 - Samnanger kommune

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 55/19 i møte 11.12.2019:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderinger av verksemda i Samnanger kommune og verksemda i kommunen sine selskap, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.
2. Forslag til prosjektplan av november 2019, med dei endringer som kjem fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2020 og at prosessmøte 2 vert gjennomført i andre møte i kontrollutvalet i 2020
4. Det er ei målsettjing at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 skal leggjast fram for kommunestyret i mai eller juni møtet.

Det vart gjennomført prosessmøte 1 i møte 06.03.2020 PS 4/20, der dette vart vedteke:

> Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å starte opp og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtek plan for forvaltningsrevisjon, jf. kommunelova § 23-3

### Vurderingar og verknader

I dette møtet har Deloitte lagt opp til å gjennomføre «Prosessmøte 2» som i den godkjende prosjektplanen vert omtala slik:

> *«Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege prioritering til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta bli ferdiggjort og lagt fram for kontrollutvalet i god tid før møtet. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert i ei risikovurdering, inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1. På bakgrunn av risikoanalysen vil det gå fram kva område det er knytt størst risiko til.*
>
> *Det er kontrollutvalet som i prosessmøtet skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område og selskap som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon, og .............»*

På bakgrunn av det som går fram over ligg analysedokument frå Deloitte ved som vedlegg til denne saka. Dette vil danne utgangspunktet for diskusjonen i prosessmøte 2 som vert leia av Deloitte.

Det er både naturleg og praktisk at dette prosessmøtet vert gjennomført rett før og/eller parallelt med arbeidet som skal gjennomførast innan analyse og plan for eigarskapskontroll, jf. anna sak til dette møtet.

### Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte 2, tek forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt til orientering. Sak om endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i møte i kontrollutvalet 28.09.2020.

Deloitte.



Opplysningar som kjem fram i dokumentet er i hovudsak ikkje verifisert, og kan ikkje nyttast som faktagrunnlag utan ytterlegare undersøkingar.

# Samnanger kommune

## Risiko- og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Mai 2020

«Risiko- og vesentlegvurdering for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll»

Mai 2020

Rapporten er utarbeidd for Samnanger kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

# Innhald

1. Innleiing 5
2. Organisering og nøkkeltal 8
3. Forvaltningsrevisjon - oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga 12
4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap 36
5. Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde 41
6. Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn 43
7. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar 44

# Detaljert innhaldsliste


1. Innleiing 5
   1.1 Bakgrunn 5
   1.2 Forvaltningsrevisjon 5
   1.3 Eigarskapskontroll 5
   1.4 Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll 6
   1.5 Metode og gjennomføring 6
   1.6 Lesarrettleiing 7
2. Organisering og nøkkeltal 8
   2.1 Organisering 8
   2.2 Finansielle nøkkeltal 8
   2.3 Befolkningsutvikling 9
   2.4 Kommunen sine eigarskap 10
3. Forvaltningsrevisjon - oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga 12
   3.1 Stabsfunksjonar 13
   3.2 Innbyggarservice 20
   3.3 Oppvekst 22
   3.4 Samfunnsutvikling 28
   3.5 Helse, pleie og omsorg og tenester for funksjonshemma 32
4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap 36
   4.1 Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10 37
   4.2 Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10 39
   4.3 Føretak, samarbeid og foreiningar 40
5. Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde 41
6. Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn 43
   6.1 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar 43
   6.2 Tilsyn 43
7. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar 44
   7.1 Forvaltningsrevisjon 44
   7.2 Eigarskapskontroll 45

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

I samsvar med prosjektplanar vedteke av kontrollutvalet i møte 11.12.2019 PS 55/19 og 56/19 har Deloitte gjennomført risiko- og vesentlegvurderingar (ROV-vurderingar) av Samnanger kommune si verksemd og i selskapa der Samnanger kommune har eigarinteresser. Føremålet med ROV-vurderingane har vore å skaffe relevant informasjon om dei delane av verksemda i kommunen og selskapa der kommunen har eigarinteresser, som det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll.

ROV-vurderingane er systematiserte og framstilte i dette analysedokumentet. Dokumentet dannar grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for 2020-2024. Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide slike planar. Planane skal vedtakast av kommunestyret.

I arbeidet med ROV-vurderingane og utarbeidinga av analysedokumentet har det blitt gjennomført møte med kontrollutvalet, dokumentgjennomgang, intervju og spørjeundersøking (sjå seksjon 1.5).

Analysen er av overordna karakter og i stor grad basert på innspel som har kome fram gjennom møte i kontrollutvalet, intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av relevant dokumentasjon. Datagrunnlaget er i avgrensa grad verifisert. Datagrunnlaget er i analysedokumentet nytta som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgjast opp/undersøkjast i forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar dersom kontrollutvalet og kommunestyret ønskjer dette.

## 1.2 Forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3 går det fram at forvaltningsrevisjon inneber å gjere systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Same lov § 23-2 bokstav c), pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

> Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Det er vidare eit krav at plan om forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurdering):

> Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

## 1.3 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter kommunelova § 23-2 bokstav d), og er nærare skildra i kommunelova § 23-4. Der går det fram at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser blir skjøtta i samsvar med regelverk, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

> Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

Som med plan for forvaltningsrevisjon, skal også plan for eigarskapskontroll vere basert på ei ROV-vurdering:

> Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om kor det er størst behov for eigarskapskontroll, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for eigarskapskontroll og å prioritere kva eigarskapskontrollar det kan vere aktuelt å gjennomføre.

Det er kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

## 1.4 Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll

Ny kommunelov skil mellom forvaltningsrevisjon av selskap som inngår i ordinær forvaltningsrevisjon, og eigarskapskontroll. Fokuset i ein **eigarskapskontroll** er på korleis kommunen forvaltar eigarskapa sine, anten enkeltvis eller som portefølje. Kriteria vi legg til grunn er mellom anna regelverk knytt til ulike typar selskap (til dømes kommunelov, aksjelov, lov om interkommunale selskap), KS sine retningslinjer for kommunal eigarstyring, kommunale eigarskapsmeldingar/eigarstrategiar og andre mål, vedtak og retningslinjer. Fokuset i ein **forvaltningsrevisjon av selskap** er på sjølve selskapet, og vil t.d. omhandle om selskapet driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, og om det driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

## 1.5 Metode og gjennomføring

I prosessen med ROV-vurderingar har vi nytta ein metodikk med høg grad av involvering, både av kontrollutvalet og av sentrale aktørar i administrasjonen og i kommunestyret. Ei slik tilnærming har bidrege til at vi har avdekka kva forvaltningsområde, tenesteområde, selskap og eigarskap det er knytt størst risiko til. I tillegg har høg grad av involvering bidrege til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i kommunestyret og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføring av prosjekta som blir prioritert i planane.

### 1.5.1 Prosessmøte 1 med kontrollutvalet

I det første prosessmøtet fekk kontrollutvalet høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

### 1.5.2 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tok utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå kommunen. Vi har òg undersøkt kva tilsyn som er gjennomført og eventuelt planlagt i kommunen. Desse har samla gitt eit oversyn over kommunen sine mål og strategiar, samt bidrege til å avdekkje område med risiko eller behov for forbetring.

### 1.5.3 Analyse av statistikk

Vi har gjennomgått KOSTRA-tal, tal frå kommunebarometeret og anna relevant statistikk som ligg føre for å undersøke om det er område der kommunen skil seg frå kommunar det er relevant å samanlikne seg med. Samanlikningane kan gje indikasjonar på risikoområde som det kan vere relevant å undersøke nærare.

### 1.5.4 Intervju

Vi har gjort intervju med rådmann, HR-leiar, leiande rådgjevar, økonomisjef, einingsleiar innbyggarservice, leiar for samfunnsutvikling og rådgjevar oppvekst. I tillegg har vi intervjua ordførar, varaordførar og leiar for naturutvalet. Til saman er det gjennomført 10 intervju, og alle intervjua er gjennomført via videomøte eller over telefon.

### 1.5.5 Elektronisk spørjeundersøking

Administrative leiarar og heile kommunestyret har vore involvert i ROV-vurderingane gjennom ei undersøking i Questback (elektronisk spørjeundersøkingsverktøy). I spørjeundersøkinga blei desse bedne

om å peike på potensielle risikoar innanfor det tenesteområdet dei har ansvar for eller kjenner til, samt risikoområde knytt til selskap kommunen eig. 21 av 41 respondentar svara på undersøkinga (51 %),

#### 1.5.6 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase

Deloitte har nytta Bisnode SmartCheck for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og eigarskapsstruktur. Denne informasjonen er nytta både for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattast av ROV-vurderingane, og for å avdekkje eventuelle risikoar gjennom dei finansielle nøkkeltala som blir presentert[1].

#### 1.5.7 Prosessmøte 2 med kontrollutvalet

I dette møtet legg revisjonen fram ROV-vurderingane (dette dokumentet) med dei risikovurderingane som er gjennomførte for kontrollutvalet. ROV-vurderingane og forslag til prosjekt vil i dette møtet bli lagt til grunn når kontrollutvalet skal prioritere område eller prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for dei neste fire åra.

#### 1.5.8 Vedtak av plandokument

Basert på dei prioriteringane som kontrollutvalet gjer i prosessmøte 2, vil det bli utarbeidd eit plandokument. Dette dokumentet blir vedtatt av kontrollutvalet før det blir sendt vidare til kommunestyret for endeleg vedtak.

### 1.6 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den ROV-vurderinga er systematiserte og framstilte i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar.

I kapittel 2 gir vi ei kort oversikt over organiseringa av og nøkkeltala for kommunen.

Kapittel 3 og 4 omhandlar forvaltningsrevisjon. Her presenterer vi oversikt over identifiserte risikoområde innan dei ulike verksemdsområda og eigarskapa til kommunen som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet. Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av kommunen sine tenesteområde og dei selskap kommunen har eigarskap i.

I kapittel 5 presenterer vi dei risikovurderingane vi har gjort for kommunen når det gjeld eigarskapskontroll.

Kapittel 6 inneheld oversikt over tidlegare gjennomførte og pågåande forvaltningsrevisjonar, selskaps-kontrollar, eigarskapskontrollar, samt oversikt over gjennomførte og planlagde tilsyn.

I kapittel 7 viser vi forslaga våre til moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar basert på dei risikovurderingane som er gjennomførte. Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og/eller ta bort prosjekt i lista som her er presentert. Endeleg prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 og plan for eigarskapskontroll 2020-2024, som skal leggjast fram for kommunestyret.

[1] Ikkje alle interkommunale selskap (IKS) er underlagt innleveringsplikt til Brønnøysundregisteret. Det førekjem også at slike selskap ikkje leverer årsrekneskap til Brønnøysundregisteret. I desse tilfella har ikkje revisjonen tilgang på nøkkeltal. Slike manglande data vil bli opplyst om der det er relevant

# 2. Organisering og nøkkeltal

## 2.1 Organisering

Administrasjonen i Samnanger kommune består av rådmann og rådmannen sin stab/administrasjon. Vidare har kommunen åtte einingar direkte underlagt rådmannen: Barnehage, Samnanger barneskule, Samnanger ungdomsskule, Tenester for funksjonshemma, Helse, Pleie og omsorg, NAV Samnanger, Innbyggarservice og Samfunnsutvikling.

Figur 1 Organisasjonskart Samnanger kommune 2020[2]




## 2.2 Finansielle nøkkeltal

**Netto driftsresultat** er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, jf. berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane er på 1,75 %. Samnanger kommune har i budsjett for 2020 sett mål om netto driftsresultat på 1,75 %, altså likt det tilrådde nivået frå TBU.[3]

Netto driftsresultat i Samnanger kommune var i 2018 på om lag NOK 1,26 millionar. Dette er 1,38 % av driftsresultatet, altså under det tilrådde nivået frå TBU.

2020 budsjettet legg opp til eit netto driftsresultat på 0,6 %, altså godt under tilrådd nivå på 1,75 %. I budsjettoppstillingane for 2021, 2022 og 2023 i økonomiplanen, er netto driftsresultat minkande framover, og negativt i 2021 og 2023. Det blir i økonomiplanen vist til at det er ei rekkje vedtak som har verknad på budsjett og økonomiplanen, mellom anna blir det i 2020 tatt opp eit lån på NOK 14,5 millionar for å finansiere vatn og avløp. Finansrapporteringa 2. tertial i 2019 viser vidare til at det er tatt opp eit lån på NOK 22 millionar til investeringar i bustader for funksjonshemma (*Skottabakken)*, og at det i tillegg skal takast opp eit byggjelån på NOK 10,5 millionar. Budsjettet legg opp til ein samla sum utgifter til investeringar på om lag NOK 46 millionar i 2020, NOK 11,7 millionar i 2021 og NOK 6,7 millionar i 2022 og 2023.

Disposisjonsfondet er kommunen sin reserve til å dekke uføresette utgifter, sviktande inntekter, underskot og eigenkapital til investeringar. Ifølgje kommunebarometeret har Samnanger kommune i 2019 eit **disposisjonsfond** på 3,9 %. Dette er lågare enn kommunegruppa (11,5 %). Kor stort disposisjonsfondet bør vere for at kommunen skal kunne ta hand om ein rimeleg risiko, varierer relativt til øvre økonomiske parameter (mellom anna renteeksponert gjeld, høg skatteinntekt som del av total inntekt, og høge finansinntekter relativt til andre inntekter). Frå vedtaket om budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 går det fram under punkt 7 at kommunestyret vedtar at disposisjonsfondet skal ligge på om lag NOK 15 millionar og at lånegjelda til kommunen ikkje skal overstige NOK 240 millionar. Tal frå

[2] Henta frå: Henta frå: https://www.samnanger.kommune.no/kommunal-organisasjon/administrativ-organisering/
[3] Vedtak i kommunestyret i sak 96/2019.

finansrapporteringa 2. tertial i 2019 viser at kommunen har ei samla langsiktig gjeld på NOK 225 millionar per 31. august 2019.

Det går vidare fram av økonomirapporteringa per 2. tertial 2019 at Samnanger hadde ein skatteinngang på 90,7 % av landsgjennomsnittet i august 2019. Etter inntektsutjamning enda kommunen med ein skatteinngang på 95,1 % av landsgjennomsnittet. I økonomiplan 2020-2023 går det fram at gjennomsnittleg prosentdel sysselsette innbyggarar på landsbasis er 81, 3 %, og at prosentdelen i Samnanger ligg på 79,5 %. Det er venta at det blir færre yrkesaktive innbyggarar i kommunen dei neste fire åra, noko som vil kunne gje reduksjon i skatteinntektene og kan forverre kommunen sin økonomi.

Den største delen av kommunen sine inntekter kjem frå rammetilskot og skatt. Kommunen har òg betydelege inntekter frå eigedomsskatt og konsesjonskraft. Det går fram av økonomiplanen at kommunen må gjere tilpassingar for å oppretthalde inntektsnivået på grunn av at eigedomsskattelova er endra frå 01.01.2020. Eigedomsskatteinntekt frå BKK sine kraftstasjonar i Samnanger er aukande i økonomiplanperioden.

Tabellen under viser **løyvingar til dei ulike tenesteområda** i Samnanger kommune i 2018, 2019 og 2020. Merk at tala frå 2018 er rekneskapstal, medan tala for 2019 og 2020 er løyvingar i budsjetta. Tala i parentes viser løyvingar til tenesteområda i prosent av det totale driftsbudsjettet til kommunen.[4]

Tabell 1: Løyvingar til ulike tenesteområde

| Tenesteområde | R 2018 | B 2019 | B 2020 |
|---|---|---|---|
| Rådmann og administrasjon inkl. næring og barnevern | 18 735 000 (11 %) | 20 450 000 (13 %) | 23 096 000 (13%) |
| Politisk nivå og revisjon | 2 594 000 (2 %) | 2 744 000 (2 %) | 2 717 000 (2 %) |
| Eining for samfunn og utvikling | 22 086 000 (13 %) | 20 592 000 (13 %) | 21 891 000 (13 %) |
| Eining for helse | 11 908 000 (7 %) | 11 281 000 (7 %) | 12 370 000 (7 %) |
| Eining pleie og omsorg | 47 042 000 (29 %) | 45 291 000 (28 %) | 49 851 000 (29 %) |
| Eining for barnehage | 15 296 000 (9 %) | 15 444 000 (9 %) | 15 581 000 (9 %) |
| Eining for barneskule og SFO | 20 876 000 (13 %) | 21 176 000 (13 %) | 20 984 000 (12%) |
| Eining for ungdomsskule | 10 475 000 (6 %) | 11 442 000 (7%) | 11 660 000 (7 %) |
| Eining for innbyggarservice | 15 818 000 (10 %) | 14 898 000 (9%) | 14 773 000 (9%) |
| **Sum fordelt totalt til drift** | **164 830 000 (100%)** | **163 318 000 (100%)** | **172 923 000 (100%)** |

Det største området er pleie og omsorg som utgjer om lag 30 % av driftsbudsjettet. Samla tal for oppvekstområdet utgjer om lag like stor del av driftsbudsjettet som pleie og omsorg (Barneskulen og SFO utgjer i 2018 13 % av driftsbudsjettet, ungdomsskulen 6 % og barnehage 9 %).

## 2.3 Befolkningsutvikling

Befolkningsutviklinga i kommunen er relevant å omtale av fleire årsaker. For det første er innbyggjartilskot ein del av inntektssystemet til kommunane. Vidare må dei kommunale tenestene tilpassast demografiske endringar.

[4] Tala i tabellen er henta frå budsjettskjema *netto driftsutgifter* i vedtatt budsjett i KS-vedtak 96/2019. Tabellen viser fordeling av tilgjengelege midlar til dei ulike tenesteområda i kommunen.

Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar (talet på innbyggjarar per 1. juli) til alle kommunane. Deretter skjer det ei omfordeling på bakgrunn av fleire faktorar.[5] For 2020 er innbyggjartilskotet før omfordeling 25 083 kroner per innbyggjar.

Det er venta at folketalet i kommunen vil gå ned over dei neste 20 åra, men at det vil halde seg om lag uendra dei neste fire åra.

Tabell 2: Framskrivne folketal i kommunen[6]

| Nøkkeltal SSB | | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2030 | 2040 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Folketal Samnanger | | 2462 | 2448 | 2442 | 2432 | 2373 | 2213 |
| | Døme på tenestebehov | | | | | | |
| 0-5 år | Barnehage | 157 | 142 | 137 | 124 | 120 | 101 |
| 6-15 år | Grunnskule | 288 | 296 | 295 | 298 | 232 | 189 |
| 16-66 år | Bustad og sysselsetjing | 1534 | 1509 | 1501 | 1488 | 1383 | 1223 |
| 67 år og eldre | Eldreomsorg | 483 | 501 | 509 | 522 | 638 | 700 |

Innbyggarar i Samnanger i aldersgruppa 45-64 år utgjer 27% av befolkninga. Aldersgruppa mellom 25-44 år er den nest største med 23 %. Samnanger kommune har færre innbyggarar frå 0-44 år enn landssnittet.

Samnanger kommune hadde 2485 innbyggjarar ved utgangen av 2019.[7]

## 2.4 Kommunen sine eigarskap

Samnanger kommune har eigarinteresser i fire selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar, og i to selskap med innslag av private eller statlege aktørar på eigarsida. Kommunen sine eigarskap vil bli nærare omtalt i kapittel 4. Eigarskapa går fram i tabellen under:

Tabell 3: Eigarskap

| Selskap | Bransje | Selskapsform | Eigardel |
|---|---|---|---|
| Vann vest AS | Vatn- og avlaupsverksemd | AS | 5,56 % |
| Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS | Drift av arkiv | IKS | 3,4 % |
| BIR AS | Renovasjon | AS | 0,88 % |
| Hardangervegen AS | Interesseorganisasjon for eit effektiv vegsamband mellom Odda og Bergen | AS | 0,548 % |

[5] Størsteparten av kommunane sine rammetilskot blir fordelt med utgangspunkt med eit likt beløp per innbyggjar. Utgiftsutjamninga skjer ved hjelp av ein kostnadsnøkkel som sørgjer for at denne delen av rammetilskotet blir fordelt frå kommunar som er rimelegare å drive enn landsgjennomsnittet, til kommunar som er dyrare å drive enn landsgjennomsnittet. Kostnadsnøkkelen består av ei rekke kriterium, mellom anna talet på barn i skulepliktig alder, talet på eldre, reiseavstand i kommunen mv.
[6] Tabellen er henta frå økonomiplan 2020-2023.
[7] Talet er henta frå statistisk sentralbyrå: https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra/samnanger/befolkningsprofil

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kommunekraft AS | Formidlar kraft på vegner av aksjonærkundane | AS | 0,31 % |
| Hardanger AKS AS (Storholmen VTA AS) | Attføringsverksemd | AS | 9,6 % |

Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon, og er derfor omfatta av ROV-vurderingane knytt til dette. Stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon av selskap, og er difor ikkje omtala i denne delen av ROV-vurderinga. Både kommunale føretak, vertskommunesamarbeid, stiftingar og foreiningar er lista opp i seksjon 4.3, og eventuelt drøfta i ROV-vurderinga om dette er vurdert som relevant.

# 3. Forvaltningsrevisjon - oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, vil vi i dette kapittelet vurdere risiko for manglande målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging og internkontroll som er identifisert innan dei verksemdsområda som er gjennomgått i Samnanger kommune.

Overskriftene i kapittel 3.1-3.4 følgjer den administrative organiseringa i Samnanger kommune.

Risikonivå er i tabellane farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

| Fargesymbol | Skildring av risikovurdering |
|---|---|
|  | **Høg risiko**<br><br>På område som er merka med raudt meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet. |
|  | **Middels risiko**<br><br>På område som er merka med gult meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet. |

I tabellane under vil vi under kvar sektor omtale utvalde område og tema. Dette er område og tema som blir framheva i dei data som revisjonen har analysert. Det betyr at område der det ikkje eksplisitt er identifisert risiko ikkje er omtala.

Det blir kommentert dersom det er planlagt tilsyn eller gjennomført forvaltningsrevisjonar eller tilsyn dei siste åra innanfor dei områda og temaa som er omtala.

Under kvart område identifiserer vi dei hovudtema analysen viser at det er knytt risiko til. Dette vil vere naturlege moment som takast med i ein eventuell forvaltningsrevisjon.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønnsmessige, og at vurderingane er baserte på tilgjengeleg informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i dei planane som blir lagt fram for kommunestyret.
Vi vil ta atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen.

## 3.1 Stabsfunksjonar

Rådmannskontoret består av rådmann, HR-kontor, økonomikontor, rådgjevarar og PPT. Budsjettansvar for barnevern, næringsføremål/konsesjonskraft, leiaropplæring og fellesutgifter for skule og barnehage (inkludert vaksenopplæring) ligg òg til dette området.

Samnanger kommune kjøper barnevernstenester frå Bergen kommune – bydel Arna. Samnanger har også avtale om barnevernsvakt knytt til dette.

Samnanger kommune blei i 2019 medlem av IKT Nordhordland. IKT Nordhordland har ansvar for utvikling og drift av den grunnleggande IKT-strukturen i til saman ti kommunar i Vestland fylke.

Tabell 4: Identifiserte risikoområde knytt til stabsfunksjonar

| Område og tema | Observasjonar | Vurderingar/moglege konsekvensar | Risiko |
|---|---|---|---|
| **Bemanning og sjukefråvær**<br>• Sjukefråværsoppfølging<br>• Rekruttering | I økonomiplan 2020-2023 blir det vist til at kommunen i 2020 vil arbeide meir systematisk med å førebygge sjukefråvær og å halde sjukefråværet lågast mogleg.<br><br>I årsrapporten for 2018 går det fram at kommunen dette året starta eit prosjekt for å aktivt jobbe med å få ned sjukefråværet i kommunen. Utgangspunktet for prosjektet var at det var eit høgt sjukefråvær i enkelte einingar medan det ikkje var ei like stor utfordring i andre einingar. Det blei i samband med prosjektet haldt kurs i sjukefråværsoppfølging for einingsleiarar, hovudverneombod og hovudtillitsvalde. I oversikta over sjukefråvær per eining i årsrapporten for 2018 går det fram at det var størst utfordring med sjukefråvær i barnehagane (om lag 12,5 %), heimetenesta (om lag 11 %), og barneskulen (om lag 7 %). I barnehagen blei det starta eit prosjekt med støtte frå KLP til å jobba konkret med å få ned sjukefråværet.<br><br>Det totale sjukefråværet i Samnanger kommune i 2018 på var 6,7 prosent (7,7 prosent i 2017).<br><br>Det går fram av undersøkinga at det er utfordringar knytt til å rekruttere sjukepleiarar og vernepleiarar i kommunen. | • Høgare kostnadar<br>• Mindre kontinuitet/stabilitet i tenestene<br>• Dårlegare kvalitet i tenestene<br>• Manglande effektivitet og målinnfriing<br>• Brot på lovpålagde fristar | |
| **Informasjon og kundekontakt**<br>• Ny kommunelov<br>• Informasjon til/frå kommunen<br>• Kompetanse | I ny kommunelov er det eigne krav til kommunen si informasjonsplikt.<br><br>I undersøkinga blir det peika på at det kan vere utfordrande å få svar når ein sender inn spørsmål til kommunen. Ein respondent i spørjeundersøkinga peiker på at innbyggarar fortel om manglande tilbakemeldingar og respons på henvendelsar til kommunen. Dette gjeld mellom anna manglande stadfesting på at søknadar er mottatt, kva som er venta handsamingstid o.l. | • Redusert tillit i befolkninga<br>• Regelbrot<br>• Manglande effektivitet og målinnfriing | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det blir av fleire vist til behov for å få betre heimesider for kommunen. Mellom anna blir det etterlyst betre informasjon om kvar innbyggarane skal melde inn saker.<br><br>Det blir vidare vist til at sentralbordet i kommunen også bør ha kompetanse om kvar innbyggarar skal henvende seg med ulike saker, slik at dette kan handsamast på lågast mogleg nivå. Det blir opplyst at status innan nokre område i dag er at klager og meldingar ikkje kjem direkte fram til rett sakshandsamar, og at dette fører til unødvendig tidsbruk, lite effektiv handsaming og misnøye hos tilsette og innbyggarar. | | |
| **Sakshandsaming og vedtaksoppfølging**<br>• System for å førebu politiske saker<br>• System for å følgje opp politiske vedtak<br>• Fristar og framdriftsplanar<br>• Kompetanse<br>• Kapasitet | I spørjeundersøkinga blir det peika på at politiske vedtak ikkje alltid blir gjennomført slik politiske organ har vedtatt. I intervju blir det mellom anna nemnt eit vedtak der administrasjonen blei bedt om å greie ut nødvendige tiltak på ein veg og rapportere tilbake til kommunestyret. I denne saka blei arbeidet sett i gang utan at vedtaket om utgreiing og rapportering blei følgt opp.<br><br>I intervju blir det nemnt tilfelle der administrasjonen ikkje i tilstrekkeleg grad rapporterer til politisk nivå på vedtekne saker. Det går vidare fram av undersøkinga at det ikkje blir rapportert jamleg til kommunestyret på oppfølging av vedtak. Det blir vidare nemnt vedtak som ikkje har blitt følgt opp eller ikkje har blitt utført innan rimeleg tid.<br><br>I spørjeundersøkinga blir det peika på at det hender at saksførebuingane frå administrasjonen er mangelfulle.<br><br>Det blir vidare nemnt at det frå politisk nivå blir forventa raskare sakshandsaming enn det som er mogleg i høve til regelverk, eininga sin faglege kompetanse og tilgang på ressursar.<br><br>Det blir i undersøkinga stilt spørsmål ved kommunen sine rutinar for å vurdere spørsmål knytt til habilitet.<br><br>Ei prioritering av lovpålagde oppgåver blir difor nødvendig. Undersøkinga viser at det er fleire vedtekne saker i kommunestyret som ikkje har blitt gjennomført i denne eininga, og at saker kan bli skyvd på i mange år. | • Saker blir ikkje tilstrekkeleg førebudd<br>• Vedtak blir ikkje følgt opp<br>• Manglande rapportering på oppfølging av vedtak | |
| **Informasjonstryggleik og personvern**<br>• Nye lovkrav til informasjonstryggleik<br>• Tilgang<br>• IKT-samarbeid | Det nye personvernregelverket som tredde i kraft i 2018 stiller strengare krav til informasjonstryggleiken i kommunen enn kva som tidlegare var tilfelle, noko som medfører auka regulatorisk risiko.<br><br>Samnanger kommune blei del av IKT Nordhordland frå april 2019. Driftsspørsmål og risikovurderingar knytt til lagring av data blir utført av IKT Nordhordland. I økonomiplanen bli det vist til at kommunen som medlem i | • Viktig informasjon blir mista eller sensitive data kjem på avvege<br>• Brot på regelverk<br>• Persontryggleik | |

| | | |
|---|---|---|
| | IKT Nordhordland får høve til å delta i diverse samarbeids-prosjekt, mellom anna knytt til felles innkjøp av fagsystem og andre digitale løysingar. Samnanger blir også ein del av eit større fagmiljø enn tidlegare på fleire av fagsystema som blir brukt i kommunen. I intervju blir det uttrykt at IKT-samarbeidet fungerer godt og at kommunen no har kontroll på IKT-drift. Tidlegare var det knytt høg risiko til dette området i kommunen.<br><br>I spørjeundersøkinga blir det vist til at det er knytt risiko til kommunen sitt samarbeid i IKT Norhordland. Det blir vidare peika på at det er store kostnader involvert i dette samarbeidet og at det er viktige forvaltningsoppgåver som er sett ut av kommunen.<br><br>Revisjonen får opplyst at det ved eit tilfelle blei lagt ut personopplysningar på nettsidene til kommunen.<br><br>Det blir stilt spørsmål ved om kommunen er tilstrekkeleg gode på informasjonstryggleik og personvern når det gjeld arkivering av personopplysningar i tenestene på Helsetunet.<br><br>Det går fram av intervju at det er ein tilsett som arbeider med GDPR i kommunen, men at dette arbeidet ikkje er ferdigstilt.<br><br>IKT-reglementet for tilsette i Samnanger kommune sist blei revidert i 2010.[8] | |
| **HMT**<br>• Manglande rutine<br>• Tryggleikstiltak | Det går fram i undersøkinga at kommunen manglar rutine for tryggleik for sine tilsette. Det blir vist til at personar til ei kvar tid kan henvende seg direkte til leiarar og andre på arbeidsplassen.<br><br>Det blir arbeidd med tryggleikstiltak for dei tilsette innan teknisk drift som arbeider ute i kommunen, og særskilt dei som arbeider med brøyting av vegar eller er på vedlikehaldsoppdrag til personar med psykiske lidingar. I tillegg har dei i samfunnsutviklingsavdelinga byrja å praktisere låste dører inn til avdelinga og to personar på oppdrag der det er nødvendig. | • Brot på regelverk<br>• Personskade |
| **Verksemdsstyring, organisasjonskultur og internkontroll**<br>• Risikovurderingar<br>• Bruk av kvalitetssystemet<br>• Ansvar<br>• Forbetringsarbeid<br>• Kultur i organisasjonen | Krav til kommunens internkontroll er styrka i ny kommunelov.<br><br>Kommunen brukar kvalitetssystemet, KF Kvalitet. Det blir fortalt at kvalitetssystemet er lite brukarvenleg og at det er utfordrande å finne fram i mappestrukturen. Det blir stilt spørsmål ved om dokumentmodulen i kvalitetssystemet blir nytta i einingane, då rutinar og liknande blir lagt inn på intranett. | • Mangelfull internkontroll og regeletterleving<br>• Avvik blir ikkje meldt og fanga opp<br>• Risiko for at rutinar ikkje er oppdatert i samsvar med regelverk |

[8] Kommunen sine heimesider: https://www.samnanger.kommune.no/kommunal-organisasjon/planar-reglement-vedtekter-og-handboker/

| | | |
|---|---|---|
| • Delegering av mynde og ansvar | Det går fram av intervju at det er uklart for dei tilsette kven som har ansvar for kvalitetssystemet i kommunen. Det er vidare usikkert kven som har ansvar for å mellom anna revidere dokument i dokumentmodulen. Det var tidlegare sektorleiarane som hadde ansvar for å følgje opp dokumentmodulen og revidere mellom anna rutinar og retningslinjer, men etter omorganiseringa i kommunen har ikkje dette ansvaret blitt plassert.<br><br>Det blir fortalt at det blir rapportert avvik i kvalitetssystemet, men at det mest sannsynleg er underrapportering av avvik i nokre av einingane<br><br>Det blir nemnt i intervju at einingsleiarane i Samnanger opplever å få lite hjelp og støtte frå stabsfunksjonane i kommunen t.d. når det gjeld og tilsetjingsprosessar.<br><br>Fleire av dei intervjua viser til at den største utfordringa i Samnanger kommune er kulturen i organisasjonen. Det går fram at det blir arbeidd bevisst med dette, mellom anna gjennom opplæringstiltak. Det blir vist til at utfordringa er større i nokre av einingane i kommunen.<br><br>Ein av dei intervjua opplever at det er behov for ei aktiv leiing for å få gjennomslag for endringar i organisasjonen, då det har vore vist stor motvilje til forbetringsarbeid.<br><br>Undersøkinga viser at det er risiko for at oppgåver ikkje blir utført på grunn av at det er ei uklar delegering av mynde og ansvar. Det er i hovudsak den administrative delegeringa som ikkje i tilstrekkeleg grad er på plass. Det er heller ikkje sett i gang arbeid for å revidere dette, men det går fram av kommunen sin planstrategi at dette bør gjerast snarast råd. Det siste administrative delegeringsreglementet blei utforma i 2006 og er utdatert.<br><br>Kommunen skal i gang med å revidere delegeringsreglementet som omhandlar kommunestyret si delegering av mynde til rådmann. Dette skal vere ferdig handsama i 2020. Det blir fortalt at det er utfordrande å ha eit delegeringsreglement som er tilstrekkeleg, og vidare at det er knytt uvisse til kva oppgåver kommunestyret kan delegere til rådmann og ikkje. Denne problemstillinga blei til dømes aktuell då kommunen stengte ned skulane grunna Covid 19.<br><br>Kommunen har tidlegare gått til innkjøp av KF delegeringsreglement frå Kommuneforlaget, men dette blei eit for omfattande arbeid for kommunen å gjennomføre. | • Risiko for at rutinar ikkje er kjend og ikkje blir etterlevd<br>• Redusert tillit i befolkninga<br>• Manglande effektivitet og målinnfriing<br>• Dårleg arbeidsmiljø |

**Barnevern**

- Barnevernssamarbeid
- Oppfølging
- Tilsynskrav i fosterheim

I årsmeldinga frå 2018 går det fram at barnevernsleiar i Arna i Bergen kommune melder om eit godt samarbeid med Samnanger kommune og dei ulike einingane.

Det blir fortalt i intervju at kommunen ikkje har ein fast struktur på oppfølginga av barnevernssamarbeidet, men at kommunen har tillit til barnevernsleiar i Arna.

I intervjua blir det peika på at dei økonomiske rapporteringane for barnevernstenesta har vore for seine og at økonomisjef har vore nøydt til å etterspørje denne.

Det blir uttrykt at barnevernsområde er eit område politikarane har lite innsikt i, men at dette delvis kan skuldast teieplikta i tenesta.

Vidare går det fram i årsmeldinga at barnevernet får inn få meldingar. I følgje tal frå KOSTRA har det kome bekymringsmeldingar om 2,6 % av innbyggarar mellom 0-17 år i kommunen. I kommunegruppa er talet 4,3 %. KOSTRA-tala viser også at 2,6 % av barna (0-22 år) i Samnanger kommune har barnevernstiltak, samanlikna med 4,3 % i kommunegruppa.

I 2019 hadde Samnanger kommune NOK 7773,- i netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar mellom 0-22 år. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppa var NOK 9334,-. Samtidig viser tal frå KOSTRA at Samnanger i 2019 brukte NOK 111 680,- per barn med undersøking eller tiltak. Gjennomsnittet for kommunegruppa var NOK 68 250,- per barn med undersøking eller tiltak.

Tal frå KOSTRA viser at det er 9,6 barn med undersøkingar eller tiltak per. årsverk i Samnanger. Talet for kommunegruppa er 17,3. Dette tyder på god bemanning.

Både årsmeldinga for 2018 og KOSTRA viser at sakshandsamingar når det gjeld oppfølging og undersøkingar blir gjort innan lovpålagte fristar. Samtidig viser tal frå BUFDIR at 66,7 % av tilsyna i fosterheim er ikkje oppfylt. Snittet for fylket er 14.1 %. [9]

Det går vidare fram i intervju at kommunen vurderer å avslutte barnevernssamarbeidet med Bergen kommune og overta ansvaret for desse tenestene sjølve. Det skal etter planen leggast fram politisk sak om dette hausten 2020.

- Manglande etterleving av regelverk
- Mål som ikkje blir nådd
- Barn som ikkje får sikre rettane sine

[9] Henta frå: https://bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Barnevern_kommunemonitor/#/1242

| | | |
|---|---|---|
| | Det har i 2019/2020 vore gjennomført ei ekstern gransking av barnevernssaker i kommunen. Granskinga omhandlar barnevernet i Samnanger kommune si handtering av tre spesifikke saker. Det går i rapporten fram alvorlege brot på barnevernlova og god forvaltningsskikk.<br><br>Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med barnevern og helsestasjons- og skulehelsetenesta og psykisk helse i 2016. I tilsynet blei det undersøkt om kommunen gjennom systematisk styring og leiing legg til rette for og følgjer med på at helsestasjons- og skulehelsetenesta og psykisk helse oppfyller opplysningsplikt til barnevernet, at meldingar til barnevernstenesta blir handtert forsvarleg, at barnevernstenesta oppfyller plikt til å gi tilbakemelding til meldar, og om barnevern , helsestasjons- og skulehelsetenesta og psykisk helse tilbyr og brukar individuell plan når barn og unge treng langvarige og koordinerte teneste. Det blei ikkje funne avvik frå lov eller forskrift i dette tilsynet. | |
| **Innkjøp**<br>• Innkjøpssamarbeid<br>• Innkjøpskompetanse<br>• Ansvarsdeling | Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stillar strenge krav til innkjøpar. Det er slik ein ibuande regulatorisk risiko på området.<br><br>Det blei gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp i kommunen i 2018, og det går fram i protokollar frå kontrollutvalet at kommunen aktivt følgjer opp tiltaka i denne.<br><br>Samnanger kommune inngår i eit innkjøpssamarbeid som består av fleire kommunar, statlege verksemder, private sjukeheimar og Bergen kirkelige fellesråd. Innkjøpssamarbeidet blir leia av Bergen kommune. Samnanger nyttar ikkje E-handel.[10]<br><br>Det blir etterlyst ei innkjøpsavdeling i kommunen. Det blir vist til at det innan samfunnsutviklingsavdelinga er krevjande å utarbeide anbodsdokument og at fleire prosjekt har krav om utlysing på Doffin[11] og forenkla anbod.<br><br>Det går fram av kommunen sine nettsider at innkjøpsreglementet blei revidert i 2018. | • Brot på regelverk<br>• Kostnadseffektive innkjøp<br>• Økonomiske mislegheiter knytt til innkjøp |
| **Økonomistyring og budsjettrapportering**<br>• Oppfølging av økonomi og budsjett i einingane<br>• Nytt økonomi- og lønssystem<br>• Nytt rapporteringssystem | Kommunen går over frå å bruke Agresso til å bruke Visma som økonomi- og lønssystem i 2020. Det blir i økonomiplan 2020-2023 vist til at dette vil vere eit stor og arbeidskrevjande prosjekt i første halvdelen av 2020. Prosjektet har ei total kostnadsramme på NOK 1,8 millionar.<br><br>I økonomiplanen går det vidare fram at kommunen vil ta i bruk fleire nye digitale løysingar etter overgangen til Visma. Dette gjeld mellom anna | • Manglande budsjettoppfølging i einingane<br>• Kjennskap til nye system og verktøy |

[10] Innkjøpssamarbeidet Bergen kommune. https://www.bergen.kommune.no/hvaskjer/tema/innkjopssamarbeid/samarbeidspartnere
[11] Database for offentlige innkjøp.

| | | | |
|---|---|---|---|
| • Høg arbeidsbelastning<br>• Utdatert økonomireglement | digitale reiserekningar og utvida bruk av digitale timelister og integrasjonar mellom forsystem og økonomi– og lønssystemet.<br><br>Det blir fortalt i intervju at arbeidsmengda for løns- og personalkontoret har vore høg i mange år, noko som har ført til manglande oppfølging av einingane. Einingane har gitt tilbakemelding på at dei har behov for meir oppfølging når det gjeld budsjettarbeid. Kommunen er våren 2020 i prosess med å tilsette ein ny rådgjevar som skal ha ansvar for budsjettoppfølging i einingane.<br><br>Kommunen er i prosess med å implementere eit nytt rapporteringssystem (*Framsikt*). Einingane har rapportert på budsjettoppfølging i dette systemet nokre månadar, og det har blitt gitt tilbakemeldingar på at dette fungerer godt.<br><br>Kommunen sitt økonomireglement blei sist revidert i 2002. | • Økonomireglement som ikkje er i samsvar med regelverk og rutinar | |
| **Berekraft, klima, miljø og beredskap**<br>• Klimarekneskap<br>• Klimaplan<br>• Klimarisiko: ras og skred | I økonomiplanen 2020-2023 går det fram at klima og miljø vil vere eit særskilt satsingsområde for samfunnsutviklingsavdelinga i 2020. Eit mogelege tiltak som blir nemnt er miljøsertifisering av ein del av eigedomsmassane i kommunen. Det blir vidare vist til at kommunen bør vurdere om tildelte midlar frå havbruksfondet skal setjast på berekraftsfondet frå 2021.<br><br>Kommunen er medlem i Klimapartner, og vil gjennom dette kunne legge fram klimarekneskap for 2020.<br><br>I kommunen sin planstrategi 2020-2023 blir det vist til at FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for alt dei gjer i kommunen. Berekraftsmåla som kommunen vurderer som mest relevant for deira arbeid er tatt med i folkehelserapport for kommunen 2019-2023.<br><br>Det går fram av økonomiplanen 2020-2023 at kommunen skal utarbeide ein plan for kva klimatiltak det skal brukast pengar på i 2020 og at midlar til dette skal hentast frå klimafondet. I intervju blir det fortalt at det etter planen skal leggast fram klimaplan i slutten av 2020.<br><br>Det blir vidare vist til at kommunen har utfordringar knytt til skred og ras, og at det er risiko for dødsfall knytt til dette. Kommunen har fått støtte frå Fylkesmannen til å rassikring etter at det gjekk to ras i kommunen i 2019. | • Klimarisiko<br>• Etterleving av FN sine berekraftmål | |

## 3.2 Innbyggarservice

Eininga *Innbyggarservice* blei oppretta i 2020 og består av Servicesenteret, Nav Samnanger og Kulturavdelinga.

Servicesenteret har mellom anna ansvar for arkiv, ekspedisjon/publikumsmottak og politisk sekretariat.

| Område og tema | Observasjonar | Vurderingar/moglege konsekvensar | Risiko |
|---|---|---|---|
| **Sosiale tenester**<br>• Sosialhjelp<br>• Oppfølging av brukarar<br>• Bustadsosial handlingsplan | I økonomirapporteringa for andre tertial 2019 går det fram at det har vore ei innstramming i regelverket rundt arbeidsavklaringspengar noko som har gitt kommunen auka utgifter til sosialhjelp.<br><br>Det går fram av kommunen sin økonomiplan 2020-2023 at Samnanger har fått tilskot frå Fylkesmannen til tettare oppfølging av brukarar som treng ekstra støtte for å kome seg i arbeid. Kommunen viser til at prosjektet har gitt resultat og at utgiftene til sosial stønad har minka som følgje av prosjektet.<br><br>Tal frå kommunebarometeret viser at gjennomsnittleg stønadslengde for mottakarar av sosialhjelp i kommunen mellom 18 og 24 år er 6,3 månader. Dette er høgre enn gjennomsnittet for kommunegruppa (3,9 månader). For mottakarane i kommunen som er mellom 25 og 66 år er gjennomsnittleg stønadslengde 5,7 månader (4,55 månader i kommunegruppa). 49 % av dei i kommunen som mottek sosialhjelp går over 6 månader på stønad, samanlikna med 30 % i kommunegruppa. 22 % går over 10 månader på stønad, mot 15,3 % i kommunegruppa.<br><br>I kommunebarometeret går det fram at 18,9 % av innbyggarane i kommunen som får sosialhjelp, har dette som hovudinntektskjelde. Dette er ein høgare prosentdel enn det som er gjennomsnittet for kommunegruppa (14,1 %) og også høgare enn gjennomsnittet for kommunar elles i Noreg (10,3 %).<br><br>Tal frå kommunebarometeret viser at det i Samnanger er 3,85 årsverk til økonomisk rådgiving per 1 000 langtidsmottakarar av stønad. Gjennomsnittleg tal for Noreg er 7,2 årsverk.<br><br>Fylkesmannen gjennomførte eit tilsyn med Nav Samnanger kommune i 2015. Tilsynet omfatta tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til unge mellom 17 og 23 år. Det blei i tilsynet avdekt manglar i styringa av tenestene og påpeikt to avvik. I intervju går det fram at kommunen har lukka desse avvika, og at det er oppretta ei rutineskildring i etterkant av tilsynet. | • Innbyggarar får sosial stønad framfor å vere i arbeid<br>• Ikkje tilstrekkeleg oppfølging<br>• Kostnader for kommunen | (gul) |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det blir peika på at det er korte opningstider på Nav kontoret og dermed vanskeleg for innbyggarane som er i arbeid å få tak i dei tilsette.<br><br>Kommunen sin bustadsosiale handlingsplan blei sist revidert i 2008. | | |
| **Arkiv og innsyn**<br>• Kompetanse<br>• Mangelfull dokumentasjon og rutinar<br>• Kapasitet | Arkivverket gjennomførte tilsyn med arkivhaldet i Samnanger kommune 20.05.2019. I tilsynet blei det funne fleire avvik, knytt til mellom anna arkivansvar, manglar i arkivplanen og mangelfulle dokumentasjon av og rutinar for elektroniske system, og for system og løysingar som er integrerte med sak- og arkivsystemet.<br><br>Samnanger kommune starta med fullelektronisk arkivering i sak- og arkivsystemet Websak i 2018.<br><br>I intervju blir det av fleire nemnt at det er utfordringar knytt til at tilsette i einingane ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om lovar og regelverk knytt til arkivføring, og vidare dei skal Websak for å arkivere. Det går vidare fram det er utfordrande for Servicesenteret å få einingane til å følgje opp sine oppgåver i Websak knytt til arkivering.<br><br>I økonomiplanen 2020-2023 blir det peika på at arbeid knytt til arkiv, dokumentasjon, nye fagsystem, innsynskrav og nye elektroniske løysingar blir stadig meir omfattande, og dette merkast spesielt godt for servicesenteret. Det går fram i undersøkinga at kommunen får innsynsbegjæringar som tar opp mykje tid for dei tilsette. Det har i periodar vore dedikert ei heil stilling til dette arbeidet og nokre saker har hamna i rettssystemet. | • Brot på regelverk<br>• Redusert tillit i befolkninga<br>• Tap av arkivmateriale | |

## 3.3 Oppvekst

I Samnanger er barnehagane og skulane sjølvstendige einingar. I kommunen er det to kommunale og ein privat barnehage, ein barneskule og ein ungdomsskule.

Tabell 5: Identifiserte risikoområde knytt til oppvekstområdet

| Område og tema | Observasjonar | Vurderingar/moglege konsekvensar | Risiko |
|---|---|---|---|
| **Arbeidsmiljø i barneskulen**<br>• Arbeidsmiljø<br>• Sjukefråvær<br>• Vanskelege personalsaker | I økonomirapport for andre tertial 2019 blir det vist til at barneskulen har hatt fleire utfordringar i år og sjukemeldingar har ført til auka arbeidspress.<br><br>I årsmeldinga frå 2018 går det fram at sjukefråværet var 7,26 % i 2018.<br><br>Det går fram i intervju at barneskulen har hatt arbeidsmiljøutfordringar. Det blir peikt på at sjukefråværet kan skuldast dårleg arbeidsmiljø og vidare ytra bekymring for at det dårlege arbeidsmiljøet kan påverke kvaliteten på tenestene til elevane negativt.<br><br>Kontrollutvalet har våren 2020 bestilt gjennomgang av eit varsel knytt til arbeidsmiljøet på barneskulen i kommunen. Det kan likevel vere deler av dette området som ikkje er omfatta av denne gjennomgangen som kan vere aktuelt å følgje opp med ein forvaltningsreivsjon. Til dømes korleis ein arbeider med arbeidsmiljø og vanskelege personalsaker.<br><br>Det går fram at det er gjort leiarendringar i barneskulen i 2019. | • Dårleg arbeidsmiljø<br>• Sjukemeldingar<br>• Høg arbeidsbelastning | ● |
| **Økonomistyring i barneskuleeininga**<br>• Ressursbruk sett opp mot tenestebehov<br>• Kostbar drift<br>• Får ikkje gjennomslag for innsparingar | I økonomirapportering pr. 2. tertial 2019 blir det opplyst at barneskulen har hatt fleire utfordringar som gjer at skulen ikkje vil klare å spare inn NOK 980 000,- som det blei budsjettert med i 2019. Det går fram at dette mellom anna skuldast sjukemeldingar.<br><br>I følgje tal frå KOSTRA blei det i 2019 brukt NOK 141 876,- per elev i Samnanger, medan talet for Kostragruppe 2 er NOK 139 179,- per. Elev i grunnskulen (barneskulen og ungdomsskulen samla).<br><br>I intervju blir det fortalt at drifta av barneskulen i Samnanger er kostbar og at ein brukar høgare summar pr. elev samanlikna med andre kommunar.<br><br>I intervju blir det vist til at kommunen sine forsøk på å gjere innsparingar på barneskulen ikkje har ført fram. Vidare opplev politikarane at dei ikkje får eit godt svar når dei spør om kvifor drifta ved skulen er kostbar.<br><br>I spørjeundersøkinga blir det peikt på at skulen opplever det som utfordrande å nå kommunen sine mål for eininga innanfor tildelte økonomiske rammer. | • Høge kostnader<br>• Budsjettoverskridingar | ● |

| | | |
|---|---|---|
| | Vidare svarar ein tilsett i skulen «i verken stor eller liten grad» på spørsmål om eininga sine mål blir nådd. | |
| **Kvalitet i grunnskulen**<br>• Tidleg innsats<br>• Resultat på nasjonale prøver<br>• Lærartettleik<br>• Kompetanse<br>• Fysisk skulemiljø | Samnanger kommune har to grunnskular: Samnanger barneskule og Samnanger ungdomsskule, Samnanger barneskule har eit elevtal på 203 elevar skuleåret 2019/2020, medan det går 79 elevar på Samnanger ungdomskule dette skuleåret.<br><br>I følgje årsmeldinga frå 2018 er det manglar i undervisningskompetansen i norsk, engelsk og matematikk på ungdomsskulen. I kommunebarometeret blir det opplyst at 90% av lærarane oppfyller krava til undervisning på ungdomstrinnet. I kommunegruppa er talet 95%.<br><br>Tal henta frå UDIR viser at begge skulane er innanfor lærartettleiknorma skuleåret 2019/2020. Samnanger ungdomskule har 2 ordinære undervisningsårsverk meir enn minstekravet i norm for lærartettleik på 8.-10. trinn, medan barneskulen har 0,8 fleire ordinære undervisningsårverk enn minstekravet for 1.-4. trinn og 1,7 undervisningsårsverk meir enn minstekravet for 5.-7. trinn.<br><br>Samnanger kommune ligg under landsgjennomsnittet når det gjeld skulebidrag[12] på 1.-4.trinn. Resultatet dei siste 5 åra har variert mykje. Når det gjeld 5.-7. trinn har kommunen gått frå å ligge langt over landsnittet i fire år til å ligge rett under landssnittet dette skuleåret. Ungdomskulen ligg rett under landsnittet og vore både over og under gjennomsnittet dei siste 5 år.<br><br>I folkehelserapporten blir det kommentert at det er færre ungdomsskuleelevar i Samnanger som er nøgd med skulen dei går på enn landssnittet. Det går fram i folkehelserapporten at kommunen trur at dette skuldast det fysiske miljøet, særleg uteområdet. Dette er også tema i årsmeldinga frå 2018, der det går fram at ein har fått løyvd midlar til dette arbeidet i budsjettet for 2019.<br><br>Tal frå kommunebarometeret viser resultat frå nasjonale prøvar dei siste fire åra. Det er 39% av elevane på 5. trinn som har resultat på lågaste meistringsnivå. Dette er noko svakare resultat samanlikna med kommunegruppa, der talet er 35,3%. | • Brot på regleverk<br>• Ikkje tilstrekkeleg kvalitet på tenestene |

[12] Skulebidrag indikerer kor mykje skulen har bidratt til elevane si læring i dei grunnleggande faga som blir testa på nasjonale prøvar på 5. trinn, 8. trinn og 10. trinn samanlikna med bidraget til elevar med tilsvarande elevbakgrunn på landsnivå.

| | | |
|---|---|---|
| **Trygt og godt skulemiljø**<br>• Nytt regelverk<br>• Trivsel | Det blei gjort endringar i opplæringslova frå 1. august 2017 (kap. 9 A) som mellom anna inneber skjerping av skulen og tilsette sine plikter når det gjeld å fange opp og undersøke tilfelle der det er mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.<br><br>I årsmeldinga frå 2018 går det også fram at ungdomskulen har hatt nokre utfordringar med det psykososiale skulemiljøet mellom anna på grunn av mobbing på nett.<br><br>Det er obligatorisk for alle elevar på 7. trinn og 10. trinn å delta på Elevundersøkinga kvar haust. Elevane skal her svare på spørsmål om trivsel, motivasjon, læring, vurdering for læring, medverknad, reglar på skulen og støtte frå lærar. Tal frå Elevundersøkinga viser at elevane i Samnanger er mindre fornøgd med eigen skulekvardag enn før, samanlikna med svara dei siste fem skuleåra. Særleg på indikatorane *motivasjon* og *fagleg utvikling* scorar skulane i Samnanger lågare enn før. Ein ser òg ei negativ utvikling for *vurdering for læring*[13].<br><br>Vidare svarar 21,4 % av elevane på 7.trinn 2019/2020 i Samnanger at dei har blitt mobba på skulen enten av medelevar og/eller digitalt på skulen og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gongar i månaden eller oftare. Talet for heile landet for skuleåret 2019/2020 er 7,1 %[14].<br><br>I intervju går det fram at kommunen ynskjer å revidere plan for trygt og godt skulemiljø og gjere denne digitalt tilgjengeleg for dei tilsette. Administrasjonen ynskjer også å utarbeide ein felles plan for begge skulane. Det er uklart om dagens planar på begge skulane i kommunen er oppdaterte etter gjeldande regelverk. | • Barn og unge som ikkje opplever eit trygt og godt skulemiljø<br>• Brot på regelverk |
| **Tilpassa opplæring og PPT**[15]<br>• Tidleg innsats<br>• Kvalitet<br>Bemanning | Det blei gjort endringar i opplæringslova med verknad frå 1. august 2018 som stiller nye krav om tidleg innsats på 1.-4. trinn.<br><br>Det blei gjennomførte ein forvaltningsrevisjon av spesialundervisning og samarbeid med PPT i Samnanger i 2018, og kommunen har sett i gang prosessar i samsvar med tilrådingane, | • Brot på regelverk<br>• Ikkje tilfredsstillande oppfølging |

[13] Informasjonen er henta frå: https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsmiljoe/elevundersoekelsen/samnanger-kommune?trinn=7&fordeling=2&sammenstilling=1&kjonn=a&orgaggr=a. Tala er også omtala i folkehelserapport for Samnanger kommune 2020-2023 – ein oversiktsrapport om tilstand og folkehelseutfordringar i kommunen.
[14] Informasjon er henta frå: https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsmiljoe/elevundersoekelsen/samnanger-kommune?trinn=7&fordeling=2&sammenstilling=1&kjonn=a&orgaggr=a
[15] GSI-tal om spesialundervisning er ikkje tilgjengelege for revisjonen på grunn av låg elevtal i kommunen.

| | | |
|---|---|---|
| | I følgje KOSTRA-tal frå 2019 blei det i Samnanger samla sett gjennomført 88,3 årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning. Talet for kommunegruppa er 148,7 timar.<br><br>Gjennomsnittet for mottakarar av spesialundervisning i åra mellom 2015-2018 på småtrinnet, mellomtrinnet og ungdomstrinnet viser at Samnanger scorar litt lågare enn kommune-Noreg på alle trinn. Tala samanlikna med kommunegruppa er følgjande:<br>• 7,4 % mottar spesialundervisning på småtrinnet i Samnanger, mot 6,5 % i kommunegruppa.<br>• 9,6 % mottar spesialundervisning på mellomtrinnet, mot 10,9 % i kommunegruppa<br>• På ungdomstrinnet er det like mange elevar som mottar spesialundervisning i Samnanger som i kommunegruppa (11,9%).<br><br>Tala over viser at delen elevar som får spesialundervisning er høgare på ungdomstrinnet enn på småtrinnet. Dette kan indikere ein risiko for at det ikkje er nok fokus på tidleg innsats.<br><br>I økonomiplanen går det fram at det er svært høg bruk av assistent/fagarbeidarar ved barneskulen. Samnanger barneskule har 20 pedagogar og 16 assistentar. I intervju går det fram at det i liten grad er spesialpedagogar som gjennomfører spesialundervisninga på skulane og at elevar med spesialundervisning i for liten grad får tilfredsstillande oppfølging. | |
| **Barnehage**<br>• Barnehagealder<br>• Kapasitet og kompetanse<br>• Pedagognorma<br>• Sjukefråvær<br>• Minoritetsspråklege barn | Dei to kommunale barnehagane er organisert i ei eiga barnehageeining. I tillegg til drifta av barnehagane har eininga også ansvar for samordna barnehageopptak i kommunen (både for dei kommunale barnehagane og den private barnehagen på Ådland).<br><br>I tillegg til drifta av barnehagane har einingane også ansvar for barnehageopptaket i kommunen (både dei to kommunale barnehagane og den private barnehagen).<br><br>Dei to kommunale barnehagane har totalt 102 barn. Det er 35 tilsette og 2 lærlingar fordelt på 25,33 årsverk i dei kommunale barnehagane. Det er òg nokre barn i kommunen som går i barnehage i nabokommunar.<br><br>Ifølge kommunebarometeret er bemanninga i dei kommunale barnehagane i Samnanger litt over gjennomsnittet. Det er 5,4 barn per årsverk i grunnbemanninga i kommunale barnehagar, mot 5,2 i kommunegruppa. I private barnehagar er talet 5,8 i Samnanger og 5,3 i kommunegruppa. Vidare har 41 % at dei tilsette i dei kommunale barnehagane i Samnanger pedagogiske utdanning. Dette er om lag same som for landsgjennomsnittet. | • Ikkje tilstrekkeleg gode tenester |

| | | |
|---|---|---|
| | Tal frå UDIR viser at berre to av dei tre barnehagane i kommunen oppfyller pedagognorma[16]. Barnehagen som ikkje oppfyller pedagognorma er kommunal.<br><br>I Samnanger er det færre barn mellom 1-2 år som går i barnehage enn for kommunegruppa. 72,9 % av 1-2 åringar går i barnehage, samanlikna med 80,8% i kommunegruppa. I folkehelserapporten for Samnanger kommune 2019-2023 går det fram at dette kan ha noko med kontantstøtta å gjere og at kommunen vurderer at dette ikkje er av noko betydning for utviklinga til barna.<br><br>Det går fram av kommunebarometeret at 82 % av barna i Samnanger har barnehageplass, mot 89 % i kommunegruppa. Det er også færre minoritetsspråklege barn (66 %) som har gått i barnehage i snitt dei siste fire åra, samanlikna med 80 % i kommunegruppa. Samtidig gjekk 88 % av minoritetsspråklege barn i barnehagen i 2018. Dette tydar på ei utvikling der stadig fleire minoritetsspråklege barn går i barnehagen.<br><br>Sjukefråværet i barnehagane var 12,46 % i 2018. I årsmeldinga frå 2018 blir det opplyst om at sjukefråværet i barnehagane var 12,46% i 2018. | |
| **Skulefritidsordning**<br>• Ny nasjonal rammeplan<br>• Ferieavvikling | Utdanningsdirektoratet er i ferd med å utarbeide ein nasjonal rammeplan for skulefritidsordningane skal takast i bruk frå hausten 2021. Målet er å bidra til ei meir likeverdig skulefritidsordning i heile landet[17].<br><br>I følgje Folkehelseoversikt 2019-2023 ligg Samnanger under landsgjennomsnittet når det gjeld talet på barn i SFO. Tala har gått nedover sidan 2015, med unntak av 2019, då ein såg ei auke.<br><br>I folkehelseoversikten går det vidare fram at talet på barn på SFO har minka. Det er få elevar frå 3. trinn og 4. trinn som går på SFO. Vidare går det fram at kommunen meiner at det er viktig for barn å gå i SFO.<br><br>I årsmeldinga frå 2018 går det fram at det er utfordrande å ha SFO ope i feriane på grunn av få barn, men også på grunn av bemanning ved avvikling av ferie. | • Manglande tenestetilbod |

[16] Informasjonen er henta frå: https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-barnehage/pedagognormen/
[17] Informasjonen er henta frå: https://www.udir.no/utdanningslopet/sfoaks/nasjonal-rammeplan-for-sfo/. I Stortingsmeldinga som ligg til grunn for rammeplanen går det fram at å heve kompetansen til dei tilsette burde vere ein del av kommunen sitt strategiske arbeid. Arbeidet med rammeplanen viser også til ein nasjonal evaluering av skulefritidsordningane gjennomført av NTNU Samfunnsforsking og Stockholmsuniversitet. Her går det mellom anna fram at foreldre med barn med særskilte behov er mindre fornøgd med tilbodet enn andre foreldre og at prosentdelen av tilsette med fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar har auka kraftig sidan 2002.

| | |
|---|---|
| **Tverrfagleg samarbeid om barn og unge**<br>• Samhandling på tvers av tenester<br>• Einsemd blant unge | I årsmeldinga for 2018 går det fram at Forum for tverrfagleg samarbeid for barn og unge er eit viktig forum for kommunen. Her deltek helsesjukepleiar, politi, barnevern, PPT, einingsleiarane (rektor), kulturskulen og den tidlegare oppvekstseksjonen i administrasjonen. I tillegg har kommunen basegruppe der mellom anna sosiallærar, helsesjukepleiar, barnehage og SFO deltek. Basegruppa arrangerte mellom anna psykisk helse-dag i 2018.<br><br>Tal frå Ungdataundersøkinga viser at det blant ungdomskuleelevar i kommunen er stadig fleire som opplyser om at dei er mykje plaga med einsemd.<br><br>Det går fram av folkehelserapporten at kommunen ynskjer å vere meir på offensiven når det gjeld førebygging av økonomiske skilnader for å ivareta alle barns behov.<br><br>Det går vidare fram i folkehelserapporten at resultata på dei nasjonale prøvene (og andre pålagte prøver) er nasjonale kvalitetsindikatorarar for korleis situasjonen er i Samnanger kommune og at det er ein konsekvens av korleis samspelet mellom elev, foreldre, skule (leiar, lærarar, fagarbeidarar, fagorganisasjonar), skuleeigar, PPT, helsesjukepleiar, lege, kommunepsykolog, fysioterapeut, BUP, barnevern og Statped. Som tidlegare nemnd viser fleire av indikatorane i nasjonale kartleggingar (nasjonale prøver og Elevundersøkinga) at trivselen og skuleresultata til unge i Samnanger har gått nedover i Samnanger dei siste åra. |

## 3.4 Samfunnsutvikling

Eining for samfunnsutvikling blei oppretta som ny eining med verknad frå 01.01.2020. Dei tidlegare einingane teknisk forvaltning drift og teknisk drift er avdelingar i den nye eininga. Eining for samfunnsutvikling har også ansvar for utbygging og investeringar og arbeid med næringsutvikling.

Tabell 6: Identifiserte risikoområde knytt til samfunnsutvikling

| Område og tema | Observasjonar | Vurderingar/moglege konsekvensar | Risiko |
|---|---|---|---|
| **Vatn og avløp**<br>• Gamle leidningsnett<br>• Reservevassverk | Det går fram av økonomiplanen 2020-2023 at kommunen fekk pålegg om å etablere reservevassverk etter ein ROS-analyse og rapport frå Mattilsynet i 2019[18]. I rapporten frå Mattilsynet går det mellom anna fram at 58,2 % av innbyggarane i Samnanger får vassforsyning frå kommunen.<br><br>Det er utarbeidd plan for reservevassforsyning som var ferdigstilt i 2018.<br><br>Økonomiplanen viser vidare til at vasskvaliteten og leveringskvaliteten i vassverket er høg. Kommunen har starta ei kartlegging av eksisterande vass- og avlaupsleidningar, og fokuset i 2020 blir å skifte vasskummar og hovudleidningar. Høgdebassenget i Nordbygda vil sluttførast tidleg i 2020, og arbeidet med å få bygt ny vass- og avløpsleidning frå Indre til Ytre-Tysse blir vidareført. Det vil kome ein del nye abonnentar i samband med dette. Vidare er det lagt inn tiltak som vil gje ytterlegare nye abonnentar i økonomiplanperioden. Kommunen vil også vurder innføring av vassmålar.<br><br>Det er behov for fornying og utviding av avløp i kommunen (årsrapport 2018). I 2018 var det ein del utfordringar med lekkasjar i vass- og avløpsnettet. Det vart ikkje fornya vassleidningar anna enn det lekkasjane medførte behov for.<br><br>Data frå kommunebarometeret viser at 88 % av innbyggjarane er knytt til vassverk med god kvalitet når det gjeld pH-verdi, mot 87 % i kommunegruppa og 98 % i kommune-Norge.<br><br>Samnanger har ganske mange stopp i kloakken per 100 km spillvatn-nett (16,7 mot 11 i kommunegruppa). Kommunen har ikkje fornya noko av spillvatn-nettet dei siste tre åra, mot 0,4 % i kommunegruppa viser data frå kommunebarometeret.<br><br>Det blir også opplyst i kommunebarometeret at ingen innbyggjarar i kommunen er knytt til anlegg som overheld alle reinsekrav. | • Dårleg kvalitet i tenesta<br>• Kvalitet på drikkevatn<br>• Skader og kostnader knytt til leidningsbrot | Gul |

[18] Status for drikkevannsområdet i landets kommuner. Oktober 2019. Mattilsynet

| | | |
|---|---|---|
| **Næringsutvikling**<br>• Reiselivsaktivitet<br>• Tettstad- og næringsutvikling<br>• Arbeidsplassar | Eit av hovudmåla for planperioden 2020-2024 er å få auka fokus på samfunns- og næringsutvikling i kommunen. Samfunnsutviklingseininga ønskjer ei meir strategisk satsing i dialog med det politiske nivået, mellom anna gjennom eit «næringskvarter» i både formannskap og naturutvalet, der ein kan gje innspel på tiltak som kan gje ei ønska utvikling for kommunen.<br><br>Det går vidare fram i økonomiplanen 2020-2024 at Samnanger ønskjer å få auka reiselivsaktivitet i kommunen med medlemskap i Visit Bjørnafjorden og samarbeid med Næringshagen Hardanger. Det er mellom anna også ønskje om å koma vidare med tettstad- og næringsutvikling på Bjørkheim, og få til ein dialog med næringsdrivande om framtidas Samnanger.<br><br>Det blir peika på viktigheita av å få etablert nye arbeidsplassar i kommunen. Vidare blir det nemnt at kommunen sitt historiske sentrum, Tysse, ikkje lenger fungerer som eit samlepunkt i kommunen, og at dette også skaper problem når det gjeld næring og tilflytting. Kommunen har mykje gjennomgangstrafikk utan at dei klarar å kapitalisere på dette i stor grad.<br><br>Leiar for samfunnsutviklingseininga har 40 % av stillinga dedikert til å drive med næringsutvikling, men då det ligg andre store oppgåver til eininga, samtidig som eininga har lite kapasitet, blir dette arbeidsområdet skadelidande.<br><br>I spørjeundersøkinga blir det vist til at eining for samfunnsutvikling har om lag 35 små og store prosjekt i tillegg til dagleg drift, fordelt på 6 årsverk. Det blir vidare nemnt at forventningane til resultat er høgare enn det er mogleg å levere. Det blir etterlyst ressursar til å hente inn ekstern kompetanse ved behov. | • Tapte inntekter til kommunen |
| **Vedlikehald av kommunale bygg og vegar**<br>• Etterslep på vedlikehald<br>• Klima og miljø | Kommunen har om lag 26 km kommunal veg, og det går fram av økonomiplanen at det er eit svært stor etterslep på vedlikehald av desse vegane. I 2020 er det sett av NOK 1 million til vedlikehald/opprusting av vegar. I økonomiplanperioden blir det lagt opp til 1 million kroner årleg til opprusting, rassikring og asfaltering.<br><br>Kommunen viser vidare til at det er potensiale for meir effektiv utnytting av bygningsmassane og meir miljøvenleg ressursbruk. Målet er å bygge minst mogleg nytt, rehabilitere, fornye og utfase bygg som ikkje er framtidsretta. Det går fram at det i 2019 blei utarbeidd plan over vedlikehaldsbehovet til bygningsmassane som blei lagt fram for kommunestyret i juni 2019. Det er lagt inn ei auke i budsjett på NOK 400.000,- til vedlikehald og NOK 600.000,- til rehabilitering/investering.<br><br>I spørjeundersøkinga blir det vist til at tildelt budsjett til vedlikehald av eigedommar ikkje står i forhold til samfunnsutviklingseininga sine faglege | • Verditap for kommunen<br>• Trafikktryggleik<br>• Brot på regelverk<br>• HMT-risiko for tilsette og elevar |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | vurderingar og planar. I tillegg blir det opplevd at prioritering av vedlikehaldet skjer tilfeldig gjennom politiske enkeltsaker.<br><br>Det blir kommentert at det ikkje er tilfredsstillande inneklima på ungdomskulen. | | |
| **Byggesak**<br>• Sakshandsaming<br>• Service og rettleiing | Kommunen sine innrapporterte tal til KOSTRA viser at 6% av innvilga byggesaker i kommunen i 2019 skjedde gjennom vedtak om dispensasjon frå plan. Dette er under gjennomsnittet for kommunegruppa der talet er 19%.<br><br>Tal frå KOSTRA viser at det blei behandla 52 byggesaker i Samnanger kommune i 2019.<br><br>Undersøkinga viser at gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggesaker med 12 vekers frist har gått ned frå 18 dagar i 2018 til 2 dagar i 2019 og at kommunen handsamar byggesaker med 3 vekers frist i samsvar med fristen. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for desse sakene er 14 dagar.<br><br>Det er ikkje rapportert inn tal for kor mange tilsyn for byggeverksemd som er unntatt søknadsplikt.<br><br>I intervju går det fram at administrasjonen i stor grad prioriterer å sakshandsame byggesøknadar frå innbyggjarane og at det er ei oppleving av at sakshandsaminga innan byggesak blir gjort i samsvar med regelverket. Samtidig blir det opplyst om at kapasiteten i eininga er sårbar for store og komplekse byggjesaker, då dette tar mykje tid frå andre oppgåver. | • Brot på regelverk<br>• Omdømmetap ved feil i sakshandsaming | |
| **Planarbeid**<br>• Utdatert planverk<br>• Kapasitet | Kommunen har utarbeidd ein kommunal planstrategi 2020-2023. I denne strategien går det fram behov for revidering av mellom anna desse planane innan Samfunnsutviklingseininga:<br><br>• Kommunen sin energi og klimaplan som var utarbeidd i 2010.<br>• Kommuneplanen sin samfunnsdel blei utarbeidd i 2007 og var gjeldande til 2017.<br>• VA-norm. Utarbeidd i 2016.<br><br>Revisjonen får fortalt at samfunnsutviklingseininga ikkje har nok tilsette til å klare å innfri den lovpålagt plansyklusen. Risikoen for brot på lover og regelverk er høg og kommunen har allereie brote fristar på dette området. Det er god kompetanse på eininga – 3 av 5 tilsette har mastergrad – men dei manglar kapasitet til å få revidert planarbeidet. Det blir peika på at arbeidsoppgåvene som blir tildelt eininga på generelt nivå ikkje står i forhold til bemanninga. | • Brot på regelverk<br>• Omdømmetap<br>• Redusert tillit i befolkninga | |

| | | |
|---|---|---|
| **Investeringsprosjekt**<br>• Prosjektstyring<br>• Framdrift og økonomistyring<br>• Kapasitet<br>• Plan for gjennomføring | I tilsendt oversikt over budsjetterte investeringar i Samnanger kommune går det fram at det er planlagd investeringar på til saman over NOK 64,4 millionar i perioden 2020-2023. Frå KOSTRA går det fram at brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter i Samnanger er på 21%. Dette er høgare en gjennomsnittet i kommunegruppa som ligg på 14,7%.<br><br>Nokre av dei største investeringane dei komande åra er:<br><br>• I perioden 2020-2023 er det satt av til saman NOK 15 millionar til renovering av vatn og avløp<br>• Det er også satt av 6 millionar til Tysse Vassverk<br>• I perioden 2020-2023 er det satt av til saman NOK 5 millionar til renovering av kommunale vegar.<br><br>I datainnsamlinga går det fram at økonomiavdelinga i større grad ynskjer å vere involvert i store byggeprosjekt i kommunen for å sikre god økonomistyring, men at det på noverande tidspunkt ikkje er kapasitet til det. | • Forseinkingar i gjennomføring av prosjekt<br>• Budsjettoverskridingar<br>• Utilstrekkeleg kvalitet |
| **Kontrakts- og leverandøroppfølging**<br>• Kapasitet og kompetanse<br>• Uføresett kostnadar<br>• Tidsplanar for gjennomføring | I intervju blir det stilt spørsmål ved kommunen sin leverandøroppfølging. Det blir vist til prosjekt der kostnadane har blitt vesentleg høgare enn det som blei vedteke i budsjett. Det blir uttrykt bekymring for om prosjekt i stor nok grad blir kvalitetssikra undervegs og om administrasjonen har kontroll over kostnadane i gjennomføringsprosessen.<br><br>Vidare blir det kommentert at det er manglande leverandøroppfølging i eininga for samfunnsutvikling, og at dette truleg skuldast manglande kapasitet i eininga. Det blir også kommentert at prosjekta som blir politisk vedtatt verken har tilstrekkeleg med ressursar eller ein realistisk tidsplan for gjennomføring. | • Forseinkingar i gjennomføring av prosjekt<br>• Budsjettoverskridingar<br>• Brot på regelverk |

## 3.5 Helse, pleie og omsorg og tenester for funksjonshemma

Det er tre einingar innanfor området helse- og omsorgstenester i Samnanger kommune:[19]

- Eininga for helse med ansvar for legeteneste, fysioterapiteneste, jordmorteneste, helsestasjon/helsesjukepleiarteneste, psykiatriteneste og kommunepsykolog.
- Pleie og omsorgseininga med ansvar for sjukeheimen og heimetenester
- Eining for tenester for funksjonshemma

Det er ein tilsett i 60 % stilling som sakshandsamar søknadar innan pleie og omsorg, helse og psykiske helsetenester. Det er leiande psykiatrisk sjukepleiar som fattar vedtak innan psykisk helsetenester.

Tabell 7: Identifiserte risikoområde knytt til helse og sosial

| Område og tema | Observasjonar | Vurderingar/moglege konsekvensar | Risiko |
|---|---|---|---|
| **Heimetenester og eldreomsorg**<br>• Heimebuande med demens<br>• Tryggleiksalarmar<br>• Heimetenesta<br>• Sjukefråvær i eininga | Talet for brukarar av heimetenestene i Samnanger har i følgje årsmeldinga for 2018 auka frå 76 brukarar i 2014 til 96 brukarar i 2018. Vidare går det fram at kommunen har hatt utfordringar med å rekruttere fleire sjukepleiarar og at mangel på dette har ført til meir overtidsbruk i 2019[20].<br><br>Frå 2020 er det lovpålagt å tilby eit dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens. I kommunebarometeret går det fram at om lag 43 % av heimebuande med demens har vedtak om dagtilbod. Dette er høgre enn dei fleste andre kommunar som har rapportert inn tal om dette til kommunebarometeret, inkludert kommunegruppa kor 28 % av heimebuande eldre har vedtak om dagtilbod.<br><br>I kommunebarometeret blir det opplyst at kvar mottakar av heimesjukepleie mottek 4 timar i veka. Dette er noko lågare enn kommunegruppa, der talet er 5,5 timar i veka.<br><br>I 2018 var sjukefråværet i heimetenesta 10,79 %. I årsmeldinga 2018 går det fram tiltak som for å få lågare sjukefråvær, som til dømes oppfølgingssamtalar. Tiltaka blei også stadfesta i intervju, der det også gjekk fram at HR-leiar har gjennomført leiaropplæring for å få ned sjukefråværet. | • Risiko for brot på regelverk<br>• Mangelfulle tenester<br>• Høge utgifter til vikar | |
| **Pleie og omsorg**<br>• Skjerma plassar<br>• Utfordrande brukarar<br>• Sakshandsaming | Samnangerheimen har 25 institusjonsplassar, eit eige institusjonskjøkken og treningssal for rehabilitering. I 2018 blei det gjennomført ein organisasjonsgjennomgang for institusjonstenesta. På Samnangerheimen | • Mangelfulle tenester<br>• Brot på regelverk<br>• Høg ressursbruk | |

[19] Heimetenesta og sjukeheimstenesta blei slått saman til ei eining i 2020.
[20] Samnanger kommune – saksframlegg arkivsaksnr. 19/418 – økonomirapportering pr. 2. tertial 2019

vart alle oppgåver og rutinar gjennomgått og ut frå desse har det blitt laga forslag til endring og effektivisering.

I følgje økonomirapportering pr. 2. tertial 2019 er kommunen i dialog med Austevoll og Haukeland samhandlingsavdeling for å leige ut plassar på Samnangerheimen for å betre ein pressa økonomisk situasjon.

I tal frå kommunebarometeret går det fram at 92 % av dei som bur på sjukeheim i Samnanger har omfattande hjelpebehov. Dette er høgare enn kommunegruppa der talet er 82 %. Dette indikerer at det ikkje er mange på institusjon som kunne budd heime og mottatt bistand der, noko som er i tråd med reforma «leva heile livet», der ein ynskjer å legge til rette for at eldre skal bu heime lengre[21].

Samnanger har ein relativt lav prosentdel av brukarar med korttidsopphald på sjukeheimen: 11,1 % av brukarane er inne på korttidsopphald, mens talet i kommunegruppa er 17 %.

Samnanger kommune har ein middels prosentdel skjerma sjukeheimsplassar. 42 % av eldre bebuarar over 80 år på institusjon har plass i skjerma eining, mot 47 % i kommunegruppa.

I følgje økonomirapporteringa pr. 2 tertial i 2019 har sjukeheimen har hatt fleire pasientar der har vore nødvendig med tre tilsette i stell og i møte med pasienten på grunn av fysisk og psykisk utagering. Det har i tillegg til auka bemanning vore sett i verk tiltak som skjerming av pasientar, kursing og kompetanseheving av tilsette m.m. Det går vidare fram at mange av dei tilsette har opplevd situasjonen som krevjande. Situasjonen gjer det også utfordrande å halde seg innanfor dei økonomiske rammene som blir gitt.

I spørjeundersøkinga går det fram at innbyggarane har opplevd å få avslag om plass på sjukeheimen i kommunen utan at avslaget har vore godt grunngjeve.

I følgje kommunebarometeret har Samnanger kommune 5,3 mottakarar av BPA[22], støttekontakt og omsorgslønn per 1 000 innbyggjarar. Dette er lågare enn kommunegruppa, der talet er 14,1.

Ein forvaltningsrevisjon innan pleie og omsorg kan ta for seg fleire av dei nemnte utfordringane eller det kan gjennomførast eigne forvaltningsrevisjonar innan bestemte tema/delar av tenestene.

[21] Det går fram i framlegg til kommunal planstrategi 2020-2023 at planen for «Leva heile livet» i Samnanger kommune skal ferdigstillast i 2020.
[22] Brukarstyrt personleg assistanse

| | | |
|---|---|---|
| **Rus og psykisk helse**<br>• Psykiske lidingar<br>• Kompetanse<br>• Planarbeid | I folkehelserapporten går det fram at ein har færre pasientar med psykiske symptom og lidingar i Samnanger kommune enn i resten av Hordaland og samanlikna med gjennomsnittet for landet.<br><br>Utifrå rapporterte tal til KOSTRA går det fram at kommunen ligg over eller om lag likt gjennomsnittet for kommunegruppa når det gjeld personar med vidareutdanning innanfor psykisk helsearbeid (9,7 i Samnanger og 9,6 i kommunegruppa) og psykiatrisk sjukepleiar (8 i Samnanger og 5,9 i kommunegruppa) per. 10.000 innbyggar.<br><br>Kommunen ligg under snittet for tilsette med vidareutdanning i rusarbeid. I følgje KOSTRA-tala har Samnanger ingen tilsette med denne fagbakgrunnen, medan gjennomsnittet for kommunegruppa er 2,8 per. 10 000 innbyggarar.<br><br>I intervju blir det opplyst at om det er to tilsette i til saman eit årsverk innanfor rus og psykiatri i Samnanger.<br><br>Det er fleire kategoriar innan psykisk hels og rus i KOSTRA der Samnanger ikkje har rapportert inn tal. Dette gjeld mellom anna andel nyinnflytta med psykiske problem.<br><br>I framlegg til kommunal planstrategi 2020-2023 går det fram at rus- og psykiatriplan for Samnanger kommune blei vedteken i 2007 og at kommunen ikkje har utarbeidd ein handlingsplan retta mot sjølvmord. Kommunen har som mål å ferdigstille begge desse planane i 2020.<br><br>Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med barnevern og helsestasjons- og skulehelsetenesta og psykisk helse i 2016. I tilsynet blei det mellom anna undersøkt om psykisk helse tilbyr og brukar individuell plan når barn og unge har behov for langvarige og koordinerte tenester. Det blei ikkje funne avvik frå lov eller forskrift i dette tilsynet | • Manglande planar<br>• Mangelfullt tilbod til personar med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse |
| **Helsestasjon og skulehelseteneste**<br>• Tenestetilbod i samsvar med føringar og regelverk<br>• Oppfølging av barn og ungdom | Helsestasjons- og skulehelsetenesta er pålagt nye oppgåver i forskrift og nasjonale faglege retningslinjer frå 2017, med fleire oppgåver som skal gjennomførast i helsestasjons- og skulehelsetenesta.<br><br>I kommunebarometeret går det fram at Samnanger kommune brukar NOK 7320,- til førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste per innbyggjar mellom 0 og 5 år. Snittet for kommunegruppa er NOK 12424,-.<br><br>Tal frå KOSTRA viser at 62 % av barna i kommunen i 2019 er undersøkt ved 2-årsalder (93,5 % i kommunegruppa), og at 80 % av barna har gjennomført undersøking på 1. trinn (om lag 90 % i kommunegruppa). Kommunen ligg også lågare enn gjennomsnittet for kommunegruppa i rapporterte tal knytt til andel barn som har gjennomført helseundersøkingar ved 4-årsalder | • Mangelfull etterleving av nasjonale føringar<br>• Brot på regelverk<br>• Mangelfullt tilbod |

| | | |
|---|---|---|
| | I årsrapporten for 2018 går det fram at kommunen etablerte helsestasjon for ungdom (HSU) på biblioteket i mai 2018, men at tilbodet ikkje blei starta opp grunna permisjon. Det blir fortalt at HSU no er starta opp.<br><br>I intervju blir det opplyst om at helsesjukepleiarane ein dag i veka har arbeidsstad ved skulane i kommunen.<br><br>Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med barnevern og helsestasjons- og skulehelsetenesta og psykisk helse i 2016, der det mellom anna blei undersøkt om helsestasjons- og skulehelsetenesta etterlever opplysningsplikta til barnevernet og om tenestene tilbyr og brukar individuell plan når barn og unge har behov for langvarige og koordinerte tenester. Det blei ikkje funne avvik frå lov eller forskrift i dette tilsynet. | |
| **Tenester til utviklingshemma**<br>• Nytt bufellesskap<br>• Budsjett<br>• Oppfølging<br>• Kompetanse<br>• Habilitering | Samnanger kommune har nyleg ferdigstilt eit nytt bufellesskap for utviklingshemma – Skottabakken bufellesskap. Det blir i intervju opplyst om at brukarane flytta inn i mars 2020.<br><br>I Økonomirapporteringa pr. 2 tertial 2019 går det fram at det tenesta skulle spare inn 550 000 kroner, men at kommunen, mellom anna grunna nye reglar for løn til avlastar, ikkje kjem til å nå budsjettet.<br><br>I datainnsamlinga blir det stilt spørsmål ved om oppfølginga av dei psykisk utviklingshemma i kommunen er god nok.<br><br>I årsmeldinga for 2018 går det fram at dei tilsette innanfor helse og omsorg har hatt høve til å søke på kompetanseheving innan rehabilitering og habilitering. | • Mangelfulle tenester<br>• Brot på regelverk<br>• Høg ressursbruk |

# 4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, presenterer vi i denne seksjonen risikoar knytt til selskapa der kommunen har eigarskap. Vurderinga er gjort med særleg fokus på følgjande forhold:

- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,
- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut i frå kor vesentlege dei er for kommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet/samfunnsnytten
- fokus på økonomiske interesser for kommunen

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentleganalysen, som kan vere til hjelp når kontrollutvalet skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon:

1. selskap der det er avdekka moglege risikoforhold
2. selskap med berre offentleg eigarskap
3. selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
4. selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
5. selskap som leverer verksemdskritiske tenester til kommunen
6. selskap som er heileigd av kommunen
7. selskap der kommunen har omfattande eigarinteresser i tal aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen
8. økonomisk gevinst/tapspotensiale for kommunen
9. etikk og omdøme

Samnanger kommune har eigarinteresser i fire selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar, og i to selskap med innslag av private eller statlege aktørar på eigarsida. Selskapa/samarbeida vil bli presentert i tabellar under. Informasjonen i tabellane er i hovudsak basert på opplysningar henta frå Bisnode Smartcheck, Proff, kvart enkelte selskap sine nettsider, oversendt dokumentasjon frå kommunen og informasjon som er kome fram i undersøkinga. Der det har kome fram opplysningar som tyder på at det er risiko knytt til eigarskapet eller drifta i selskapet, vil dette kommenterast. Det vil òg bli kommentert om det dei siste åra har blitt gjennomført selskapskontroll av selskapet, og – der det er relevant – om eventuelle kommunesamanslåingar blant andre eigarar har vesentlege konsekvensar for enten selskapet eller for eigarskapet til Samnanger kommune.

Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første inneheld selskap som kommer inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar. Desse selskapa har Samnanger kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap der kommunen har eigarskap, men som ikkje kjem inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er ofte aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardeler eller samvirkeføretak. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, t.d. med omsyn til i kva grad selskapet opptrer i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningsliner mv. Kontrollutvalet kan også be styret i eit selskap om å få fullt innsyn dersom det er ønskjeleg å gjere fullverdig forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

## 4.1 Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

| **Vann vest AS** | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 5,55 %<br><br>**Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Samfunnsansvar<br>• Delt offentleg eigarskap<br>• Registrert i 2019 og tek over verksemda til Driftsassistansen i Hordaland IKS | Vann vest skal fremje samarbeid og kompetanseutvikling gjennom å utføre og leggje til rette for erfaringsutveksling, opplæring og informasjonsverksemd. Verksemda skal utføre og formidle tenester, knytt til vass- og avlupsverksemd, som til dømes bistand til drift, kvalitetssikring, vassmiljø og beredskap. Verksemda kan inngå samarbeidsavtalar med, eller delta i, andre føretak i den grad dette er føremålstenleg.<br><br>Vann vest AS er eigd av 17 kommunar på vestlandet, alle med lik eigardel (5,55 %). Det blir opplyst i undersøkinga at Vann Vest AS tar over verksemda til Driftsassistansen i Hordaland – vann og avløp IKS.<br><br>Selskapet blei stifta 2019, og det føreligg følgeleg ikkje rekneskap som er rapportert inn til Brønnøysundsregisteret |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **Ikkje tilgjengeleg** |

| **Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS** | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 3,4 %<br><br>**Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Samfunnsansvar | Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forsking og andre administrative og kulturelle føremål, jf. arkivlova § 6. 2.<br><br>Verksemda er eigd av 20 kommunar i tidlegare Hordaland fylke.<br><br>Siste innsendte årsregnskap til Brønnøysundsregisteret var i 2005, og revisor har ikkje hatt tilgang til nyare rekneskap. |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **Ikkje tilgjengeleg** |

| **BIR AS** | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 0,88 %<br><br>**Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Vesentlege verdiar<br>• Direkte tenestetilbod til innbyggjarane<br>• Delt offentleg eigarskap | BIR AS er eit av Noreg sine største renovasjonsselskap, og er ansvarleg for avfallshandsaminga til over 356 600 innbyggarar i BIR sine sju eigarkommunar. Selskapet tilbyr også avfallsløysingar for næringslivet.<br><br>Føremålet til verksemda er å eige og forvalte selskap som skal syte for innsamling, transport og behandling av hushaldnings- og næringsavfall. Verksemda kan også etablere innsamling, transport og behandling av produksjons-, nærings- og farleg avfall.<br><br>BIR AS er eigd av sju kommunar og Bergen kommune er største eigar med 80 % av aksjane. Nøkkeltala viser at BIR AS har ein stabilt høg eigenkapital og stigande inntekter. Resultatet har også vore stigande dei siste tre åra, men nøkkeltala kan indikere at likviditeten er svak.<br><br>BIR har følgjande dotterselskap som fell under §§ 23-6 og 24-10:<br>• BIR Nett AS (100 %) |

## BIR AS

- BIR Avfallsenergi AS (100 %)
- BIR Transport AS (100 %)
- BIR Privat AS (100 %)
- BIR Bedrift AS (100 %)
- WasteIQ AS (100 %)
- Møllendalsveien 31 AS (100 %)
- Conrad Mohrs Veg 15 AS (100 %)
- Møllendalsveien 40 AS (100 %)

Verksemda har også eigardelar i BKK Varme AS (49 %) som ikkje er omfatta av §§ 23-6 og 24-10

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2018 | 2017 | 2016 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 222 339 | 221 295 | 213 402 |
| Inntekter | 190 360 | 189 149 | 180 897 |
| Resultat før skatt | 39 621 | 29 834 | 21 694 |
| Likviditet | 0,85 | 0,86 | 1,01 |
| Soliditet | 9,3 % | 9,9 % | 10,52 % |

## Kommunekraft AS

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 0,31 %

Kommunekraft AS blei stifta i 1993 med formål om å formidle kraft på vegner av aksjonærkommunane til best moglege kommersielle føresetnader i marknaden. Kommunekraft AS er eigd av 125 kommunar, 7 fylkeskommunar og Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LKV).

**Nøkkelpunkt**

- Omdøme
- Delt offentleg eigarskap
- Samfunnsansvar

Føremålet til Kommunekraft AS er å formidle aksjeeigaranes disponible kraft, medrekna konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.

Største eigar i verksemda er Landssamanslutninga av vasskraftkommunar med 188 aksjar (over 50 % eigardel), medan kommunane og fylkeskommunane eig ein aksje kvar (om lag 0,3 %).

Verksemda har stort sett hatt ein stabil økonomi dei siste tre åra, mellom anna med jamn eigenkapital og jamne inntekter. Kommunekraft AS hadde negativt resultat i 2017.

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2018 | 2017 | 2016 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 1 923 | 1 770 | 1 955 |
| Inntekter | 2 068 | 2 057 | 2 548 |
| Resultat før skatt | 154 | -185 | 68 |
| Likviditet | 16,62 | 12,79 | 3,34 |
| Soliditet | 94,22 % | 92,67 % | 71,85 % |

## 4.2 Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

### Hardanger AKS AS (Storholmen VTA AS)

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 9,6 %

Hardanger AKS er ei vekst- og attføringsverksemd som tilbyr produkt og tenester utført av personar som har behov for tilrettelagt arbeid og arbeidstrening.

Verksemda sitt samfunnsoppdrag er å tilby arbeid for personar med nedsett arbeidsevne, samt tilby hjelp til personar som har utfordringar med å få seg fast arbeid. Det er om lag 70 personar som har sitt daglege arbeid i verksemda. Det er til ei kvar tid om lag 20 personar som får tilbod om kvalifisering til ordinært arbeid eller avklaring av arbeidsevne. Verksemda tilbyr også språktrening for flyktningar gjennom språkplasspraksis.

Alt overskot skal bli i verksemda og koma attføringsverksemda til gode.

Største eigar i verksemda er Kvam herad med 45,5 % av aksjane, Vestland fylkeskommune er nest største eigar med 36,4 % aksjane. Samnanger kommune eig 9,6 % av aksjane i selskapet. Kvam og Jondal NFU har også eigardelar.

Nøkkeltala viser at drifta av selskapet har vore varierande dei siste tre åra. I 2016 hadde verksemda negativ eigenkapital, gjekk i underskot og hadde negativ soliditet. I 2017 betra økonomien seg noko og verksemda fekk positive tal igjen, men i 2018 hadde verksemda igjen negativ soliditet og gjekk med underskot.

I undersøkinga går det fram at det har vore utfordringar knytt til leiinga av Hardanger AKS. Det blir vist til at Kvam herad har tatt ansvar for å handtere desse utfordringane, og at Samnanger kommune har fått god informasjon om status i dette arbeidet.

Kvam herad og Hordaland fylkeskommune gjennomførte ein selskapskontroll av verksemda i 2016, der det blir vurdert at verken eigarar, styret eller den daglege leiinga av selskapet har sørga for tilstrekkeleg styring og kontroll av selskapet. Det blir vist til at Kvam herad har sett i gong prosessar for å formalisere oppfølginga av selskapet.

**Nøkkelpunkt**

- Omdøme
- Samfunnsansvar
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane
- Delt eigarskap med private aktørar

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2018 | 2017 | 2016 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | -118 | 318 | -976 |
| Inntekter | 15 990 | 19 235 | 19 028 |
| Resultat før skatt | -436 | 389 | -428 |
| Likviditet | 0,96 | 1,37 | 0,86 |
| Soliditet | -0,81 % | 2,01 % | -5,86 % |

### Hardangervegen AS

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 0,548 %

Hardangervegen AS blei stifta i 1998 og er ein interesseorganisasjon. Organisasjonen har som føremål å arbeide aktivt for utvikling av planer for, og realisering av, ein mest mogleg kort og effektiv vegstrekning mellom Odda og Bergen via Folgefonntunnelen og Jondalstunnelen. I tillegg arbeidar selskapet for ei best mogleg kopling av vegen mot dei andre stamvegnetta både mot øst og i vest. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål.

Hardangervegen AS er eigd av fleire private aktørar og nokre kommunar. Tidlegare Odda og Jondal kommune er dei største eigarane i selskapet.

**Nøkkelpunkt**

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar

| Hardangervegen AS | | | |
|---|---|---|---|
| | Nøkkeltala viser at verksemda si økonomi har vore stabil dei siste åra. | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2018** | **2017** | **2016** |
| Eigenkapital | 146 | 141 | 137 |
| Inntekter | 35 | 34 | 31 |
| Resultat før skatt | 5 | 4 | 1 |
| Likviditet | 7,95 | 9,88 | 14,8 |
| Soliditet | 87,43 % | 89,24 % | 92,57 % |

## 4.3 Føretak, samarbeid og foreiningar

Kommunale føretak, vertskommunesamarbeid, stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon i selskap. Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon. Vi har likevel laga ei samla liste under for ulike samarbeid/interesser til kommunen:

**Ulike typar interkommunale samarbeid**:
- IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap (4.3 %)
- Felles landbrukskontor med Bjørnafjorden og Tysnes (vertskommunesamarbeid med Bjørnafjorden som vertskommune)
- Felles brannsjef med Bergen brannvesen (vertskommunesamarbeid med Bergen kommune som vertskommune)
- Samarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn (vertskommunesamarbeid med Bergen kommune som vertskommune)
- Samarbeid med kommunane Kvam, Eidfjord, Ullensvang, Ulvik, Voss og Vaksdal om kontroll med sals- og skjenkeplassar (vertskommunesamarbeid med Kvam kommune som vertskommune)
- Innkjøpssamarbeid med Bergen kommune
- Barnevernssamarbeid med Bergen kommune
- Legevaktsamarbeid med Bjørnafjorden kommune
- Kjøp av feie- og tilsynstenester frå Bergen kommune
- Veterinærsamarbeid med Fusa og Tysnes kommune
- Felles samarbeid med Bjørnafjorden kommune om kols- og diabetestenester
- Skatteoppkrevjartenester med Kvam herad
- Midthordland kompetanseregion (Samarbeid mellom kommunane Austevoll, Bjørnafjorden, Samnanger, Tysnes og Vaksdal)

**Andre**:
- Hurdalssenteret (Samnanger har ein aksjepost, senteret er eigd av Blindeforbundet)
- Bergen og omland friluftsråd
- Invest in Bergen (næringsutviklingsprogram)
- KLP eigenkapitalinnskot

# 5. Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde

Basert på analysane og funna knytt til selskapa der Samnanger kommune har eigarskap (kapittel 4), presenterer vi i dette kapittelet vurderingane av kor i Samnanger kommune si eigarskapsforvaltning det er risiko for at kommunen ikkje utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing, både overordna sett og for enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Typiske risikoområde som blir undersøkt og vurdert i ein eigarskapskontroll inkluderer system og rutinar for oppfølging av eigarskap, rutinar for val av styrerepresentantar, opplæring av styrerepresentantar og rapportering til kommunestyret.

Dersom ein gjer forvaltningsrevisjon i eit selskap (sjå kap. 4) vil ein også kunne slå denne saman med ein eigarskapskontroll, ved å legge til desse problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Dei identifiserte risikoområda/-selskapa er sett opp i uprioritert rekkjefølgje. Det er kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere val av og rekkjefølgje for eigarskapskontrollane i planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Tabellen under viser identifiserte risikoområde/-selskap knytt til kommunen si eigarskapsforvaltning. Vi tar atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert.

Tabell 8: Identifiserte risikoområder knytt til kommunen si eigarskapsforvaltning

| Område/selskap | Eigardel | Observasjonar | Risikoområde |
|---|---|---|---|
| **Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen**<br>• Eigarskapsmelding | IA | Kommunen skal etter ny kommunelov utarbeide eigarskapsmelding som vedtakast av kommunestyret minst ein gong i valperioden (§ 26-1).<br><br>Det går ikkje fram av undersøkinga at Samnanger kommune har utarbeidd eigarskapsmelding. Det går heller ikkje fram av kommunen sin planstrategi at dette er planlagt utarbeidd.<br><br>Det blir etterlyst at styrerepresentantar rapporterer eller melder tilbake til kommunestyret om gjennomførte møter i selskapa. Det blir vist til dette ikkje i det heile blir gjort per i dag.<br><br>Det blir vidare nemnt at det er lite kjennskap til kva eigarskap kommunen har og at det difor kunne ha vore føremålstenleg med ei jamleg oppdatering om eigarskap og kven som følgjer opp, til dømes i samband med årsmeldinga til kommunen. | • System og rutinar for oppfølging av eigarskap<br>• Rutinar for val av styrerepresentantar<br>• Opplæring av styrerepresentantar og<br>• Rapportering til kommunestyret |
| **Eigarskapskontroll av Hardanger AKS AS** | 9,6 % | Kommunen har eigarskap i arbeidsmarknadsbedrifta Hardanger AKS AS. | • Eigaroppfølging<br>• Økonomi og drift<br>• Oppfølging av brukarane |

| | | |
|---|---|---|
| | Undersøkinga at det har vore utfordringar knytt til leiinga av dette selskapet.<br><br>Dette er eit selskap som leverer viktige tenester til brukarar med behov for tilrettelagt arbeid. Slike selskap har ofte utfordrande driftsvilkår, og skal drive delvis i konkurranse med andre, med krav til internkontroll og HMT. Tilbodet krev også god og tett oppfølging av brukarane. | • Tilbod til brukarar<br>• Tiltak og tilbod |

# 6. Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn

## 6.1 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar

### 6.1.1 Forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda

- Forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning– 2019
- Forvaltningsrevisjon av innkjøp - 2018
- Forvaltningsrevisjon av internkontroll og organisering – 2014/2015
- Forvaltningsrevisjon av tjenestetildeling og økonomistyring innan pleie og omsorg - 2011

### 6.1.2 Forvaltningsrevisjon i selskap

- Selskapskontroll av Business Region Bergen. Utført for Hordaland Fylkeskommune og kommunane Askøy, Bergen, Samnanger, Austevoll, Fusa og Os - 2013

### 6.1.3 Eigarskapskontroll

Det har ikkje blitt gjennomført eigarskapskontroll i kommunen dei siste åra.

### 6.1.4 Andre undersøkingar/gjennomgangar bestilt av kontrollutvalet

I 2020 blir det gjennomført ein gjennomgang av eit varsel i Samnanger kommune.

- Notat om handsaming av konsesjonssak– 2017
- Gjennomgang av klage på sakshandsaming i Samnanger kommune – 2015

## 6.2 Tilsyn

Fylkesmannen har gjennomført fleire tilsyn med Samnanger kommune dei siste åra. I 2015 gjennomførte Fylkesmannen tilsyn med NAV sine sosiale tenester til personar mellom 17 og 23 år. I 2016 blei det gjennomført tilsyn med barnevern og helsestasjons- og skulehelsetenesta og psykisk helse. Same året blei det også gjennomført tilsyn av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet i kommunen. Fylkesmannen gjennomførte i 2017 tilsyn med kommunen på rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming.

Arkivverket gjennomførte tilsyn med arkivhaldet i Samnanger kommune 20.05.2019.

I 2020 er det planlagd tilsyn frå Fylkesmannen på kommunal beredskapsplikt i kommunen.

# 7. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar

På bakgrunn av dei analysar og risikovurderingar som er gjennomførte, er det identifisert fleire område som etter Deloitte si vurdering kan representere høg risiko, og kor kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar i Samnanger kommune.

Forslaget dannar grunnlag for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skissert under.

## 7.1 Forvaltningsrevisjon

### 7.1.1 Prosjekt som er kategorisert som høg risiko (raude)

Tabell 9: Raude prosjekt

| **Prosjekt** | **Tema** |
|---|---|
| • Informasjon og kundekontakt | *Retningslinjer og rutinar*<br>*Etterleving av regelverket*<br>*Informasjon til/frå kommunen*<br>*Kompetanse* |
| • Sakshandsaming og vedtaksoppfølging | *System, rutinar og retningslinjer for saksførebuing og vedtaksoppfølging*<br>*Kompetanse og kapasitet*<br>*Effektiv rapportering*<br>*Kvalitetssikring* |
| • Informasjonstryggleik og personvern | *Etterleving av regelverk*<br>*System og rutinar*<br>*IKT-samarbeid* |
| • Verksemdsstyring, organisasjonskultur og internkontroll | *Internkontrollarbeid*<br>*Rutinar og retningslinjer*<br>*Kvalitetssystem*<br>*Avvikshandsaming*<br>*Tydeleg oppgåve- og ansvarsdeling*<br>*Forbetringsarbeid*<br>*Organisasjonsutvikling* |
| • Barnevern | *Samhandling med barnevernet* |
| • Arkiv og innsyn | *Kompetanse*<br>*Kapasitet*<br>*Etterleving av regelverk*<br>*Interne rutinar og retningslinjer for arkivering* |
| • Arbeidsmiljø i barneskulen | *System og rutinar for oppfølging av arbeidsmiljøutfordringar*<br>*Etterleving av Arbeidsmiljølova* |
| • Økonomistyring i barneskulen | *System og rutinar for å sikre realistisk budsjettering*<br>*Prognosar over kostnadsutvikling*<br>*Økonomistyring* |
| • Trygt og godt skulemiljø | *Etterleving av regelverk*<br>*System og rutinar for å sikre eit trygt og godt skulemiljø* |
| • Barnevern | *Regeletterleving* |
| • Tverrfagleg samarbeid om barn og unge | *Førebyggande arbeid*<br>*Iverksetting av tiltak for barn og unge med særskilte behov*<br>*Samhandling mellom tenestene* |

| | | |
|---|---|---|
| • | Planarbeid i Samfunnsutviklingseininga | *Regeletterleving*<br>*Kapasitet*<br>*Gjennomføring av planarbeid* |
| • | Styring av investeringsprosjekt | *System og rutinar for gjennomføring av investeringsprosjekt*<br>*Framdrift- og økonomistyring*<br>*Kapasitet og kompetanse til gjennomføring av investeringsprosjekt* |
| • | Kontrakts- og leverandøroppfølging | *Etterleving av regelverk og føringar*<br>*Oppfølging av kontrakt og leverandørar* |
| • | Rus- og psykisk helsetenester | *Tiltak for å sikre tilstrekkelege teneste- og butilbod*<br>*Oppfølging av brukarar*<br>*Mål og planar*<br>*Kapasitet og kompetanse i tenesta* |
| • | Helsestasjon og skulehelseteneste | *Etterleving av regelverk og føringar*<br>*Kapasitet* |
| • | Hardanger AKS AS | *Økonomistyring*<br>*Internkontroll og HMT*<br>*Målinnfriing*<br>*Brukarmedverknad* |

### 7.1.2 Andre prosjekt (gule)

Tabell 10: Gule prosjekter

| **Prosjekt** |
|---|
| • Bemanning og sjukefråvær |
| • Innkjøp |
| • Økonomistyring og budsjettrapportering |
| • HMT |
| • Berekraft, klima, miljø og beredskap |
| • Sosiale tenester |
| • Kvalitet i grunnskulen |
| • Tilpassa opplæring og PPT |
| • Barnehage |
| • Skulefritidsordning |
| • Vatn og avløp |
| • Næringsutvikling |
| • Vedlikehald av kommunale bygg og vegar |
| • Byggesakshandsaming |
| • Heimetenester og eldreomsorg |
| • Pleie og omsorg |
| • Tenester til utviklingshemma |

## 7.2 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll kan inngå som ein del av ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå førre liste), eller den kan gjennomførast som eigne prosjekt der fokuset berre er på kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap.

Tabell 11: Aktuelle prosjekt

| Prosjekt | Tema |
|---|---|
| • Eigarskapsforvaltning (overordna) | • *System og rutinar for oppfølging av eigarskap*<br>  ○ *Eigarmelding*<br>  ○ *Eigarstrategi*<br>  ○ *Eigaroppfølging*<br>• *Rutinar for val av styrerepresentantar*<br>• *Opplæring av styrerepresentantar*<br>• *Rapportering til kommunen* |
| • Eigarskapskontroll av Hardanger AKS AS | • *System og rutinar for oppfølging av eigarskapet*<br>  ○ *Eigarmelding*<br>  ○ *Eigarstrategi*<br>  ○ *Eigaroppfølging*<br>• *Val og opplæring av styrerepresentantar*<br>• *Rapportering til kommunen*<br>• *Samhandling med kommunen sine tenester for dei same brukarane* |

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2020 Deloitte AS

Samnanger kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**
Saksframlegg

**Saknr:** 2019/97-4
**Saksbehandlar:** Einar Kåre Ulla

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Samnanger kommune | 17/20 | 19.05.2020 |

# Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 - Prosessmøte 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for eigarskapskontroll så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for eigarskapskontroll skal kontrollutvalet behandle i møte 28.09.2020 og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 07.09.2020.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å gjera greie for neste trinn i kontrollutvalet sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) som skal ligge til grunn for plan for eigarskapskontroll for denne perioden. Kontrollutvalet skal i møtet gjennomføre si endelege prioritering til plan for eigarskapskontroll. Innstilling i høve plan for eigarskapskontroll skal så handsamast i neste møte i kontrollutvalet

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 56/19 i møte 11.12.2019:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderinger av verksemda i Samnanger kommune og verksemda i kommunen sine selskap, samt utarbeide forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024.
2. Forslag til prosjektplan av november 2019, med dei endringer som kjem fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2020 og at prosessmøte 2 vert gjennomført i andre møte i kontrollutvalet i 2020
4. Det er ei målsettjing at forslag til plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 skal leggjast fram for kommunestyret i mai eller juni møtet.

Det vart gjennomført prosessmøte 1 i møte 06.03.2020 PS 5/20, der dette vart vedteke:

> Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande eigarskapskontroll så langt til orientering.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å starte opp og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtek plan for eigarskapskontroll, jf. kommunelova § 23-4.

### Vurderingar og verknader

I dette møtet har Deloitte lagt opp til å gjennomføre «Prosessmøte 2» som i den godkjende prosjektplanen vert omtala slik:

> *«Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege prioritering til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta bli ferdiggjort og lagt fram for kontrollutvalet i god tid før møtet. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert i ei risikovurdering, inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1. På bakgrunn av risikoanalysen vil det gå fram kva område det er knytt størst risiko til.*
>
> *Det er kontrollutvalet som i prosessmøtet skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område og selskap som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon, og kva eigarskap ein skal prioritere å gjere eigarskapskontroll med.»*

På bakgrunn av det som går fram over ligg analysedokument frå Deloitte ved som vedlegg – sjå saka om plan for forvaltningsrevisjon til same møte. Dette vil danne utgangspunktet for diskusjonen i prosessmøte 2 som vert leia av Deloitte.

Det er både naturleg og praktisk at dette prosessmøtet vert gjennomført rett etter og/eller parallelt med arbeidet som skal gjennomførast innan analyse og plan for selskapskontroll, jf. anna sak til dette møtet.

### Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte 2, tek forslag til prioritering av plan for eigarskapskontroll så langt til orientering. Sak om endeleg forslag til plan for eigarskapskontroll skal kontrollutvalet behandle i møte 28.09.2020.

Samnanger kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**
Saksframlegg

**Saknr:** 2019/98-3
**Saksbehandlar:** Einar Kåre Ulla

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Samnanger kommune | 18/20 | 19.05.2020 |

# Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig. Då kan utvalet halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av disse

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Samnanger kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

| Politisk organ: | Kontrollutvalsmedlem: |
|---|---|
| Kommunestyret | Arild Røen |
| Formannskapet | Terje Hoseth Næss |
| Naturutvalet | Svein Verner Røseth |
| Arbeidsmiljøutvalet | Anne Gerd Tandstad |
| Administrasjonsutvalet | Silvana Amaral Da Silva |

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. Kommuneloven § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som kan vera aktuell for gjennomgang:
- Kommunestyret 05.03 og 30.04
- Formannskapet 16.04
- Naturutvalet 21.04
- Arbeidsmiljøutvalet
- Administrasjonsutvalet

### Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går frem av saksutgreiinga over til orientering.

Samnanger kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**
Saksframlegg

**Saknr:** 2020/79-3
**Saksbehandlar:** Einar Kåre Ulla

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Samnanger kommune | 19/20 | 19.05.2020 |

# Eventuelt

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 06.03.2020 i PS 8/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

### Konklusjon

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

## Referatsaker

## RS 7/20 20/4322 Melding om vedtak - Val av revisor for Samnanger kommune

**Fra:** Marianne Soleng (marianne.soleng@samnanger.kommune.no)
**Sendt:** 12.05.2020 09:20:25
**Til:** Einar Ulla
**Kopi:**

**Emne:** 20/4322 Melding om vedtak - Val av revisor for Samnanger kommune
**Vedlegg:** Melding om vedtak - Val av revisor for Samnanger kommune .pdf
Sjå vedlagte saksdokument.

**SAMNANGER KOMMUNE**
**Servicesenteret**

Kontrollutvalet i Samnanger ved sekretær
Einar Kåre Ulla

| **Vår referanse:** | **Arkivkode:** | **Dykkar referanse:** | **Dato:** |
|---|---|---|---|
| 20/222/20/4322/29/MS | FE-033, TI-&17 | | 12.05.2020 |

**Melding om vedtak - Val av revisor for Samnanger kommune**

Kommunestyret- 022/2020, har i møte 30.04.2020 fatta følgjande vedtak:

Kommunestyret i Samnanger kommune vel BDO AS som revisor frå 01.07.2020 til 30.06.2024.

Med helsing

Marianne Soleng
avdelingsleiar servicesenteret

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*

Adresseliste:
Kontrollutvalet i Samnanger ved sekretær

| **Adresse:** | **Kontakt** | **Sakshandsamar** | **Kontonr.** |
|---|---|---|---|
| Tyssevegen 217,<br>5650 Tysse | Tlf:<br>postmottak@samnanger.kommune.no<br>www.samnanger.kommune.no | Direktetelefon: 56 58 74 07<br>E-post:<br>marianne.soleng@samnanger.kommune.no | 3562 07 00035<br>**Foretaksnr.**:<br>NO 964 968 985 |

**Fra:** Marianne Soleng (marianne.soleng@samnanger.kommune.no)
**Sendt:** 12.05.2020 09:31:13
**Til:** Einar Ulla
**Kopi:**

**Emne:** 20/4323 Melding om vedtak - Årsmelding for kontrollutvalet 2019
**Vedlegg:** Melding om vedtak - Årsmelding for kontrollutvalet 2019 .pdf
Sjå vedlagte saksdokument.

**SAMNANGER KOMMUNE**
**Servicesenteret**

Kontrollutvalet i Samnanger ved sekretær
Einar Kåre Ulla

| **Vår referanse:** | **Arkivkode:** | **Dykkar referanse:** | **Dato:** |
|---|---|---|---|
| 20/222/20/4323/29/MS | FE-033, TI-&17 | | 12.05.2020 |

**Melding om vedtak - Årsmelding for kontrollutvalet 2019**

Kommunestyret- 021/2020, har i møte 30.04.2020 fatta følgjande vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet 2019.

Med helsing

Marianne Soleng
avdelingsleiar servicesenteret

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*

Adresseliste:
Kontrollutvalet i Samnanger ved sekretær

| **Adresse:** | **Kontakt** | **Sakshandsamar** | **Kontonr.** |
|---|---|---|---|
| Tyssevegen 217,<br>5650 Tysse | Tlf:<br>postmottak@samnanger.kommune.no<br>www.samnanger.kommune.no | Direktetelefon: 56 58 74 07<br>E-post:<br>marianne.soleng@samnanger.kommune.no | 3562 07 00035<br>**Foretaksnr.**:<br>NO 964 968 985 |

**Fra:** Marianne Soleng (marianne.soleng@samnanger.kommune.no)
**Sendt:** 12.05.2020 09:39:55
**Til:** Einar Ulla
**Kopi:**

**Emne:** 20/4324 Melding om vedtak - Varsel om arbeidstilhøva i Samnanger kommune
**Vedlegg:** Melding om vedtak - Varsel om arbeidstilhøva i Samnanger kommune .pdf
Sjå vedlagte saksdokument.

**SAMNANGER KOMMUNE**
**Servicesenteret**

Kontrollutvalet i Samnanger ved sekretær
Einar Kåre Ulla

| **Vår referanse:** | **Arkivkode:** | **Dykkar referanse:** | **Dato:** |
| --- | --- | --- | --- |
| 20/222/20/4324/29/MS | FE-033, TI-&17 | | 12.05.2020 |

**Melding om vedtak - Varsel om arbeidstilhøva i Samnanger kommune**

Kommunestyret- 023/2020, har i møte 30.04.2020 fatta følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek statusrapporten frå Deloitte til orientering.
2. Kommunestyret gir tilleggsløyving på kr. 200.000,- for å få dekka kostnadane ved revisjon av varselet.

Med helsing

Marianne Soleng
avdelingsleiar servicesenteret

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*

Kopi til:
Økonomikontoret

Adresseliste:
Kontrollutvalet i Samnanger ved sekretær

| **Adresse:** | **Kontakt** | **Sakshandsamar** | **Kontonr.** |
| --- | --- | --- | --- |
| Tyssevegen 217, 5650 Tysse | Tlf: postmottak@samnanger.kommune.no www.samnanger.kommune.no | Direktetelefon: 56 58 74 07 E-post: marianne.soleng@samnanger.kommune.no | 3562 07 00035 **Foretaksnr.**: NO 964 968 985 |

**Fra:** Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt@fkt.no)
**Sendt:** 04.05.2020 10:44:53
**Til:** Forum for Kontroll og Tilsyn
**Kopi:**

**Emne:** FKT - medlemsinformasjon mai 2020
**Vedlegg:** FKT_prot_200428.pdf
**Til FKTs medlemmer**

*Covid-19 viruset og innvirkning på vårens kurs og konferanser*
Covid-19 viruset har preget oss alle denne våren. For FKT er konsekvensen avlyste kurs, konferanser og andre arrangementer:
Noter dere allerede nå dato for arrangementene til neste år.

- Sekretariatskonferansen 24.-25. mars er avlyst. **Neste sekretariatskonferanse er 16.-17. mars 2021 på Lillestrøm**
- Kontrollutvalgslederskolen 21.-22. april er avlyst. **Vi vurderer utsettelse av kontrollutvalgslederskolen til høsten**. Vi vil holde dere oppdatert.
- Fagkonferansen 3.- 4. juni er avlyst. **Neste fagkonferanse er 1.-2. juni 2021 i Ålesund**
- Arrangement under Arendalsuka 11. august er avlyst

*Faglig påfyll*
*Artikler og rapporter:*
Vi ønsker å holde våre medlemmer faglig oppdatert til tross for avlyste arrangement. Når vi ikke kan møtes for å dele erfaringer og kunnskap, er det ikke så dumt å skrive.
- Her kan dere lese en evaluering av valget av kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg
- Her kan du lese om hvorfor kontroll og tilsyn er blitt så viktig i offentlig styring

*Nylige høringssvar fra FKT:*
FKT har avgitt høringssvar til NKRF på forslag til revidert standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og ny standard for eierskapskontroll (RSK 002)
- Du kan lese vårt høringssvar her

*Nylige svar fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet på henvendelser fra medlemmer:*
- NAV-ansatte i kontrollutvalget – valgbarhet og habilitet

*Årsmøtet 2020*
Det vil avholdes **digitalt årsmøte 3. juni kl. 16.30**. Kontrollutvalgslederne og lederne for sekretariatene vil motta innkalling på e-post senest 14. dag før. De vil også motta informasjon om praktiske forhold ved selve møtet.
- Du kan lese mer om årsmøtet her

*Styret*
Styret har bestemt at møtene skal avholdes digitalt ut året som et sparetiltak for å dekke tapte inntekter fra kurs og konferanser.
Protokollen fra styremøte 28. april er lagt ut på medlemssiden (krever pålogging). Du finner den også vedlagt denne e-posten.
På årsmøtet 3. juni vil nytt styre bli valgt. Fire av seks faste medlemmer i dagens styre er på valg.

*Nye medlemmer*
Fra årsskiftet og fram til nå har vi rekruttert 22 nye medlemmer. Velkommen tilbake til de nye kommunene som har meldt seg inn igjen etter kommunereformen. Spesielt velkommen ønsker vi helt nye medlemmer. Vi satser på å fortsette rekrutteringen utover året.

Bruk hjemmesiden vår! www.fkt.no Følg oss også på twitter og facebook De av dere som ønsker tilgang til medlemssidene kan sende en e-post til fkt@fkt.no for å få tildelt passord. Dette gjelder alle utvalgsmedlemmer. Send oss gjerne en e-post hvis du har noen gode tips eller hvis det er noe du lurer på.

Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær

FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post:fkt@fkt.no | Tlf.:41471166

| www.fkt.no | www.twitter.com/@FKT_no www.facebook.com/FKT.no/

**FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat**

# MØTEPROTOKOLL

| | |
|---|---|
| **Møte:** | Styremøte |
| **Tid:** | 28. april 2020 \| kl. 10.00 - 13.00 |
| **Sted:** | Teamsmøte |
| **Deltakere fra styret:** | Einar Ulla, Ivar Mork, Dag Robertsen, Liv Tronstad, Marit Gilleberg og Kjell Tore Wirum (vara) |
| **Andre som møtte:** | Anne-Karin Femanger Pettersen |
| **Forfall:** | Benedikte Muruvik Vonen |
| **Møteleder:** | Dag Robertsen |

## Saksliste:

| Saknr. | Saker: |
|---|---|
| SS 32/20 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| SS 3320 | Godkjenning av protokoll fra styremøtet 23. mars 2020 |
| SS 34/20 | Koronasituasjonen – status for kurs og konferanser |
| SS 35/20 | Økonomirapport 1.kvartal 2020 |
| SS 36/20 | Handlingsplan 2020-2021 (innstilling til årsmøtet) |
| SS 37/20 | Fastsetting av kontingent 2021 (innstilling til årsmøtet) |
| SS 38/20 | Budsjett 2021 (innstilling til årsmøtet) |
| SS 39/20 | Innkomne saker til årsmøtet (fra medlemmene) |
| SS 40/20 | Valgkomiteens forslag til styre (innstilling til årsmøtet) |
| SS 41/20 | Styrets forslag til valgkomite (innstilling til årsmøtet) |
| SS 42/20 | Styrets forslag til revisor (innstilling til årsmøtet) |
| SS 43/20 | Årsmøtet 2020 – diverse saksforberedelse mm. |
| SS 44/20 | Høringssvar til NKRF - RSK 001 (standard FR) og RSK 002 (standard eierskapskontroll) |
| SS 45/20 | Tid og sted for fagkonferansen 2023 |
| **SS 46/20** | **Referatsaker:** |
| RS 11/20 | *Status - Henvendelser til KMD ang. div saker* |
| RS 12/20 | *Internrapport - Valg av kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg* |
| **SS 46/20** | **Eventuelt** |

**Sekretariat:**
FKT
Postboks 41 Sentrum
0101 Oslo
fkt@fkt.no

Telefon
41471166

www.fkt.no
Twitter: @FKT_no
Bank: 0539 43 90447
Org. nr. 989 545 159

## SS 32/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

**Behandling i møte:**
Det var ikke merknader til sakslisten.

**Vedtak:**

Innkalling og saksliste ble godkjent.

## SS 33/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA STYREMØTET 23. mars 2020

**Behandling i møte:**
Det var ingen merknader til protokollen fra styremøtet 23. mars 2020.

**Vedtak:**

Protokollen fra styremøtet 28. mars 2020 ble godkjent.

## SS 34/20 KORONASITUASJONEN – STATUS FOR KURS OG KONFERANSER.

**Behandling i møte:**
Styret diskuterte ulike handlingsalternativer framover for kurs og konferanser

**Vedtak:**

Styret tar informasjon om situasjonen til etterretning og gjør følgende endringer i kurs- og konferanseplanen for 2020.

1. Det gjennomføres ikke sekretariatskonferanse i 2020. Neste sekretariatskonferanse arrangeres 16. 17. mars 2021.

2. Kontrollutvalgslederskolen som var planlagt 21.-22. april 2020, vurderes å arrangeres i oktober/november 2020.

3. Fagkonferansen som var planlagt 3.-4. juni 2020, avlyses.

## SS 35/20 ØKONOMIRAPPORT 1. KVARTAL 2020

**Behandling i møte:**
Styret gjennomgikk økonomirapporten.

**Vedtak:**

Styret tar økonomirapport 1. kvartal 2020, til orientering.

## SS 36/20 HANDLINGSPLANEN 2020-2021

**Behandling i møte:**
Styret diskuterte utkast til forslag til Handlingsplan for 2020-2021 og ble enige om noen endringer.

**Vedtak:**

Styret har behandlet handlingsplan for 2020-2021. Styret vedtok følgende innstilling til årsmøtet:

• Årsmøtet 2020 fastsetter FKTs handlingsplan for 2020-2021.

## SS 37/20 FASTSETTING AV KONTINGENT 2021

**Behandling i møte:**
Styret ble enige i om å ikke øke kontingentsatsene for 2021

**Vedtak:**

Styret har behandlet kontingent for 2021 og vedtatt at satsene ikke økes. Styret vedtok følgende innstilling til årsmøtet:

• Årsmøtet 2020 fastsetter følgende medlemskontingentsatser for 2021:

| | |
|---|---|
| Kommune 0 - 5 000 innb. | 3 500 |
| Kommuner 5 001 - 10 000 innb. | 7 000 |
| Kommuner 10 001 – 20 000 innb. | 9 000 |
| Kommuner 20 001 - 50 000 innb. | 12 000 |
| Kommuner med mer enn 50 000 innb. | 15 000 |
| Fylkeskommuner | 15 000 |
| Sekretariater | 9 000 |

## SS 38/20 BUDSJETT 2021

**Behandling i møte:**
Styret diskuterte utkast til budsjettforslag 2021 og ble enige om noen endringer.

**Vedtak:**

Styret behandlet årsbudsjett for 2021. Styret vedtok følgende innstilling til årsmøtet:

• Årsmøtet 2020 fastsetter FKTs årsbudsjett for 2021.

## SS 39/20 INNKOMNE FORSLAG TIL ÅRSMØTET

**Behandling i møte:**
Det er ikke kommet forslag til saker eller vedtaksendringer.

**Vedtak:**

Styret tar til orientering at det ikke er kommet forslag til saker eller vedtektsendringer fra medlemmene.

## SS 40/20 VALGKOMITÉENS FORSLAG TIL ÅRSMØTET (VALG AV NYTT STYRE)

**Behandling i møte:**
Valgkomiteen innstilling ble gjennomgått.

**Vedtak:**

Styret tar valgkomiteens forslag til orientering.

## SS 41/20 STYRETS FORSLAG TIL VALGKOMITÉ

**Behandling i møte:**
Styret ble enige om å sende forespørsel til flere aktuelle kandidater.

**Vedtak:**

Endelig vedtak om innstilling til valgkomité fra styret tas via e-post i god tid før sakspapirene til årsmøtet skal sendes ut.

## SS 42/20 STYRETS FORSLAG TIL REVISOR

**Behandling i møte:**
Styret foreslår Bjørn Gulbrandsen som revisor.

**Vedtak:**

Styrets innstilling til årsmøtet 2020:

Valg av revisor (ett år):
• Bjørn Gulbrandsen, rådgiver Østfold kontrollutvalgssekretariat

## SS 43/20 ÅRSMØTET 2020 – DIVERSE SAKSFORBEREDELSE MM

**Behandling i møte:**
Styret diskuterte gjennomføring av elektronisk årsmøte 3. juni

**Vedtak:**

1. FKT avholder elektronisk årsmøte 3. juni kl. 16.30
2. Styreleder Benedikte Muruvik Vonen foreslås til møtedirigent
3. Styremedlem Liv Tronstad og generalsekretær Anne-Karin Femanger Pettersen foreslås til å skrive protokoll
4. Styret gir styreleder fullmakt til å foreslå kandidater som kan underskrive protokollen

## SS 44/20 HØRINGSSVAR TIL NKRF – RSK 001 OG RSK 002

**Behandling i møte:**
Styret diskuterte forslaget til høringssvar og ble enige om noen endringer.

**Vedtak:**

Styret gir høringssvar som avtalt i møtet.

## SS 45/20 STATUS PLANLEGGING - FAGKONFERANSEN 2023, TID, STED/HOTELL

**Behandling i møte:**
Styret diskuterte alternative tidspunkt og steder for å arrangere fagkonferansen i 2023

**Vedtak:**

Fagkonferansen i 2023 legges til Trondheim i uke 22, eventuelt uke 23.

## SS 46/20 REFERATSAKER

**Behandling i møte:**
Generalsekretæren orienterte om brev til KMD sendt 18.mars ang. evt. økonomisk kompensasjon angående tap i fm koronapandemien.

I tillegg ble følgende referatsaker tatt til orientering.

| | |
|---|---|
| RS 11/20 | *Status - Henvendelser til KMD ang. div saker* |
| RS 12/20 | *Internrapport - Valg av kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg* |

## SS 47/20 EVENTUELT

Det var ingen saker under «Eventuelt»

28. april 2020

Dag Robertsen
nestleder

Anne-Karin Femanger Pettersen
generalsekretær